

# Temporalitet i morsmål, målspråk og mellomspråk

Av  
Maria Elisabeth Moskvil



Hovudfagsavhandling ved Nordisk institutt  
Universitetet i Bergen  
Hausten 2004

## Forord

Norsk som andrespråk er eit spennande fagfelt, og eg er privilegert som har fått studere dette emnet i over to år her ved Nordisk institutt. Det har vore spesielt interessant å få vere med i prosjektet ”godt nok norsk?”, eit delprosjekt innan paraplyprosjektet *Den nye norsken*. No i avslutninga av arbeidet med avhandlinga mi vil eg rette ein stor takk til mange flotte personar som har gjeve meg uvurderleg støtte undervegs.

Fyrst og fremst vil eg takke Kari Tenfjord som har vore rettleiaren min. Ho har ført meg framover i tanke- og skriveprosessen, sett samanhengar eg ikkje har sett og heile tida skapt engasjement rundt faget vårt og det eg har skrive om. Tusen takk! Eg er også veldig takknemleg til Ingvild Nistov som har vore min gode siderettleiar. Tusen takk for lærerike samtalar både om tyrkisk og oppgåva elles! Jon Erik Hagen og Lars Anders Kulbrandstad har på ein glitrande måte delt sin kunnskap om andrespråksforskning med oss hovudfagsstudentar. Takk for det!

Ein stor takk går også til Aasne Vikøy, Sofie Emilie Holmen, Katrin Saarik og Ann Kristin Helland som eg har vore så heldig å fått samarbeide med frå fyrste stund i hovudfagsstudiet. For oppmuntring, god hjelp og konstruktiv kritikk vil eg takke Henriette Siljan, Astrid Faugstad, Randi Høyland, Catrine Bleikli og Bodil Bjaanes. Og for ikkje å gløyme resten av gjengen innanfor og utanfor lesesalsdørene – Tusen takk for gode venskap!

Åshild og Ove Johan Kopperstad + 4 snille søsken skal ha ein stor takk for at de er der for meg. Og sist men ikkje minst vil eg takke min kjære Jan Øyvind for all oppmuntring og omtanke i skriveprosessen.

<b>1.0 INNLEIING .....</b>	<b>5</b>
1.1 TEMA OG BAKGRUNN.....	5
1.2 PROBLEMSTILLING.....	5
1.3 DISPOSISJON OG INNHOLD .....	6
<b>2.0 TEORETISK RAMME.....</b>	<b>8</b>
2.1 MELLOMSPRÅKSTEORI .....	8
2.1.1 Mellomspråksteoretikarane Selinker, Adjemian og Tarone .....	8
2.1.2 Morsmålet si rolle .....	11
2.1.2.1 Definisjonar .....	11
2.1.3 Samanlikning av morsmål og målspråk .....	13
2.1.4 Ein funksjonell språktileigningshypotese .....	15
2.1.4.1 Ei bearbeiding av to andrespråksmodellar .....	17
2.2 TEORI OM TEMPORALITET.....	18
2.2.1 Generelt om temporalitet .....	18
2.2.1.1 Tempus .....	19
2.2.1.2 Aspekt.....	19
2.2.1.3 Modalitet.....	20
2.2.2 Bhat sin teori om tempus, aspekt og modalitet.....	21
2.2.3 Translatørgrammatikk.....	23
2.2.4 Andrespråksforskning om temporalitet .....	24
<b>3.0 TEMPORALITET I TYRKISK OG NORSK.....</b>	<b>26</b>
3.1 INNLEIING.....	26
3.2 TEMPORALITET I TYRKISK .....	26
3.2.1 Generelt.....	26
3.2.2 Verbsystemet i tyrkisk.....	27
3.2.3 Fortidsformer i tyrkisk .....	28
3.2.3.1 DI-fortid.....	30
3.2.3.2 MİŞ-fortid.....	30
3.2.3.3 Forskjellen mellom DI-fortid og mış-fortid .....	32
3.2.3.4 Oppsummering.....	34
3.3 TEMPORALITET I NORSK .....	34
3.3.1 Generelt.....	34
3.3.2 Preteritum .....	35
3.3.3 Perfektum .....	37
3.3.4 Oppsummering.....	40
3.4 TYRKISK OG NORSK .....	40
<b>4.0 METODE .....</b>	<b>45</b>
4.1 INNLEIING.....	45
4.2 PRESENTASJON AV INFORMANTANE OG MATERIALET .....	45
4.2.1 Informantane.....	45
4.2.2 Materiale.....	47
4.2.2.1 Samanheng mellom oppgaveformulering og tempusbruk.....	48
4.3 AVGRENSING AV STUDIEN .....	49
4.4 KONTROLLGRUPPE .....	52
4.5 KVANTITATIV OG KVALITATIV METODE .....	53
4.6 EI HERMENEUTISK TILNÆRMING.....	55
<b>5.0 ANALYSE .....</b>	<b>58</b>
5.1 INNLEIING.....	58
5.2 ANALYSEGANNG.....	61
5.2.1 Transkripsjon .....	61
5.2.2 Anonymisering.....	62
5.2.3 Rekonstruksjon.....	62
5.2.4 Analyseeining.....	63
5.2.5 Koding av temporale kontekstar.....	64
5.2.6 Identifisering av preteritums- og perfektumskontekstar.....	67
5.2.6.1 Identifisering av preteritumskontekstar.....	67
5.2.6.2 Identifisering av "perfektumskontekstar" .....	69
5.2.7 Reliabilitetskontroll.....	70

5.3 ANALYSERESULTAT PÅ GRUPPENIVÅ.....	71
5.3.1 Fordeling av temporale kontekstar hjå TB-gruppa.....	71
5.3.2 Forholdet mellom korrekt og ukorrekt markering.....	72
5.3.3 Feildistribusjon .....	72
5.3.4 Samanlikning av TB-gruppa og VB-gruppa.....	75
5.3.4.1 Ein illustrasjon .....	75
5.3.4.2 Kvantitativ samanlikning .....	77
5.3.4.3 Ei kvantitativ delundersøking .....	79
5.3.5 Samanlikning av TB-gruppa og TIB-gruppa.....	81
5.3.6 Temporale kontekstar som medfører problem for TB-gruppa.....	81
5.4 ANALYSERESULTAT PÅ INDIVIDNIVÅ.....	84
5.4.1 Fordeling av temporale kontekstar på individnivå.....	84
5.4.2 Samanheng mellom oppgåveformulering og tempusbruk .....	85
5.4.2.1 Tempusbruk i tekstgruppe 1.....	86
5.4.2.2 Tempusbruk i tekstgruppe 2.....	87
5.4.2.3 Tempusbruk i tekstgruppe 3.....	87
5.4.3 Feildistribusjon på individnivå .....	89
5.4.4 Nærlesing .....	92
5.4.4.1 Nærlesing av informanttekst 2GB.....	92
5.4.4.2 Nærlesing av informanttekst 19B.....	94
5.4.4.3 Nærlesing av informanttekst 24B.....	94
5.4.4.4 Nærlesing av informant 27B.....	95
<b>6.0 OPPSUMMERING OG DRØFTING AV ANALYSEN .....</b>	<b>97</b>
6.1 INNLEIING.....	97
6.2 OPPSUMMERING OG DRØFTING AV HYPOTEBEN OG FORSKINGSSPØRSMÅL 1 .....	97
6.2.1 Funn på gruppe- og individnivå.....	97
6.2.2 Teoretiske implikasjonar.....	99
6.3 OPPSUMMERING OG DRØFTING AV FORSKINGSSPØRSMÅL 2 .....	100
6.3.1 Funn på gruppenivå .....	100
6.3.2 Teoretiske implikasjonar.....	100
6.4 OPPSUMMERING AV FORSKINGSSPØRSMÅL 3 .....	102
6.4.1 Funn på gruppenivå.....	102
6.5 EI DRØFTING AV MORSMÅLET SI ROLLE .....	103
<b>7.0 AVSLUTNING.....</b>	<b>106</b>
<b>LITTERATURLISTE.....</b>	<b>108</b>
<b>APPENDIKS .....</b>	<b>112</b>

## Tabellar

Tabell 1 Eit vanskehierarki ved andrespråkslæring. Basert på Stockwell, Bowen & Martin (1965) .....	14
Tabell 2 Samanlikning av grammatiske uttrykk for fortidsreferanse og perfektumsinnhald.....	43
Tabell 3 Verbformer i tyrkisk som kan uttrykkje ulikt perfektumsinnhald. ....	43
Tabell 4 Karakteroversyn. ....	46
Tabell 5 Tre tekstgrupper. ....	49
Tabell 6 Kategoriar for ukorrekt og korrekt markerte temporale kontekstar. ....	65
Tabell 7 Fordeling av temporale kontekstar i TB-gruppa. ....	72
Tabell 8 Grammatisk markerte, umarkerte og feilmarkerte temporale kontekstar i TB-gruppa.....	72
Tabell 9 Førekomst av grammatisk markerte, umarkerte og feilmarkerte temporale kontekstar. ....	73
Tabell 10 Feilkvote for Fperf/pret og Fpret/perf.....	74
Tabell 11 Kollektiv feilkvote. ....	74
Tabell 12 Prosentvis fordeling av temporale kontekstar i TB-gruppa og VB-gruppa. ....	77
Tabell 13 Grammatisk markerte, umarkerte og feilmarkerte temporale kontekstar hjå VB-gruppa.....	77
Tabell 14 Feilkvoten for Fperf/pret og Fpret/perf i TB-gruppa og VB-gruppa. ....	78
Tabell 15 Kollektiv feilkvote hjå TB- og VB-gruppa. ....	78
Tabell 16 Feiltypar i Kpret og Kperf hjå TB-gruppa og VB-gruppa. ....	79
Tabell 17 Grammatisk markering av Kpret og Kperf. ....	80
Tabell 18 Feilkvote i TB-utval og VB-utval. ....	80
Tabell 19 Grammatisk markering av Kpret og Kperf i TB-gruppa og TIB-gruppa.....	81
Tabell 20 Feilkvote i TB-gruppa og TIB-gruppa. ....	81
Tabell 21 Feilkvoten for Fperf/pret i dei tre typane preteritumskontekstar. ....	82
Tabell 22 Feilkvoten for Fpret/perf i kontekstar med ulikt perfektumsinnhald. ....	83
Tabell 23 Talet på grammatisk markerte Kpret og Kperf hjå informantane i tekstgruppe 1. ....	86
Tabell 24 Talet på grammatisk markerte Kpret og Kperf hjå informantane i tekstgruppe 2. ....	87
Tabell 25 Talet på grammatisk markerte Kpret og Kperf hjå informantane i tekstgruppe 3. ....	87
Tabell 26 Gjennomsnittleg førekomst av Kpret og Kperf i dei tre tekstgruppene. ....	88
Tabell 27 Oversyn over individuelle feilkvotar. ....	91
Tabell 28 Gjennomsnittleg feilkvote for dei tre tekstgruppene.....	92

## Figurar

Figur 1 Vanskekontinuum for andrespråkstileigning basert på eit funksjonelt språksyn (Lund 1997:322).....	17
Figur 2 Ei bearbeiding av Lund sitt vanskekontinuum. ....	18
Figur 3 Tyrkiske former i kontekstar der vi på norsk brukar preteritum. ....	41
Figur 4 Tyrkiske former i kontekstar der vi i norsk brukar perfektum. ....	42
Figur 5 To eksempel på ”splitting” .....	42
Figur 6 Fordeling av preteritums- og perfektumskontekstar på individnivå.....	84
Figur 7 Grammatisk markering av Kpret og Kperf på individnivå.....	84
Figur 8 Talet på Fperf/pret og Fpret/perf på individnivå. ....	90

# 1.0 Innleiing

## 1.1 Tema og bakgrunn

Hovudtemaet i denne avhandlinga er temporalitet. *Temporalitet* er eit vidt omgrep som omfattar all grammatisk og leksikalsk markering av tidsforhold, aspektualitet og modalitet. I tillegg til interessa for temporalitet generelt har eg også ynskt å undersøke grammatikalisering av fortidsreferanse og perfektumsinnhald, og studieobjektet mitt er morsmålet, målspråket og mellomspråket til tyrkiske norskinnlærarar. Eit grunnleggjande aksiom for denne avhandlinga er at morsmålet kan påverke språkbruken til personar som er iferd med å lære seg eit andrespråk.

Då eg tok til med hovudfagsavhandlinga hausten 2002 hadde eg eigentleg bestemt meg for å studere språkbruken til anten hebraiske eller greske norskinnlærarar. Tidlegare studier i gresk og hebraisk gjorde at eg hadde ein viss kjennskap til uttrykk for temporalitet i desse språka. Det viste seg å vere vanskeleg å skaffe eit stort nok materiale frå desse innlærarargruppene og eg bestemte meg difor for å undersøke språkbruken til tyrkiske norskinnlærarar.

## 1.2 Problemstilling

I studiet av tyrkisk la eg tidleg merke til at fortidsreferanse og perfektumsinnhald vert uttrykt på ein heilt annan måte i tyrkisk enn i norsk. Sidan eg fokuserer på morsmålet si rolle i andrespråklæring har eg ynskt å undersøke om innlærarane overfører temporale form- og funksjonsforhold frå morsmålet til mellomspråket. Ein av dei fyrste konkrete ideane til temaet i denne avhandlinga fekk eg frå Brendemoen (1990) sin kontrastive artikkel om tyrkisk i artikkelsamlinga *Med to språk*. Her kommenterer han at distinksjonen vi har i norsk mellom kategorien preteritum og perfektum ikkje finst på tyrkisk. Det han kallar tyrkisk "perfektum" kan både tilsvare preteritum og perfektum i norsk. I tillegg skriv Brendemoen at det er svært vanskeleg å forklare tyrkarar korleis dette punktet fungerer på norsk (Brendemoen 1990:177). Etter å ha gått djupare inn i det kontrastive tilhøvet mellom tyrkisk og norsk meiner eg det er grunnlag for å gå til materialet med fylgjande hypotese:

*Norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål vil ikkje ha ein målspråkslik distribusjon av preteritumsformer og presensperfektumsformer. Ein vil finne preteritumsformer i presensperfektumskontekstar og presensperfektumsformer i preteritumskontekstar.*

I forlenginga av hypotesen har eg formulert tre forskingsspørsmål som utdjuar kva eg forventer å finne i mellomspråket. Desse vil eg gjere greie for i teoridelen. Korleis eg reint metodisk vil gå fram for å undersøke hypotesen vil bli drøfta utførleg i metode- og analysedelen. For å kunne undersøke hypotesen og forskingsspørsmåla har eg hatt mellomspråksproduksjon som materiale. Eg har fått tilgang til dataa gjennom Norsk språktest, og materialet består av skriftlege tekstar frå tyrkiske norskinnlærarar som har tatt *Språkprøven i norsk for voksne innvandrere*.

### **1.3 Disposisjon og innhald**

Eg har valt å dele avhandlinga inn i 7 kapittel, og dette er hovudinnhaldet i desse: I *kapittel 2* definerer eg studieobjektet og presenterer eit utsnitt av mellomspråksteorien. Her har eg samanlikna tre forskjellige syn på innlærarspråk (Selinker, Adjemian og Tarone). Som teorigrunnlag vil eg vidare presentere eit utsnitt av diskusjonen om morsmålet si rolle i andrespråkslæring. Fordi avhandlinga har fokus på eit eventuelt problemfelt for tyrkiske norskinnlærarar, vil eg presentere to modellar som begge predikerer vanskar i andrespråkslæring. Stockwell, Bowen og Martin sitt vanskehierarki (1965) legg til rette for samanlikning av morsmål og målspråk, og produktet av denne modellen er prediksjonar om kva som vil medføre vanskar i andrespråkslæring. Lund sitt vanskekoutinuum (1997) er i større grad sentrert rundt målspråket som forklaring på kva som vil vere vanskeleg å lære. I andre del av *kapittel 2* vil teori om temporalitet stå sentralt. Der vil Bhat sin språktypologi for temporale kategoriar verte presentert. I tillegg vil eg kort presentere tidlegare andrespråksforskning om temporalitet.

*Kapittel 3* er fyrst og fremst ei utgreiing om temporalitet i tyrkisk og norsk. I denne presentasjonen vil eg vektleggje grammatiske kategoriar som uttrykkjer fortidsreferanse og perfektumsinnhald. I presentasjonen av grammatiske kategoriar har eg prøvd å fokusere på at temporale kategoriar ikkje nødvendigvis er så klare og transparente som ein kan få inntrykk av i somme framstillingar. Den deskriptive

framstillinga av tyrkisk og norsk vil så munne ut i ei samanlikning av forholdet mellom morsmålet til innlærarane, tyrkisk, og det språket dei er iferd med å lære, norsk. Resultatet av den kontrastive framstillinga i kapittel 3 er ei konkret forventning om korleis mellomspråket vil sjå ut på eit avgrensa felt. I *kapittel 4* presenterer eg sentrale metodiske refleksjonar i forhold til undersøkinga mi. Informantar og materiale vil bli presentert, og bruken av kontrollgruppe vil bli drøfta. Noko av det viktigaste i metodekapitlet vil vere å gjere greie for det hermeneutiske tolkningsgrunnlaget som ligg til grunn for både kvantitativ og kvalitativ mellomspråksanalyse. *Kapittel 5* er analysekapitlet. Her gjer eg greie for datahandsaminga, kategoriar eg har nytta, og identifiseringa av desse. Eg viser også kva eg har gjort for å auke reliabiliteten av datahandsaminga mi. Vidare presenterer eg analyseresultat både på gruppe- og individnivå. I *kapittel 6* oppsummerar og drøftar eg analyseresultata. Dei viktigaste funna vil verte drøfta i høve til teorien eg har lagt til grunn, og i tillegg vil eg samanlikne nokre av funna med tidlegare studier. *Kapittel 7* er ei kort avslutning på avhandlinga.

## 2.0 Teoretisk ramme

### 2.1 Mellomspråksteori

#### 2.1.1 Mellomspråksteoretikarane Selinker, Adjemian og Tarone

Termen *mellomspråk* vart introdusert av Selinker (1969, 1972) og refererer til "the interim grammars constructed by second-language learners on their way to the target language" (Mc Laughlin 1987:60). Selinker har argumentert for at mellomspråksdata er dei einaste dataa som er moglege å å observere og relatere teoretiske prediksjonar til for andrespråksforskarar. Det er her forskarar bør rette den analytiske merksemda, meiner han (Gass 1994: 304). Det ideelle målet for mellomspråksutvikling er eit målspråkslikt språkssystem (dvs. eit språk som er mest mogleg i samsvar med til dømes norsk). McLaughlin meiner at termen *mellomspråk* vert forstått på to måtar:

- 1) the learner's system *at a single point in time*
- 2) the range of interlocking systems that characterizes the development of learners *over time* (McLaughlin 1987:60, hans utheving)

I forhold til mitt eige prosjekt, er den fyrste forståinga mest relevant (sjå 4.3.1). Dei dataa eg har til rådighet gjer at eg berre kan studere mellomspråkssystemet på eit bestemt tidspunkt.

Selinker meiner vidare at ein viktig karakteristikk ved mellomspråk er at mellomspråksgrammatikken er ein kombinasjon av forskjellige reglar som er utvikla gjennom ulike kognitive strategiar<sup>1</sup>, og *transfer* er eiu av desse kognitive strategiane.

Thus for Selinker interlanguage referred to an interim grammar that is a single system composed of rules that have been developed via different cognitive strategies – for example, transfer, overgeneralization, simplification, and the correct understanding of the target language. (Mc Laughlin 1987:62-63)

Det som Selinker her ser på som eiu kognitiv strategi, nemleg *transfer*, er eit sentralt fenomen i denne avhandlinga, og dette vil bli drøfta meir utførleg i kapittel 2.1.2.1.

I kontrast til Selinker si *kognitive* forklaring på systematikken i mellomspråk, meinte Adjemian (1976) at mellomspråkssystemet burde bli analysert "linguistically as rule-governed behaviour" (Mc Laughlin 1987:63). Adjemian meinte ikkje som Selinker at

---

<sup>1</sup> Med "strategi" meinte ein medvitne eller umedvitne kognitive aktivitetar som involverte prosessering av andrespråksdata der målet var å uttrykkje noko meiningsberande (Mc Laughlin: 1987:62).

mellomspråkssystemet var forskjellig både frå fyrstespråket og "the adult native system of the L2". Adjemian sitt syn var at at andrespråksinnlærarar sin grammatikk er "constrained by universal principles of grammatical structure just as adult native grammars are" (Ritchie og Bhatia 1996:8). På eit gitt tidspunkt har einkvar andrespråksinnlærar eit sett med grammatiske intuisjonar om mellomspråket, men Adjemian opna for empirisk forsking på dei eksakte kjenneteikna ved denne grammatikken. Dette kunne ein lære om "by making a series of descriptions of the learner's interlanguage" (Mc Laughlin 1987:63). Analysar av systemet i mellomspråk skulle ifylgje Adjemian helst byrje med at ein fokuserte på det regelmessige ein observerte i eit stort datakorpus. Analysen skulle vidare vere retta mot "determining the properties of the learner's grammar" (ibid).

Medan Selinker sitt fokus var på den mellombelse strukturen i innlæraren sitt system (mellom første- og andrespråket), fokuserte Adjemian meir på den dynamiske karakteren til mellomspråkssystema, "their permeability". Dei er "opne" for påverknad frå andre lingvistiske system/grammatikkar (Sorace 1996:386). Strukturar i mellomspråket kan bli "invaderte" av fyrstespråket, og reglar i målspråket kan bli overgeneraliserte i innlæraren sitt forsøk på å produsere den intenderte meninga (Mc Laughlin 1987:63). Til liks med Selinker er også Adjemian inne i diskusjonen om morsmålet si rolle.

Ei tredje tilnærming til mellomspråk finn vi hjå Tarone (1979). Ho meiner at *variasjon* er eit karakteristisk trekk ved mellomspråk, og at variasjon "is one of the hallmarks of interlanguages, and that theories that fail to recognize and explain this variability will necessarily be un insightful" (Eckman 1994:4)<sup>2</sup>. Innan andrespråksforskning vurderer Ritchie og Bhatia (1996:14) Tarone, i lag med Ellis og Preston, som ein viktig ressurs på dette feltet. Ifylgje Tarone kan ein sjå på mellomspråket som eit sett med stilar som varierer med brukskonteksten (dvs. den sosiale situasjonen). Tarone etablerer såleis eit sosiolingvistisk perspektiv i tillegg til det lingvistiske. Innlærartyringar varierer altså systematisk både med lingvistisk kontekst og med brukskonteksten:

---

<sup>2</sup> Gregg er ueinig med Tarone. Ifylgje Gregg må "the linguistic competence" bli abstrabert vekk frå intraindividuell variasjon som kan observerast i alle andrespråksdata. Gregg sitt standpunkt er at slik variasjon berre er del av "performansen", og dermed uinteressante data (Eckman 1994:4).

(1) linguistic context may have a variable effect on the learner's use of related phonological and syntactic structures, and (2) the task used for the elicitation of data from learners may have a variable effect on the learner's production [...]. (McLaughlin 1987:64)

Tarone si forklaring på den systematiske variasjonen er at innlæreren sin kompetanse inneheld eit kontinuum av stilar ("a capability continuum"), "ranging from the careful to the vernacular" (Mc Laughlin 1987:72). Stilen som vert brukt i ein bestemt sosial situasjon, er determinert av graden av merksemd som blir retta mot språkleg form. Når innlæreren rettar mykje merksemd mot ytringane og talen, førekjem "prestisjeformer" i høgare grad enn ved mindre merksemd mot språkproduksjonen (Preston 1996:236). Tarone meiner at utvalet av stilar på den eine ytterkanten er fri frå påverknad frå fyrstespråket, medan det på den andre enden av skalaen er høg grad av fyrstepråkspåverknad. Paradoksalt nok er det altså når innlæreren er mest merksam på form, at fyrstespråkspåverknaden er størst (Mc Laughlin 1987:72). Leather og James (1996) held det ope om teorien til Tarone held mål, og nemner Dickerson som ein av kritikarane i høve til Tarone sitt syn på kva tid morsmålet i størst grad påverkar mellomspråket:

Is it the case, as Tarone (1982, 1983) suggested, that the "vernacular" style of the developing FL (e.g., as opposed to the formal style) constitutes the variety least permeable to L1 influence? W. Dickerson (1987) suggested the opposite. (Leather and James 1996:296)

Kva som er hovudfokuset til dei tre mellomspråksteoretikarane poengterer Mc Laughlin gjennom overskriftene "Mellomspråk og læringsstrategiar" i tilknytning til Selinker, "Mellomspråk som regelstyrt språkbruk" i tilknytning til Adjemian, og til sist "Mellomspråk som eit sett med stilar" i høve til Tarone (Mc Laughlin 1987:60-65). Vidare oppsummerer han syna deira på denne måten:

To summarize, the views of interlanguage that guided early research saw second-language learners as possessing a set of rules or intermediate grammars. Two of these formulations (Selinker and Adjemian) stressed the influence of the first-language on the emerging interlanguage. These authors differed, however, in that Selinker hypothesized that interlanguages are the product of different psychological mechanisms than native languages and hence are not natural languages (though they may evolve into natural languages), but Tarone differed from Adjemian in that she stressed the notion of variability in use and the pragmatic constraints that determine how language is used in context. (Mc Laughlin 1987:64-65)

Når det gjeld morsmålet si rolle har vi sett at Selinker meiner at morsmåloverføring er ein av fleire kognitive strategiar, medan Adjemian fokuserer på morsmålet som eit sett med reglar som kan overførast til mellomspråksystemet. Tarone meiner også at morsmålet påverkar andrespråkslæring, men at påverknaden er mest påfallande i bestemte brukskontekstar. Grunnen til at eg har gjeve såpass mykje plass til tidlege

teoretikarar, er nettopp fordi dei vektla morsmålet som ein av fleire påverknadsfaktorar i andrespråklæring.

### 2.1.2 Morsmålet si rolle

Emnet *morsmålpåverknad* har lenge vore svært kontroversielt. Kva for rolle morsmålet spelar i andrespråklæringa er kanskje det mest debatterte spørsmålet i andrespråkforskinga. Oppfatninga av kva for rolle denne faktoren spelar, har variert frå "morsmålet betyr alt" til "morsmålet betyr ingenting" (Berggren og Tenfjord 1999:44). I min studie av mellomspråkstekstar har eg observert språklege fenomen som *kan* vere parallellar til språklege tilhøve i innlærarane sitt morsmål (jf. Berggren og Tenfjord 1999:43). Dersom ein finn trekk i mellomspråket som kan førast tilbake til morsmålet, har det ifylgje Berggren og Tenfjord skjedd ei utveksling av informasjon mellom to område av innlæraren sin viten. Informasjonsntvekslinga har då skjedd mellom morsmålskompetansen og mellomspråkskompetansen (Berggren og Tenfjord 1999:202). I denne informasjonsntvekslinga er det innlæraren sjølv som har utført ei form for språkleg samanlikning. Når eg seinare i oppgåva samanliknar tyrkisk og norsk (sjå kap. 3), er det for å prøve å forstå språkbakgrunnen til dei tyrkiske informantane betre, og for å få ei klårare forståing av tilhøva mellom morsmål og målspråk når det gjeld temporalitet. På denne måten kan eg som forskar få tilgang til det samanlikningsgrunnlaget informanten sjølv har hatt før og i produksjonen av mellomspråkstekstane. I min studie vil denne samanlikninga stå sentralt.

#### 2.1.2.1 Definisjonar

*Transfer* er det opprinnelege omgrepet som har vorte brukt når ein skal omtale overføring av element eller reglar i morsmålet til eit språk som ein held på å lære (Berggren og Tenfjord 1999:204). Selinker (1969) brukte termene *positiv* og *negativ overføring* for å kunne skilje mellom overføringar som førte til målspråkslike mellomspråksformer, og overføringar som skapte avvikande mellomspråksstrukturar, altså feil (ibid). I min studie har eg fokusert på ein type overføring som kan føre til feil, altså negativ overføring. Eg meiner at Selinker sine termar er relevante for studien min fordi dei er retta mot produksjon, og at overføringa er mogleg å observere i mellomspråkstekstar.

Ein definisjon av *transfer* som ikkje berre er relatert til produksjon er denne definisjonen til Kellerman: "a cover term for a number of unspecified processes which lead to S1-like behaviour in the L2" (Kellerman 1984:102 i Berggren og Tenfjord 1999:205). Denne definisjonen har ofte vorte sett på som ein meir teorinøytral term, og Kellerman gjev eksempel på kva for prosessar som kan føre til morsmålslik åtferd. For det fyrste kan fyrstespråket stille strukturar til disposisjon, og for det andre kan fyrstespråket verke som ein katalysator eller ein hindringsfaktor på læringstempoet. For det tredje kan fyrstespråket føre til at ein unngår eller føretrekkjer bestemte former og strukturar i mellomspråket (Berggren og Tenfjord 1999:205). Sidan eg har fokusert på å beskrive innhaldet til visse strukturar i tyrkisk og norsk, har eg med dette vektlagt det fyrste punktet til Kellerman, nemleg at fyrstespråket kan stille strukturar til disposisjon. Eg vil likevel avgrense meg frå eit einsidig fokus på det formelle. Etter mitt syn kan fyrstespråket stille form- og funksjonstilhøve til disposisjon, ikkje berre strukturar.

Kellerman og Sharwood Smith innførte i 1986 termen *tverrspråkleg påverknad* for alle typar påverknad frå tidlegare lærte språk i læringa av eit nytt språk. Denne termen refererer både til direkte, indirekte, produksjonsrelatert og forståingsrelatert påverknad (Berggren og Tenfjord 1999:204). Termen dekkjer også påverknad som innlæraren kan ha fått frå andre språk han eller ho kjenner frå før. I denne oppgåva vil eg i tillegg til omgrepa *transfer* og *tverrspråkleg påverknad* også bruke termar som *morsmåloverføring* og *morsmålpåverknad*, termar som det er vanleg å ha ei teorinøytral tilnærming til.

Berggren og Tenfjord hevdar at ein relativt sjeldan ser rapportar om morsmåloverføring på det morfologiske feltet, og i denne samanhang peiker dei på at Odlin (1989) ikkje omtalar *morfologisk transfer* i sitt standardverk om *transfer* (1999:210). Sidan eg studerer mellomspråkstekstar med fokus på eventuell morsmålpåverknad frå det tyrkiske verbsystemet, kunne eventuell teori om kva i morfologien som blir overført og ikkje tilført mykje til mitt prosjekt.

### 2.1.3 Samanlikning av morsmål og målspråk

Kontrastive grammatikkar er samanlikningar av grammatikken i ulike språk. Charles Fries, ein teoretikar som tidleg vart oppteken av grunnlaget for språkundervisning, har vurdert språksamanlikning på denne måten:

The most efficient materials are those that are based upon a scientific description of the language to be learned, carefully compared with a parallel description of the native language of the learner. (Fries 1945:9 i Larsen-Freeman og Long 1991:52)

Både språket som skulle lærast og morsmålet burde beskrivast. Det som var målet for Fries med den systematiske språksamanlikninga, var å kunne identifisere likskapar og forskjellar mellom språka. Eit anna godt kjent sitat av Lado (1957) viser noko av bakgrunnen for at mange har sett på kontrastiv analyse som eit viktig teorigrunnlag i andrespråksforskning:

Individuals tend to transfer the forms and meanings and the distribution of forms and meanings of their native language [...] (Lado 1957:2)

Sidan språkinnlærarar kan overføre både strukturar og innhaldet i desse frå morsmålet til det nye språket dei skal lære, bør ein altså kjenne både fyrstespråket og det språket som skal lærast. Ideen om at studier av forskjellar og likskapar mellom to språk kunne bli brukt til å predikere læringsvanskar, vaks fram i KA-perioden. Prediksjonane var som fylgjer: "Where two languages were similar, positive transfer would occur; where they were different, uegative transfer, or interference, would result" (Larsen-Freeman og Long 1991:53). Ein meinte at når trekk i målspråket likna på trekk i morsmålet, ville dette vere enkelt å lære. Trekk i målspråket som var svært forskjellige frå morsmålet, ville derimot vere vanskelege å lære.

Stockwell, Bowen og Martin representerer ei anna tilnærming til å forklare problem i andrespråkslæring. I 1965 introduserte dei ein teori om at det eksisterer eit hierarkisk system over kva som er enkelt eller vanskeleg å lære. "The construction of difficulty depends on the assumption that some correspondences are more difficult to master than others [...]" (Stockwell, Bowen and Martin 1965:282). Stockwell m.fl introduserte eit vanskehierarki som inneheld eit sett med prediksjonar som ifylgje forfattarane må bli testa mot observasjonar av problem som innlærarane faktisk har (Stockwell, Bowen og Martin 1965:282). Stockwell, Bowen og Martin presenterer vanskehierarkiet slik:

This hierarchy [...] represents an outline of the problems that must be met and solved in the classroom, arranged in a logical order from most difficult (the weakest correspondences) to the easiest (the strongest correspondences). Assignment of items in this hierarchy is based on the premise that transfer from one language to another [...] becomes more difficult as the correspondences weaken. (Stockwell, Bowen and Martin 1965:292)

Ifylgje Larsen-Freeman og Long (1991) er vanskehierarkiet ein meir kompleks modell enn den binære prediksjonen som var rådande i tradisjonell KA-forsking (jf. "likskap/forskjell = lett/ vanskeleg"). I vanskehierarkiet eksisterer det ein distinksjon mellom strukturell og funksjonell/semantisk korrespondanse<sup>3</sup>. Til forskjell frå Lado predikerer ikkje Stockwell m. fl. at det er vanskelegast å lære kategoriar som ikkje fiust i morsmålet, men dei predikerer likevel at innlærarar har minst læringsvanskar når morsmålet og målspåket korresponderer strukturelt såvel som funksjonelt/semantisk. Teorien om vanskehierarkiet utfyller og presiserer altså teorien frå den meir tradisjonelle KA-forskinga.

Tabell 1 viser dei forskjellige vansketypaue som er representerte i vanskehierarkiet.

Vansketypar	Forholdet mellom to språk	Eksempel mellom tyrkisk/norsk og engelsk/norsk	Vanskegrad
1. splitting	$x \begin{cases} & x \\ & y \end{cases}$	DI- $\begin{cases} & \text{preteritum} \\ & \text{fortid} \end{cases}$ $\begin{cases} & \text{perfektum} \end{cases}$	vanskelegast
2. nyhende	$\emptyset \text{-----} x$	ikkje grammatisk genus i tyrkisk, men i norsk	
3. fråvær	$x \text{-----} \emptyset$	personbøygde verb i tyrkisk, men ikkje i norsk	
4. samanfall	$x \begin{cases} & \\ & y \end{cases} \begin{cases} & x \end{cases}$	relative ord, <i>who-whom-which</i> i engelsk i forhold til norsk <i>som</i>	
5. korrespondanse	$x \text{-----} x$	komparativformer til adjektiv i engelsk -er norsk -ere	enklast

Tabell 1 Eit vanskehierarki ved andrespråklæring. Basert på Stockwell, Bowen & Martin (1965)

<sup>3</sup> Stockwell, Bowen og Martin (1965) skil mellom strukturell likskap/forskjell og funksjonell/semantisk korrespondanse mellom morsmål og målspåket: "1) Negative correspondence in native language, 2) Functional/semantic correspondence, structural non-correspondence, 3) Negative correspondence in target language, 3) Structural correspondence but functional/semantic non-correspondence, 5) Structural and functional/semantic correspondence" (1965:284-285). Punkt nummer 1 og 2 vert vurderte som dei områda som medfører størst læringsproblem.

I tabell 1 ser vi at Stockwell, Bowen og Martin reknar med fem forskjellige former for ulikskap mellom to språk. Felles for alle desse typane er at fyrstespråket vert oppfatta som ei kjelde til påverknad ved andrespråkslæring. Vansketypen som står øvst, altså splitting, er det trekket som er vanskelegast å lære. Dess lenger nedover i tabellen, dess enklare skal trekka vere å lære.<sup>4</sup> *Splitting* førekjem når innlæraren "is forced to SPLIT a known category into two or more" (Stockwell m.fl 1965:284). Ved splitting føreligg det eit visst tilknytingspunkt mellom morsmål og målspråk, men splitting kan medføre store læringsvanskar fordi fyrstespråket her påverkar på ein annan måte enn ved andre typar forskjellar (eks. "nyhende" og "fråvær") som er radikale på ein annan måte (jf. Berggren og Tenfjord 1999:203). Denne typen forskjell mellom morsmål og målspråk vil eg kome tilbake til i kapittel 3.4.

Stockwell, Bowen og Martin har ei interessant evaluering av sin eigen modell, som viser vilje til både analytiske og teoretiske nyvinningar. I 1965 etterlyste dei undersøkingar som kunne teste prediksjonane dei hadde lagt fram.

Much more study is needed of the basis for such comparative evaluations, and the most that we hope to have achieved is a preliminary basis for hierarchization *that* may stimulate more detailed and adequate investigations. (Stockwell, Bowen and Martin 1965:291)

#### 2.1.4 Ein funksjonell språktileigningshypotese

Hatch (1983) presenterer fleire faktorar som er med å styre andrespråkslæring: Perseptuell tydelegheit, frekvens i innputt, semantiske forhold (dvs. at noko er meir semantisk komplekst), syntaktisk kompleksitet, fyrstespråkspåverknad og kommunikativ tyngde (Berggren og Tenfjord 1999:199). Andrespråksforskarar vektlegg desse faktorane forskjellig, men det er interessant å leggje merke til at Stockwell, Bowen og Martin allereie på 60-talet fokuserte på faktoren "kommunikativ tyngde".

Language is communication, and those patterns which carry a proportionately larger share of the burdon of communication are more important and deserve to be emphasized. (Stockwell, Bowen og Martin 1965:292-293)

Det kommunikative perspektivet på andrespråkslæring er altså ikkje av heilt ny dato, og sitatet viser at vanskehierarkiet ikkje berre var formulert på eit tradisjonelt kontrastivt grunnlag.

---

<sup>4</sup> "økende letthet nedover i tabellen" (jf. Berggren og Tenfjord 1999:203)


Det har etter kvart vorte mange andrespråksteoretikarar som har ei funksjonell fortolkingramme for andrespråklæring og læringssekvensar. Karen Lund er ein av desse, og ho baserer si forståing av andrespråklæring på ein kognitiv teori der ein tek utgangspunkt i at semantiske og pragmatiske funksjonar spelar ei overordna rolle i læring av eit andrespråk. Ifylgje Lund (1997) er det mogleg å stille opp hypoteser om kva for språklege område som per se vil vere vanskeleg å tileigne utifrå eit funksjonelt basert tileigningssyn. Lund refererer til Dik, som meiner at den eigentlege funksjonen med språket er at det blir brukt til kommunikasjon og interaksjon. "Language is the instrument of social interaction between human beings used with the primary aim of establishing communicative relations between speakers and addressees" (Dik 1978:1 i Lund 1997:317). Lund meiner vidare at kommunikative intensjonar ikkje berre er drivkrafta bak språkbruk, men også drivkrafta bak tileigninga av språk (Lund 1997:319).

Etter Lund si oppfatning er det særleg tre forhold som er styrande. For det fyrste vil grammatiske kategoriar som har semantisk og pragmatisk relevans bli lærte tidlegare enn semantisk "tomme" kategoriar. For det andre vil grammatiske kategoriar som formidlar eit lett gjennomskodeleg semantisk-pragmatisk innhald verte lærte tidlegare enn språklege uttrykk som er berarar av meir komplekse pragmatiske funksjonar. For det tredje vil læringsområde der det føreligg eit enkelt èin-til-èin-tilhøve mellom grammatisk struktur og semantisk innhald vere lettare å lære enn område der tilhøvet mellom innhald og uttrykk er meir uoversiktleg. Samla sett kan dette formulerast som prinsippet om *semantisk transparens* (gjennomsiktigheit) eller *isomorfi*prinsippet (Berggren og Tenfjord 1999:199).

Dette er hypotesene Lund har sett fram om andrespråkstileigning:

1. Sproglige uttrykk der i den givne kontekst har en ren grammatisk funktion eller en svært gennemsikkelig semantisk og/eller pragmatisk funktion er per se vanskelig at tilegne.
2. Sproglige uttrykk som i den givne kontekst er bærere af en kompleks pragmatisk funktion er per se vanskelig at tilegne.
3. Læreren vil i starten af tilegnelsen søge de dele av sproget der tydeligst bærer et propositionelt indhold og en primær illokutionær funktion igennem. (Lund 1997:321-322)

Prediksjonane til Lund om kva som er vanskeleg å lære er illustrert gjennom eit vanskekontinuum. Figur 1 viser denne modellen:




**Figur 1 Vanskekontinuum for andrespråkstileigning basert på eit funksjonelt språksyn (Lund 1997:322)**

Kjernen i modellen til Lund er altså at trekk som har ein klar og konkret semantisk og pragmatisk funksjon vil vere enklare å lære enn trekk som har ein uklar, fråverande eller abstrakt funksjon. For å forstå Lund sitt vanskekontinuum er det viktig å ha klart for seg kva ho meiner med "klare" og "konkrete" semantiske og pragmatiske funksjonar. Som eksempel på dette argumenterer ho for at det vil vere langt vanskelegare å etablere ein V2-regel enn spørsmålsinversjon fordi V2-regelen ikkje er berar av ein like tydeleg transparent semantisk og pragmatisk funksjon slik inversjon i spørsmål er (Lund 1997:322 og 326). Fordi Lund har prediksjonar av kva som vil bli lært fyrst av funksjonen til preteritum og perfektum, meiner eg at det er føremålstenleg å leggje til grunn noko av hennar teori. Dette vil eg kome tilbake til i neste avsnitt og i kapittel 2.2.4.

#### 2.1.4.1 Ei bearbeiding av to andrespråksmodellar

I somme presentasjonar har Karen Lund presentert vanskekontinuumet meir detaljert enn i framstillinga eg har presentert i figur 1. I Lund (1997:261) har ho sett på funksjon i samspel med om eit trekk i målspråket er kjent og markert. Likevel meiner eg at distinksjonen kjent/ukjent kan spesifiserast meir, og i ei bearbeiding av Lund sitt vanskekontinuum vil eg kombinere hennar fokus på semantisk og pragmatisk kompleksitet med Stockwell m.fl si rangering av språktrekk. Sidan eg har peikt på at begge modellaue vert knytte til omgrepet "kommunikativ tyngde", meiner eg det er grunnlag for å kople saman modellane, og på denne måten utvikle dei til å bli meir nyanserte. Reint formelt har eg valt å ta utgangspunkt i Lund sitt modelldesign, og modellen vert nyansert ved hjelp av distinksjonane som er etablerte i vanskehierarkiet. Figur 2 presenterer mi bearbeiding av dei to andrespråksmodellane:



**Figur 2** Ei bearbeiding av Lund sitt vanskekontinuum.

Figur 2 viser at når eit språktrekk i eit målspåk har ein uklar semantisk og pragmatisk funksjon, og det i tillegg eksisterer eit kontrastivt forhold av typen splitting mellom to spåk, vil trekket vere vanskeleg å lære. Det er denne modellen eg vil ta utgangspunkt i når eg predikerer kva som vil medføre vanskar for dei tyrkiske norskinnlærarane i mitt materiale (jf. 3.4).

## 2.2 Teori om temporalitet

### 2.2.1 Generelt om temporalitet

One of the referential domains that is universal in language is temporality. That is, almost all languages mark temporal relations either grammatically or lexically. (Aksu Koç 1986:247)

Temporalitet er eit komplekst og omfattande språkleg emne, både språkspesifikt og på universell basis. Temporal lokalisering av aktivitetar og tilstaudar vert uttrykt forskjellig i ulike spåk, både ved grammatiske kategoriar/leksem og gjennom leksikalske uttrykk (Tenfjord 1997:81). Tre underkategoriar innan temporalitet er tempus, aspekt og modalitet, og desse tre kategoriane er nært relaterte til kvarandre ifylgje D.N.S Bhat (1999:93). Aksu-Koç (1986) meiner som Bhat at både tempus, aspekt og modalitet høyrer innunder temporalitet sjølv om ho viser til at det er forskjellar mellom spåk med omsyn til kor sterkt kategoriane er differensierte formelt og funksjonelt:

In fact, languages differ in terms of how well they differentiate the categories of tense, aspect, and mood, and how much a linguistic form carries the multifunctions of marking these categories. (Aksu Koç 1986:248)

I denne samanhang er det interessant at *fortidsreferanse* og *perfektumsinnhald*, to semantiske felt innan temporalitet, ikkje vert grammatikaliserte på same måte i tyrkisk og norsk. Fortidsreferanse og uttrykk for perfektumsinnhald er på forskjellig måte relaterte til tempus, aspekt og modalitet. Det er akkurat denne språklege forskjellen eg

tek utgangspunkt i i avhandlinga mi, og i samanlikninga av tyrkisk og norsk vil vi sjå at kategoriane aspekt og modalitet er nærmare knytte til fortidsreferanse i tyrkisk enn i norsk.

### 2.2.1.1 Tempus

Termen *tempus* kan definerast på ulike måtar. Eg legg Comrie sin definisjon til grunn for mi framstilling av denne kategorien: "Tense relates the time of the situation referred to to some other time, usually to the moment of speaking" (Comrie 1976:1-2). Ifylgje Comrie er tempus ein grammatisk kategori: "[...] tense is grammaticalised expression of location of time" (Comrie 1985:9). Grammatikaliserte uttrykk for tidlokalisering kan observerast i morfologien til svært mange språk. I framstillinga av temporalitet i tyrkisk og norsk vil vi sjå at begge desse språka har tempus som grammatisk kategori.

Sidan *tempus* relaterer hendingar til ei bestemt referansetid, kan ein forstå kategorien som ein deiktisk kategori (Aksu-Koç 1986:247). Når handlingar og tilstandar vert plasserte temporalt i relasjon til ytringsaugneblinken (fortidig, samtidig eller framtidig), har vi altså å gjere med deiktisk tempus eller *absolutt tempus* (Tenfjord 1997:82). Ved *relativ tempus* vert ikkje handlinga nødvendigvis lokalisert i høve til notida, men til eitt eller anna tidspunkt som går fram av konteksteu (Comrie 1985:56). Forskjellen mellom absolutt og relativ tempus er altså ulike referansepunkt<sup>5</sup>. Andre meiner at dette er ei forenkling, og hevdar at relativ tempus har mange likskapstrekk med den grammatiske kategorien *aspekt*, og at det er vanskeleg å vurdere kvar skiljet går mellom desse to kategoriane. Bhat nemner at den nære relasjonen mellom tempus og aspekt kan eksemplifiserast med sambandet som eksisterer mellom perfekteive handlingar og fortid: "[...] a completed event (perfective aspect) tends to be past" (Bhat 1999:93).

### 2.2.1.2 Aspekt

Medan tempus er relatert til ein deiktisk funksjon, har aspekt med den interne temporale strukturen å gjere. Bhat utdjupar dette uærmare:

---

<sup>5</sup> Eg inkluderer ikkje perfektum i tempuskategoriane, men dei som faktisk gjer det, behandlar perfektum som relativ tempus (Tenfjord 1997:83).

Both tense as well as aspect denote temporal notions, with tense indicating the position of an event on a linear timescale in relation to a reference point, (i.e whether the event occurs before, simultaneously or after that reference point), and aspect indicating "the internal temporal structure" of an event i.e whether the event is completed or continuing, beginning or progressing, semelfactive (occurring once) or iterative (or habitual) [...] (Bhat 1999:93, mi understreking)

Den definisjonen av aspekt, som Bhat ovanfor refererer til, er henta frå Comrie (1976). Der vert aspekt forklart som "different ways of viewing the internal temporal constituency of a situation" (Comrie 1976:3). Aspekt relaterer altså ikkje ei handling til eit eksternt referansepunkt, men aspekt har ein meir intern synsvinkel. Med andre ord kan ein seie at tempus er relatert til forhold mellom tekst og kontekst, medan aspekt uttrykkjer tekstinterne forhold.

Funksjonen til aspektuelle markørar er å indikere semantiske distinksjonar som har med temporale karakteristikkar som "duration, progression, iteration, inception, or completion of events" (Aksu-Koç 1986:247) slik også Bhat var inne på i sitatet ovanfor. Slike interne semantiske distinksjonar er i somme språk grammatikaliserte, medan dei i andre språk vert uttrykte leksikalsk, som i norsk.

### 2.2.1.3 Modalitet

Modalitet har med korleis den som kommuniserer vil presentere sanningsgehalten i ei skriftleg eller munnleg ytring. Dik (1997, sitert etter van Schaaik 2001) deler modalitet inn i tre typar: "(1) *Inherent Modality*, (2) *Objective Modality*, (3) *Propositional Modality*" (van Schaaik 2001:71)<sup>6</sup>. Den type modalitet som er mest relevant for min studie, er "Propositional Modality" og på neste nivå "Evidential Modality":

Distinctions for *Propositional Modality* signal the speaker's personal commitment to the truth of a proposition. Personal responsibility for the content of the proposition is conveyed through expressions for *Subjective Modality* and *Evidential Modality*. [...] For Evidential Modality we can distinguish three sub-areas: *Experimental* (on the basis of his previous personal experience the speaker concludes that the proposition in question holds), *Inference* (on the basis of what the speaker infers that some proposition is true), and *Hearsay* (on the basis of what the speaker has been told, he takes the proposition for true), often referred to as *Quotative* or *Reportative*. (van Schaaik 2001:71)

Modalitetskategorien er ofte tett knytt til fortidskategorien i mange språk, mellom anna i tyrkisk. I tyrkisk presenterer kategorien 'inferential', som er ein underkategori av 'evidential', fortidige handlingar gjennom resultatet til handlinga "through

---

<sup>6</sup> Eksempel på "Inherent modality" er ord som: kan, er villig til, har mulighet til, får lov til, må. Uttrykk for "Objective modality" har med korleis talaren evaluerer sannsynlegheita for at noko vil inntreffe, til dømes på ein skala fra *sikkert* til *umogleg* eller frå *obligatorisk* til *ulovleg* (van Schaaik 2001:71).

inference of a past process from its present results” (Aksu Koç 1986:248). Utifrå denne samanhengen mellom ”the inferential” fortidige hendiugar som gjev eit notidig resultat, er det mogleg å seie at modale kategoriar er tett knytte til perfektumskategorien. Comrie (1976) gjer greie for relasjonen mellom ’inferential’ og ’perfect’, ein relasjon som vi finn mellom anna i tyrkisk, bulgarsk og estisk.

With the perfect, a past event is related to a present state, in other words the past event is not simply per se, rather it is inferred from some less direct result of the action (e.g. second hand report, or prima facie evidence, such as the wetness of the road leading to the inference that it has been raining, even when the raining itself has not been directly witnessed). Thus the semantic similarity (not, of course, identity) between perfect and inferential lies in the fact that both categories present an event not in itself, but via its results, [...]. (Comrie 1976:110)

At det kan eksistere eit nært forhold mellom modale kategoriar og tempus- og aspektkategoriar vil bli gitt eksempel på i utgreiinga av tyrkisk.

### 2.2.2 Bhat sin teori om tempus, aspekt og modalitet

I monografien *The Prominence of Tense, Aspect and Mood* etablerer D.N.S. Bhat (1999) ein språktypologi for studiar av verbkategoriar. Den funksjonell-typologiske studieu er basert på ein tidlegare studie av indiske språk (Bhat 1994), og Bhat konkluderer med at ein kan klassifisere språk på grunnlag av “the *prominence* that the languages attach to tense, aspect and mood” (1999:7). Dette diskuterer han vidare på denne måten:

[...] the prominence that languages give to one or the other of the three major verbal categories allows us to classify them into three different idealized types, namely tense-prominent, aspect-prominent and mood-prominent. (Bhat 1999:103)

Eit tempusprominent språk gjev for eksempel meir prominens til tempus enn til aspekt og modalitet i det grammatiske systemet. Termen *prominens* er ein relativ term, og det finst grader av tempus-, aspekt- og modalitetsprominens. Somme språk er nærare dei idealiserte språka enn andre (Bhat 1999:104), og Bhat utdjupar kriteria for prominens slik på denne måten:

The prominence that a category receives in a given language can be determined on the basis of several factors such as degree of grammaticalization, obligatoriness, systematicity (or paradigmaticization) and pervasiveness [...]. (Bhat 1999:95)

Ein prominent kategori er altså grammatikalisert, obligatorisk, systematisk og gjennomgåande i bruk. Desse fire krava har nær samanhang med kvarandre på den måten at den mest grammatikaliserte kategorien i språket (dvs. anten tempus, aspekt

eller modalitet), vil også vere den mest obligatoriske, systematiske og gjennomgåande (Bhat 1999:95).

I same stund som Bhat presenterer grunnlaget for å klassifisere det enkelte språket innan desse tre idealiserte storleikane, held han fram at typologien ikkje dekkjer alle språk i verda. Somme språk fell utanfor klassifiseringa, anten fordi dei gjev lik prominens til fleire av kategoriane, eller fordi ein heilt annan verbkategori, som til dømes "location", er den mest prominente kategorien (Bhat 1999:103). Bhat innfører ikkje termar for slike språk fordi han meiner at han ikkje har tilstrekkeleg med informasjon til å kunne etablere typologiske generaliseringar om desse.

Sidan det overordna kravet er at den eventuelt prominente kategorien er grammatikalisert, vil eg avgrense mi drøfting til berre dette eine kriteriet. Å skilje mellom kategoriar som er grammatikaliserte og ikkje, aktualiserer forskjellen mellom grammatiske kategoriar og leksem. Ifylgje Dyvik (1980) er 'grammatiske kategoriar' eit teikn som inngår i ei lukka (finit, "oppregnbar") klasse, medan eit 'leksem' er eit teikn som høyrer innunder ei opa klasse (Dyvik 1980:53).<sup>7</sup> Grammatiske kategoriar/grammatikaliserte element er meir sentrale i eit språk enn element som berre er representert gjennom det leksikalske (Bhat 1999:96). Dersom det no er slik at språk har meir eller mindre prominente kategoriar, kan det oppstå problem når ein studerer mindre prominente kategoriar i lys av språket sin mest prominente kategori. Dette problemet diskuterer Bhat:

[...] languages that give greater prominence to one of these categories appeared to view concepts belonging to the other two categories in terms of their prominent category. For example, mood-prominent languages appeared to view temporal and aspectual notions in terms of the modal category, whereas aspect-prominent languages appeared to view modal (and other notions) in terms of the category of aspect and tense respectively. (Bhat 1999:7)

Når ein studerer kategoriar innan eit tempusprominent språk, definerer ein gjerne ulike kategoriar i høve til tempus. I norsk og engelsk kan vi finne definisjonar av perfektum som "ei fortidig hending med relevans for notida", og kategorien vert slik sett omtala utifrå eit tempusperspektiv. I andre språk der modalitet er den mest prominente kategorien, beskriv ein perfektum som noko heilt anna, "it denotes a realis

---

<sup>7</sup> Bhat skil i staden mellom "contentives" og "function words" og presenterer desse på denne måten: "Contentives are independent entities that form different "parts of speech" like nouns, verbs, adjectives and adverbs, whereas function words are dependent entities that relate contentives with one another (case markers and agreement markers), or enhance and modify their connotation and of the sentence as a whole (number and gender markers, derivational affixes, tense-aspect-mood markers and other inflectional affixes)" (Bhat 1999:95).

event about which something more needs to be done” (Bhat 1999:7).

Aspektprominente språk vil sjå på perfektum frå eit aspektuelt perspektiv ”i.e as involving a combination of perfective with imperfective” (Bhat 1999:7).

Ovanfor har eg diskutert at funksjonar i språk kan bli skildra utifrå den mest prominente kategorien i det aktuelle språket. Bhat meiner at altfor mange språk har blitt beskrive som tempusprominente språk, og at aspektuelle og modale distinksjonar har vorte behandla som tempusdistinksjonar (Bhat 1999:104). I avsnitt 3.4 vil eg prøve å klassifisere av tyrkisk og norsk på grunnlag av Bhat sin teori.

### 2.2.3 Translatørgrammatikk

Dyvik si drøfting av *translatørgrammatikk* har parallellar til Bhat sine diskusjonar om faren ved å studere temporale kategoriar i andre språk gjennom ”tempusprominente briller”. Det er vanskeleg å samanlikne språk der det ikkje eksisterer eit èin-til-èin tilhøve mellom dei grammatiske kategoriane.

I den grammatiske beskrivelsen må det kunne spesifiseres et innhold og et uttrykk for hver foreslått grammatisk kategori. Bare hvis et innhold (som f.eks `fortid` eller `flertall`) er grammatikalisert, dvs. får isolerbart, systematisk uttrykk i språket, kan det refereres til i en grammatisk beskrivelse. Solidaritetskravet er en forutsetning for at man skal unngå ”translatørgrammatikk”, dvs. det at man anvender ett språks grammatiske kategorier i beskrivelsen av et annet språk, der de er irrelevante. (Dyvik 1980:50-51)

Dyvik poengterer at ein må kunne beskrive grammatiske kategoriar både formelt og inhaldsmessig. Kriteriet for at ein kategori kan refererast til i ein deskriptiv grammatikk, er at trekket er grammatikalisert. Dette kriteriet kan hindre at ein trekkjer fram grammatiske kategoriar som ikkje er relevante, jamfør Bhat som meiner at ein ikkje må tvinge tempuskategorien som eit templat over språk som har ein annan type prominens.

I forskjellige språk har konseptuelle kategoriar ulik prominens, og kategoriar kan ha både fellesnemnarar og opposisjonar både på det formelle og funksjonelle plan. Når ein skal samanlikne språk, må ein diskutere kva som er samanliknbare storleikar i språka. Ein kan ikkje utan vidare forvente formelt og inhaldsmessig samsvar.

Translatørgrammatikk er ei fallgruve både når ein samanliknar morsmål, målspråk og mellomspråk. Observasjon av manglande samsvar mellom språk er avgjerande dersom ein vil halde fast ved språka som sjølvstendige språkssystem.

#### 2.2.4 Andrespråksforskning om temporalitet

I boka *Tense and Aspect in Second Language Acquisition: Form, Meaning, and Use* gjev Bardovi-Harlig (2000) ei framstilling av andrespråksforskning om temporalitet.

”This monograph draws together the research on the acquisition of temporal expression of which tense and aspect form a part” (Bardovi-Harlig 2000:2)<sup>8</sup>. Ifylgje Bardovi-Harlig var byrjinga av 80-talet eit viktig vendepunkt for forskning om temporalitet. Fokuset skifta då frå å vektlegge tileigninga av morfologi<sup>9</sup> til å sjå på det morfologiske som overflatarealisasjonar av eit underliggjande semantisk system. Det vart ei aukande interesse for semantikken i mellomspråket generelt og temporal semantikk spesielt, og ifylgje Bardovi-Harlig var det denne interessa som var utgangspunktet for skiftet (Bardovi-Harlig 2000:10). Ulike forskingstradisjonar vaks likevel fram. I Nord-Amerika har ein fortrinnsvis arbeidd med identifiseringa av ei semantisk determinert tileigningsrekkefylgje, men med mest fokus på distribusjonen av former. I Europa derimot, har ein i høgare grad retta søkelyset mot ”the expression of meaning” (Bardovi-Harlig 2000:3). Og meining vert ikkje berre uttrykt ved verbformer, men også ved til dømes leksikalske uttrykksmiddel. Bardovi-Harlig omtalar desse to tendensane som den ’formorienterte’ og den ’meningsorienterte’ retninga<sup>10</sup>, og min eigen studie kan plasserast innan meningsorientert forskning fordi eg er oppteken av korleis eit semantisk konsept, nemleg temporalitet, vert uttrykt i mellomspråket. Det sentrale spørsmålet i meningsorientert forskning er “How do learners express temporal relations?” og utifrå dette spørsmålet studerer ein korleis semantiske konsept kjem til uttrykk både gjennom grammatiske kategoriar og leksikalske verkemiddel (Bardovi-Harlig 2000:10).

Sato (1990) har ei anna klassifisering av dei metodiske tilnærmingane til andrespråksstudiar. Sato opererer med tre typar studiar: ”form-only analysis”, ”form-to-function analysis” og ”function-to-form analysis”. Dei to siste variantane, ”form-

---

<sup>8</sup> Ei anna “state-of-the-art”-framstilling er Salaberry og Shirai (2002) si artikkelsamling *The L2 Acquisition of Tense-Aspect Morphology*.

<sup>9</sup> eks: morfemstudiane av Dulay og Burt.

<sup>10</sup> I Bardovi-Harlig 2000:11 vert det lista opp ulike termar som er nytta om *meningsorientert* forskning: ”the concept-oriented approach” (Stutterheim & Klein 1987), ”the semantically oriented approach” (Giacalone Ramat 1992), ”the functional-grammatical perspective” (Skiba & Dittmar 1992), ”the notional perspective” (Berretta 1995) and ”function-to-form studies” (Long & Sato 1984, 1990 og Trêvise & Porquier 1986)

to-function” og ”function-to-form” ser på korleis språkleg funksjon vert knytta til språkleg form, og det er vanleg at slike studier fokuserer på kommunikasjon (Tenfjord 1997:58). Denne avhandlinga kan klassifiserast som ei ”funksjon-til-form analyse” fordi eg har teke utgangspunkt i temporalitet og sett på korleis dette vert uttrykt i tyrkisk, norsk og i mellomspråket til tyrkiske norskinnlærarar.

I teorikapitlet har eg plassert Lund (1997) som representant for ei funksjonell tilnærming til andrespråk (sjå 2.1.4). Sjølv om ikkje temporalitet er hennar hovudfelt har ho kommentert korleis ho forventar at temporale kategoriar vil verte tileigna. På det morfosyntaktiske området forventar Lund at ’absolutte tempusformer’, altså presens og preteritum, vil bli tileigna før ’relasjonelle tempusformer’, altså presensperfektum og preteritumperfektum (Lund 1997:328). Grunnen til at presens og preteritum vert lært før dei to perfektumskategoriane, er ifylgje Lund fordi det er meir komplekst å uttrykkje seg om noko ’før-notidig’ og ’før-datidig’ enn i høve til ytringsaugneblinken. Tileigninga av preteritum og presens sitt funksjonsfelt er ein føresetnad for tileigninga av perfektum og pluskvamperfektum, meiner ho. Presensperfektum og preteritumperfektum er kategoriar der ein opererer med ’ikkje-samtidigheit’, og eit slikt innhald er ifylgje Lund både konseptuelt og språkleg komplekst (Lund 1997:330).

## 3.0 Temporalitet i tyrkisk og norsk

### 3.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg gjere greie for korleis *fortidsreferanse* og *perfektumsinnhald* vert uttrykt i tyrkisk og norsk. Eg vil diskutere dei grammatiske kategoriane som uttrykkjer dette semantiske innhaldet. I tillegg vil eg samanlikne språka og trekkje ut dei forskjellane som eg forventar vil skape vanskar for norskinnlærar med tyrkisk som morsmål.

### 3.2 Temporalitet i tyrkisk

#### 3.2.1 Generelt

Om det å lære tyrkisk språk hevdar Brendemoen og Hovdhaugen (1992) fylgjande:

Å lære tyrkisk er å trenge inn i en annen tankeverden og en annen måte å uttrykke tanker gjennom språk på. (Brendemoen og Hovdhaugen 1992:13)

Dette skriv dei på bakgrunn av at setningskonstruksjonane er heilt annleis enn i norsk. Ei tyrkisk setning kan illustrere noko av det særigne ved tyrkisk.

**Kızın babası, oturduğum evin önünde bekliyordu.**<sup>11</sup>  
"Jenta far-sin boing-mitt husets front-dets-i ventet."

"Ord for ord"-omsetjinga ovanfor er vanskeleg å forstå av di den tyrkiske ordstillinga skil seg diametralt frå den norske. Setninga tyder "Faren til jenta venta framfor det huset eg bur i". Ei rekkje tydingsforskjellar som i vesteuropeiske språk vert uttrykte ved eigne ord (t.d nekting) eller spesielle setningskonstruksjonar (t.d spørsmål), vert i tyrkisk uttrykte ved endingar som er festa til verbet (Brendemoen og Hovdhaugen 1992:79). Det er desse grammatiske bøyingsendingane, og ikkje bestemte ordrekkjefylgjer (jf. norsk), som skaper meining. Språk som "use affixes that denote single grammatical categories" (Croft 1990:46) er etter Schleicher (1859) sin definisjon eit *agglutinerande språk*. Også Aksu-Koç (1988) plasserer tyrkisk innan denne typologiske kategorien:

Structurally, Turkish is an agglutinative language with a number of small particles that serve for modulations of meaning when appended to nouns and verbs. (Aksu-Koç 1988:17)

---

<sup>11</sup> Eksemplet er henta frå Brendemoen og Hovdhaugen (1992)

### 3.2.2 Verbsystemet i tyrkisk

Sidan tyrkisk er eit agglutinerande språk, har ein til dømes ikkje eit skilje mellom indre og ytre bøying (sterke og svake verb), og verbbøyinga framstår som eit svært regelmessig system.

Brendemoen og Hovdhaugen (1992) deler dei tyrkiske verbformene inn i tre hovudgrupper:

- a. **Finite former** (bøyes i person og tall og kan være predikat i hovedsetninger). Disse svarer i funksjon til finite verb i helsetninger i norsk.
- b. **Verbalsubstantiv og verbaladjektiv** (adjektiviske og/eller substantiviske former av verbet som kan høyes i tall, kasus og få eiendomsendelser). I funksjon svarer verbalsubstantiv i prinsippet til infinitiv og partisipper samt finite verb i relativsetninger og substantiviske leddsetninger i norsk.
- c. **Konverb** er stort sett ubøyelige adverbiale former av verbet. I funksjon svarer konverbene til de finite verbene i adverbiale leddsetninger i norsk. (Brendemoen og Hovdhaugen 1992:79, mi utheving)

Eg vil særleg ta for meg dei *finite* verbformene i tyrkisk. Dette er ei nødvendig avgrensing då det ville vore altfor omfattande å gjere greie for alle typar tyrkiske verbformer og verbfunksjonar innan rammene for denne oppgåva. Det er likevel svært utfordrande for meg å gje ei god framstilling av finite verbformer i tyrkisk, mellom anna fordi det finst svært få kontrastive tyrkisk-norsk grammatikkar. Sjølv Brendemoen og Hovdhaugen peikar på at at det ikkje er enkelt å gje eit logisk og samanhengande oversyn av di systemet av finite verbformer i tyrkisk ikkje er bygd opp etter eit einheitleg prinsipp (Brendemoen og Hovdhaugen 1992:80). Forfattarane hevdar at det eksisterer ei noko "usystematisk blanding" av tid, modus og aspekt i det tyrkiske verbsystemet. Johanson (1994) brukar termen "aspektotempora" som nemning på denne samanhangen (van Schaaik 2001:65)<sup>12</sup>. Den klassiske måten å framstille tempus-, aspekt- og modalitetssystemet i tyrkisk, er ifylgje Aksu-Koç, med eit skilje mellom absolutt tempus "organized around the moment of speech" og relativ tempus, "which take as their reference time one different from the moment of speech" (Aksu-Koç 1988:17). Det har gjerne vorte hevda at tempussystemet i tyrkisk er tredelt (dvs. i fortid, notid og framtid). Aksu- Koç går imot denne påstanden i tråd med Lyons (1977:677):

---

<sup>12</sup> Forskjellige klassifikasjonar av "tense-aspect-mood"-systemet i tyrkisk er ifylgje Aksu-Koç lagt fram av språkvitarar som Kononov (1956), Lewis (1967), Banguoğlu (1974) Gencan (1975) og Underhill (1976) (Aksu-Koç1988:17)

[...] future is not seen to be essential to the notion of tense, since it is never a purely temporal concept, `necessarily includes an element of prediction or some related modal notion`. (Aksu-Koç 1988:17)

Også Yavaş (1980) hevdar at tempussystemet i tyrkisk best kan karakteriserast gjennom ein fortid/ikkje-fortid distinksjon (Aksu- Koç 1988:17). Comrie (1985) har vore inne på denne problematikken, og han har konkludert med at det er teoretisk mogleg å ha "a three way distinction" innan absolutt tid, men at det er svært mange språk som i realiteten har eit binært system, anten med ein opposisjon mellom fortid og ikkje-fortid, eller mellom framtid og ikkje-framtid (Comrie 1985:48-49, jf. om norsk 3.3.1).

### 3.2.3 Fortidsformer i tyrkisk

I Lie (1993) sin kontrastive grammatikk vert det gjeve ei kortfatta framstilling av det tyrkiske verbsystemet. Lie hevdar her at tyrkisk har "to slags fortid som ser ut til å kunne defineres som forskjeller i aspekt" (Lie 1993:54). Etter mi meining er det ei forenkling å seie at tyrkisk berre har to typar fortid. Det er mogleg at Lie meiner distinksjonen mellom perfektiv fortid (DI-fortid) og durativ fortid (med suffikset –iyor), men som vi skal sjå i denne framstillinga er det like naturleg å skilje mellom DI-fortid og miş-fortid. Men i tillegg kan temporale endingar kombinerast på svært mange måtar, og tyrkisk har dermed fleire enn to fortidsformer (sjå neste avsnitt). Lie si oppfatning om at forskjellen mellom verbformene i tyrkisk berre er "forskjellar i aspekt", kan absolutt diskutierast. Slik eg ser det er den viktigaste distinksjonen i fortid av modal art (sjå 3.2.3.3).

På grunnlag av Aksu-Koç (1988) si framstilling av "tense-aspect-mood"-systemet i tyrkisk, vil eg presentere fem av dei mange fortidsformene i tyrkisk. For kvar verbform er stammen kombinert med eitt eller fleire suffiks med ulikt semantisk innhald:

- 1) verbst.–Iyor-DI<sup>13</sup> ("past progressive" + "direct experience")<sup>14</sup>

<sup>13</sup> Den store bokstaven "I" representerer forskjellige vokalar, alt etter kva for lydar som omgjev fortidsforma.

<sup>14</sup> "Denne formen betegner en handling i fortid som betraktes som utstrakt eller pågående i forhold til noe annet. Formen vil ofte (men ikke alltid) tilsvare en engelsk konstruksjon av typen "I was going": Saat altıda evde kitap okuyordum. "Klokka seks (satt/lå jeg) hjemme (og) leste (drev jeg og leste)." (Brendemoen og Hovdhaugen 1995:86)

- 2) **verbst.-Ar-DI** (“the past habitual” + “direct experience”)
- 3) **verbst.-DI** (“past” + “direct experience”)
- 4) **verbst.-mİş-DI** (“past perfect” + “direct experience”)
- 5) **verbst.-mİş** (“past”/“perfect” + “indirect experience”)

(Aksu-Koç 1988:17-26)

Framstillinga ovanfor viser at det finst meir enn ”to slags fortid” i tyrkisk. Felles for dei fire fyrste fortidsformene er at dei alle har fortidssuffikset –DI-<sup>15</sup> som ein del av strukturen. I form 1) er dette suffikset kombinert med presensstamme *-iyor* og denne forma grammatikaliserer fortid og ”progressive aspect”<sup>16</sup>. I form 2) er suffikset –DI- kombinert med eit aoristsuffiks<sup>17</sup>, medan –DI-suffikset i form 3) vert festa direkte på verbstammen<sup>18</sup>. Form 3) har både eit fortids- og eit perfektumsinnhald. Form 4) og 5) har begge suffikset –mİş i strukturen. Form 4) uttrykkjer ifylgje Aksu-Koç ”past perfect” (jf. norsk ”preteritumperfektum”), medan form 5), mİş-fortid, både har eit fortidig, perfektivt og eit modalt innhald. Sjølv om ikkje –mİş –fortid har det grammatiske suffikset for fortid (jf. DI-suffikset) vert forma likevel somme tider brukt i fortidskontekstar. Berre form 5) har den modale tydinga ”indirect experience” (jf. avsnitt 2.3.1.3 om modalitet).

Fordi eg i utgangspunktet har vore oppteken av tyrkiske informantar si grammatikalisering av fortidsreferanse og perfektumsinnhald, har eg konsentrert meg om dei kategoriane i tyrkisk som har eit mest mogleg samanfallande innhald med preteritum og perfektum i norsk. DI-fortid og mİş-fortid (form 3 og 5 i lista ovanfor) er i så måte dei mest interessante formene. Frå no av vil eg fokusere mest på form 3) og 5), og desse formene har i tillegg til fortidsinnhald og perfektumsinnhald også eit modalt innhald<sup>19</sup>.

<sup>15</sup> I form 1) er –DI-suffikset omforma til –du-, og i form 4) er –DI-suffikset omforma til –ti. Dette er på grunn av lydharmoni som er eit gjennomgåande trekk i tyrkisk.

<sup>16</sup> Forma kan samanliknast med ”was going” i engelsk.

<sup>17</sup> som har eit iterativt eller habituel innhald.

<sup>18</sup> I andre former som **verb-Acak-DI**, **verb-DI-DI** osv. markerer DI-suffikset ”subjunctive mood” (Aksu-Koç 1988:20). Desse vil eg ikkje kome inn på her.

<sup>19</sup>Både DI-fortid og mİş-fortid er fortidsformer og perfekte former. I mİş-fortid er også det modale innhaldet ”inferential” grammatisk markert.

### 3.2.3.1 DI-fortid

Brendemoen og Hovdhaugen (1992) nyttar termen ”enkel fortid” eller ”perfektum” om DI-fortid, og seier at dette er det typiske innhaldet til denne endinga:

Denne endelsen angir at handlingen er i fortid og betraktes som en **enkelstående, avsluttet begivenhet** (i motsetning til –yordu- og –(V)rdl-, som framhever at handlingen eller tilstanden som beskrives, anses som utstrakt eller gjentatt). **Således tilsvarer formen stort sett norsk preteritum eller perfektum.** (Brendemoen og Hovdhaugen 1995:95, mi utheving)

Brendemoen og Hovdhaugen meiner altså at forma kan tilsvare både preteritum og perfektum i norsk<sup>20</sup>. Eit par eksempelsetningar kan illustrere dette<sup>21</sup>:

- Mektubu yazdim, postladım. ”Jeg *skrev* brevet og postet det.”
- Bunu sana kim söyle*di*? ”Hvem *har fortalt* deg dette?”

I eksempla ovanfor er situasjonane enkeltstående og avslutta. Den fyrste setninga har likevel eit ”der og då-perspektiv” som den andre setninga ikkje har. Den siste setninga har eit innhald med relevans for notida (dvs. ytringsaugneblinken). Sjølv om somme brukar termen ”perfektum” om DI-fortid, er det viktig å vere merksam på at denne forma ikkje er ein ekvivalent til perfektum i norsk. Forma har *både* eit perfektumsinnhald og eit fortidsinnhald. Dette vil eg kome tilbake til (sjå 3.2.3.3 og 3.4).

### 3.2.3.2 MIş-fortid

Fortidssuffikset –mış- har komplekse semantiske og pragmatiske funksjonar. I ulike tyrkiske grammatikkar har ein brukt forskjellige termar om denne forma: ”indirect experience”, ”non-evident”, ”inferential”, ”presumptive”, ”nonpersonal” og så vidare (Aksu-Koç 1988:21). Aksu-Koç nyttar termen ”evidential”, og ho hevdar at det mest sentrale meiningsinnhaldet (”the core meaning”) i suffikset er ”end state resultant from a process or event”, eit sluttresultat av ein prosess eller ei hending (ibid). Den aspektuelle funksjonen til partikkelen –mış- er altså relatert til ”the notion of ’resultant state’” og som vi ser i sitatet nedanfor, vert mış-forma omtala på same måten som den norske perfektumskategorien:

Jespersen (1924) claims that ‘it represents the present state as the outcome of past events, and may therefore be called a variety of the present’ (p.269). He further explains the historical tendency of the perfect to change either into a pure preterit or to a present in different

<sup>20</sup> Ei nyansering av dessee utsegna, er at innhaldet i norsk perfektum i vedvarande situasjonar (eks: Jeg har bodd i Norge i fem år) ikkje vert uttrykt gjennom denne tyrkiske forma.

<sup>21</sup> Eksempla er henta frå Brendemoen og Hovdhaugen (1992).

languages by noting the difficulty in keeping 'the sharp distinction between the idea of the present result of past events and that of the past events themselves'. (Aksu-Koç 1988:22)

Det kan vere vanskeleg å halde ideen om eit notidig resultat av ei fortidig handling ifrå den fortidige handlinga i seg sjølv. Aksu-Koç vel å kalle mİş-forma for "resultative perfect" og framhevar at den primære funksjonen er å indikere "stativity". At forma også har ein fortidsfunksjon, vurderer Aksu-Koç som ein naturleg konsekvens av den aspektuelle funksjonen forma har.

The function of the form as a PAST tense marker is only a natural correlate of its aspectual meaning, since for an event or process to have resulted in an end state, it necessarily has to be located at a prior point on the time line. In other words –mİş acquires its temporal specification by default, due to its aspectual meaning, or its alliance with a completed action. (Aksu-Koç 1988:22)

Mİş-forma har, som allereie nemnt, også ein modal funksjon. Forma uttrykkjer "annenhandskunnskap".

I enkelte tilfelle brukes -mİş- for å betone at utsagnetts riktighet trekkes i tvil, at man ikke kan stå inne for sannheten av utsagnet, men som regel markerer -mİş- bare at fortelleren ikke var til stede (eller bevisst var klar over hva som skjedde) da handlingen han refererer til inntraff, men kan slutte seg til handlingen på grunn av indisier. Følgelig vil referater av andres utsagn stå i -mİş- form." (Brendemoen og Hovdhaugen 1995:90)

Ved å bruke mİş-forma indikerer ein såleis at ingen fase av prosessen vore tilgjengeleg for språkbrukaren sitt medvit. Hendinga eller prosessen som det vert referert til har ikkje vorte observert verken medvite eller direkte. Om dette skriv Slobin og Aksu-Koç at språkbrukaren har hatt "no premonitory awareness of experiencing the event" (Slobin and Aksu, 1982:92, funne i Aksu Koç 1988:23). Aksu-Koç meiner at mİş-suffikset femner om eit vidt semantisk domene. I tillegg til at "inference" og "hearsay" blir grammatikalisert gjennom denne forma uttrykkjer suffikset "situations new for unprepared minds" (Aksu-Koç 1988:25). Ein ser eit resultat av ei handling, og dette resultatet, denne evidensen, indikerer at ein situasjon har funne stad<sup>22</sup>.

I mange tilfelle passar det godt å omsette mİş-former med norsk perfektum, hevdar Brendemoen og Hovdhaugen (1992). Dette kan illustrerast med fylgjande eksempel

---

<sup>22</sup> Eit eksempel på innhaldet til mİş-forma er dette: Du kjem inn i eit hus. Innanfor døra står eit par sko. Du kjenner igjen skoa og tcnkjer dermed: "Mehmet har kome". Vi ser at det er resultatet av ei handling som vert vekklagt.

som viser at –mİş-former ofte fell saman med det innhaldet som vert uttrykt gjennom presensperfektumsformer<sup>23</sup>:

- **Kar yağmıř.** "Det har (visst) snødd"

Ved å bruke suffikset –mİş- markerer ein at kunnskapen om at "det har snødd" er noko ein må slutte seg til. I norsk kan ein ikkje markere denne valøren grammatisk, berre leksikalsk (jf. "visst"). I tyrkisk er det altså eit samband mellom perfektivt og modalt innhald. Også Comrie har kommentert denne semantiske relasjonen mellom "perfect" og "inferential forms" (sjå 2.2.1.3). Han seier at "it lies in the fact that both categories present an event not in itself but via its results (Comrie 1976:110). Og ifylgje Comrie har samanhengeu mellom "perfect" og "inference" vorte observert i mange forskjellige språk (både i bulgarsk, georgisk og estisk).

### 3.2.3.3 Forskjellen mellom DI-fortid og mİş-fortid

Etter utgreiinga av DI-fortid og mİş-fortid kan ein spørje kva som er dei viktigaste forskjellane mellom desse to kategoriane. Ifylgje Aksu-Koç er det ikkje "forskjeller i aspekt"(jf. Lie 1993, referert i 3.2.3) som er hovuddistinksjonen i det tyrkiske fortidssystemet, sjølv om vi har sett at det er aspektuelle forskjellar mellom former som uttrykkjer imperfektivt og perfektivt aspekt. Det mest sentrale skiljet går mellom fortidsformer som uttrykkjer hendingar som er direkte opplevd av sendaren, og dei som ikkje er direkte opplevd. I sitatet nedanfor drøftar Aksu-Koç distinksjonen mellom **-DI** og **-mİş** –suffiksa:

For all instances of past reference there is an obligatory choice between the following two suffixes: (a) **-DI** indicates past of **DIRECT EXPERIENCE (DE)**, i.e. it is used in statements expressing an event or situation that has been consciously experienced by the speaker. [...] (b) **-mİş** indicates past of **INDIRECT EXPERIENCE (IE)**, i.e. it is used for expressing information about events/processes not directly or consciously experienced by the speaker but obtained on the basis of some sort of evidence. As such, **-mİş** is the marker of the evidential mood and its primary function is to indicate lack of 100 percent commitment to the truth of what is being asserted. (Aksu-Koç 1988:18)

Aksu-Koç hevdar altså at hovudforskjellen mellom **-DI**- og **mİş**-suffiksa er av modal karakter. I eit anna avsnitt seier ho det litt meir konsist:

The **-mİş** form contrasts with the other past in Turkish, **-DI**, used when relating past events positively known to the speaker, i.e. events that have been directly and consciously experienced or perceived. (Aksu-Koç 1988:23)

<sup>23</sup> Eksemplet er henta frå Brendemoen og Hovdhaugen (1992).

I tråd med dette seier Brendemoen og Hovdhaugen at forholdet mellom –DI og –mİş ikkje er nokon ”tidsforskjell”, men ein modusforskjell. Grunnen er at den fyrste forma er ei form for ”førstehåndsinformasjon” om avslutta realiserte hendingar, medan den andre forma er ei form for ”annenhandsinformasjon” (Brendemoen og Hovdhaugen 1992:90).

I tyrkisk har mİş-fortid ein bruksrestriksjon som DI-fortid ikkje har. Sidan mİş-fortidsforma ifylgje Brendemoen og Hovdhaugen (1995:82) ”angir at handlingen er kjent gjennom andres beretning eller kan antas å ha funnet sted”, kan ikkje denne forma takast i bruk om eigne opplevingar som ein kan uttale seg heilt sikkert om. Difor vil denne forma som uttrykkjer ”annenhandskunnskap” oftare bli brukt i 2. og 3. person enn i 1.person<sup>24</sup>.

Også med omsyn til narrative funksjonar er DI-fortid og mİş-fortid forskjellige. Mİş-fortid har ein bestemt narrativ funksjon som ein særleg tek i bruk i eventyr, mytar, vitsar og tekstar med fantastisk karakter. Pollard og Pollard (1996) som har skrive ei lærebok i tyrkisk seier: ”You use –mİş to tell fairy stories, jokes or anecdotes. For example: **Bir güzel prenses varmış...**”, som tyder “Det var ein gong ei vakker prinsesse” (Pollard og Pollard 1996:171). Dette er også Aksu-Koç inne på:

The form serves a specific narrative function limited to accounts of myths, folktales, fairytales, jokes, or pure fantasy, i.e. events which have no basis in reality and are far distant from normal experience. (Aksu-Koç 1988:25)

På den andre sida blir historisk innhald og realistisk fiksjon vanlegvis fortalt gjennom –DI-fortid som gjev att hendingar som er opplevde. Aksu-Koç framhevar også mİş-fortida si viktige diskursorganiserande rolle. Forma gjev bakgrunnsinformasjon:

There is another function of the particle –mİş in narrative. In its capacity of the perfect, –mİş plays an important role in discourse organization. Indicating anteriority and/or stativity in the various perfect constructions in which it figures, it serves an important function for backgrounding and does not carry inferential meaning. Its modal uses also render it appropriate for the same function since indirect or evidential information is more likely to be presented as background material. (Aksu-Koç 1986b i Aksu-Koç 1988:25)

---

<sup>24</sup> Gjennom munnlege opplysningar frå Brendemoen har eg fått vite at bruk av mİş-former for å uttrykke perfektum gjerne får eit aserbadjansk preg i 1.person.

#### 3.2.3.4 Oppsummering

Gjennom framstillinga har vi sett at tyrkisk har eit svært komplekst fortidssystem. Vi har sett at både tempus, aspekt og modalitet er grammatikalisert. For det fyrste må ein grammatikalisere distinksjonen fortid/ikkje fortid ved å ha suffikset –DI-/ mİş eller fråvær av desse suffiksa. For det andre er aspekt obligatorisk. Dersom forma inneheld suffikset –iyor, er det markert for durativt aspekt. Fråvær av dette suffikset gjev punktuell eller perfektiv tyding. For det tredje er det obligatorisk å markere den modale distinksjonen ”inferential”<sup>25</sup>.

Utifrå Bhat sin teori om tempus- aspekt- eller modalitetsprominente språk (sjå 2.2.2) kan eg ikkje sjå at det er grunnlag for å klassifisere tyrkisk typologisk innan ein av desse kategoriane. Eigentleg fell tyrkisk utanfor typologien til Bhat, men det er likevel interessant å skildre tyrkisk som eit språk som har grammatikalisert fleire kategoriar innan temporalitet.

### 3.3 Temporalitet i norsk

#### 3.3.1 Generelt

I denne delen av oppgåva vil eg gje ei framstilling av dei grammatiske kategoriane preteritum og presensperfektum i norsk, kategoriar som er behandla på forskjellig måte av ulike forskarar. Eit viktig prinsipp når ein beskriv grammatiske kategoriar, er at ein tek høgde for det genuine innhaldet i kvar enkelt kategori og at ein ikkje gjev inntrykk av at kategoriane har eit innhald av same type.

Hovuddistinksjonen i verbsystemet i norsk går mellom dei grammatiske kategoriane presens og preteritum. Preteritum er grammatikalisering av fortidsinnhald, og presens er grammatikalisering av ikkje-fortidsinnhald. I eikvar norsk setning er det obligatorisk å uttrykkje denne motsetninga grammatisk gjennom bøyingsmorfologi (Tenfjord 1997:81). Dyvik (1980) omtalar presens og preteritum som deiktiske kategoriar. ’Preteritum’ plasserer ein omtalt situasjon i tid i forhold til ”no”, det vil seie utsegnsaugneblinken, medan ’presens’ er den innhaldsmessig umarkerte termen i

---

<sup>25</sup> Ettersom tyrkisk grammatikaliserer modalt innhald stiller eg meg spørjande til at Johanson (1994) karakteriserer tyrkisk gjennom termen ”aspektotempora” og ikkje med ein term som inkluderer modalt innhald.

opposisjonen (Dyvik 1980:79)<sup>26</sup>. Eigentleg er det berre preteritum og presens som er tempusformer i norsk. Med andre ord har kategorien tempus to trekk, og ifylgje Hagen (2002) er det berre preteritum og presens som kan definerast som finitte verb. "En finitt verbform er en verbform som markerer tempus" (Hagen 2002:84).

Før eg tek til med framstillinga av temporalitet i norsk, vil eg presisere at eg berre greier ut om preteritum og presensperfektum, ikkje presens og preteritumperfektum. Frå no av kallar eg presensperfektum for perfektum.

### 3.3.2 Preteritum

Hagen (2002) meiner det er misvisande å seie at preteritum *uttrykkjer* fortid i seg sjølv, for preteritumsforma er ikkje det primære uttrykket for setninga si tidsreferanse. Dette poenget vert illustrert gjennom setninga "Lise døde". Setninga er ukomplett og utilstrekkeleg dersom det fortidige tidspunktet eller tidsintervallet manglar. Når ein høyrer eller les ei slik setning, vil ein måtte spørje: "Kva tid?". I den samanhang skriv Hagen fylgjande:

Preteritum forutsetter altså implisitt fortidsreferanse men er ikke i seg selv tidfestende [...] Vi bruker altså preteritum når det framgår av sammenhengen at det er fortida vi snakker om!" (Hagen 2002:85)

Fortidsuttrykket må altså kome fram gjennom konteksten verbet står i, anten denne finst *i* eller *utanfor* setninga (Hagen 2002:84). I norsk vert altså fortid uttrykt med grammatiske fortidsformer som korefererer med eit tidsuttrykk. Sagt med andre ord må ein ha tilgang til ein etablert tidsreferanse i diskursuniverset for at det temporale innhaldet i setningane skal kunne tolkast som fortidig. Preteritum må referere til eitt eller anna tidspunkt eller ein eller annan tidsperiode i fortida som er introdusert i diskursen, anten språkleg eller kontekstuel (Tenfjord 1997:97). Sidan preteritumsformer kjem i tillegg til ein allereie etablert tidsreferanse, vert konsekvensen at dei har eit redundant innhald. Forfatarane av Norsk referansegrammatikk (1997)<sup>27</sup> er ikkje heilt presise på dette punktet:

Preteritumsformen refererer til et bestemt punkt i fortida og **kan** kombineres med adverbialer som betegner et tidspunkt som er forut for og atskilt fra utsagnsøyeblikket. (Faarlund m. fl. 1997:556, mi utheving).

<sup>26</sup> Dyvik (1980) skil mellom fem typar innhald: Denotativt innhald, relasjonelt innhald, deiktisk innhald, modalt innhald og strukturelt innhald.

<sup>27</sup> heretter "NRG"

Preteritumsforma ikkje berre *kan* kombinerast, den *er* alltid kombinert med eit tidsuttrykk, anten i same setning, i same tekst eller i den underforståtte konteksten.

Utifrå eit syn på preteritum som ein grammatisk kategori med anaforisk funksjon, er det ikkje nok å studere mellomspråksytringar isolert og kvar for seg (Tenfjord 1997:97). For å undersøke preteritumsbruken hjå innlærarane, vil eg ha behov for å identifisere preteritumskontekstar, altså temporale kontekstar der det er obligatorisk å bruke preteritum. Til dette vil eg bruke Hagen (2002:85) si framstilling av tre preteritumstypar:

- A) Preteritum ved tidsuttrykk i samme *setning*<sup>28</sup>
- B) Preteritum ved tidsuttrykk i same *tekst*
- C) Preteritum ved *underforstått* fortid

I denne inndelinga av ulike preteritumstypar ser vi at tidsuttrykket er observert i forskjellig "avstand" frå preteritumsforma. Frå preteritumstype A) til C) er det ei forskyving frå nær samanheng (same setning) til ein meir perifer samanheng. Hagen presiserer at dei ulike bruksvariantane av preteritum har å gjere med korleis fortidsreferansen vert etablert, og at dei tre hovudtilfella er distinkte pragmatisk, men ikkje grammatisk.

Preteritumsformer av A-typen skal koreferere med eit fortidsuttrykk i same setning.

Når en setning inneholder et tidsadverbial med absolutt eller deiktisk fortidsreferanse, så plasseres setningsinnholdet i fortid i forhold til samtaleøyeblikket, og i slike tilfeller skal setningens finitte verb stå i preteritum. (Hagen 2002:85)

Eit eksempel på ei slik setning er: "For to år sidan *byrja* eg å studere norsk som andrespråk". Det finitte verbet "byrja" samsvarar her med tidsuttrykket "for to år sidan", og verbforma korefererer såleis temporalt med den allereie introduserte tidsreferenten (jf. Tenfjord 1997).

Ved den andre typen preteritumsbruk, B-typen, er fortidsforma obligatorisk på grunn av eit leksikalsk fortidsuttrykk som eksisterer konkret i *same tekst*. Allereie i introduksjonssetninga i ein tekst kan ei slik overordna fortidsramme bli etablert. Når

---

<sup>28</sup> Hagens bruk av termen *setning* må presiserast i høve til korleis eg kjem til å bruke denne nemninga i analysekapitlet. Eg forstår Hagen slik at når han skriv "same setning" meiner han *same hovudsetning*. Verbet "forsatte" i tekstutdraget "Når jeg kom til Norge, *forsatte* jeg å spille fotball en stund i Norge." (Informant 16B, setning 1155), er ei hovudsetning, men to analyseeiningar ifylgje mi operasjonalisering (jf. kapittel 5.2.3).

ein tekst tek til med setninga "Den finaste dagen i heile livet mitt, var 3.august 2002", er det klårt at teksten skal handle om fortida. Den fyrste setninga i ein tekst kontekstualiserer dei etterfylgjande setningane. Dersom tidsreferansen i ein tekst er fortidig må dei finitte verba stå i preteritum, og kjeda av hovudsetningar får dermed ein tekstsamanbindande effekt som bidrar til tekstkohesjon, meiner Hagen (2002:86).

Den tredje typen bruk av preteritum, preteritumstype C, er noko annleis enn dei variantane eg har presentert ovanfor. Ved A-preteritum og B-preteritum er setningane sin fortidsreferanse eksplisitt i teksten. Tidsuttrykka kjem fram i form av uttrykte tidsadverbial osb., som dei finitte verbala må kongruere med. Fortidsreferanse kan imidlertid også kome fram meir indirekte. "Preteritum ved *underforstått* tid" kan eksemplifiserast med setninga "I Tyrkia *hadde* eg mange vener". Lesaren veit, ikkje utifrå teksten, men på grunnlag av anna implisitt kunnskap, at personen som skriv må ha vore i Tyrkia ein eller annan gong i fortida. Det er den lokative referansen "i Tyrkia" som er berar av implisitt temporal informasjon. Fortidsforma "hadde" er i samsvar med dette indirekte fortidsuttrykket.

### 3.3.3 Perfektum

Perfektum vert ofte behandla som ein tempuskategori. I NRG seier forfattarane at perfektum er ei av dei to "tempusformene brukt om fortid [...]" (Faarlund, Lie og Vannebo 1997:567). Forholdet mellom preteritum og presensperfektum vert likevel meir nyansert:

Både presens perfektum og preteritum kan brukes om handlinger som har funnet sted i fortida. Men som nevnt etablerer preteritum et "der og da"-perspektiv, mens presens perfektum etablerer et "her og nå"-perspektiv. Dette innebærer at mens det ved bruk av preteritum blir fokusert på den fortidige handlinga og handlingstidspunktet, blir det ved bruk av presens perfektum fokusert på konsekvensene av den fortidige handlinga eller på den aktuelle situasjonen i nåtida som et resultat av den fortidige handlinga. Perfektum har derfor som regel en aktualitetsverdi som preteritum ikke har. (Faarlund m. fl. 1997:567)

Dei to kategoriane etablerer altså to forskjellige perspektiv på fortidige handlingar, og i NRG konkluderer ein med at presensperfektum har ein *aktualitetsverdi* som preteritum ikkje har.

Også Hagen (1998) presenterer perfektum i tilknytning til tempusdistinksjonar. Han meiner skiljet mellom preteritum og perfektum er mellom "fortid" og "anterior" tid eller førtid. Verbhandlinga som står i perfektum refererer til eit tidspunkt eller

tidsintervall ”som ligger forut for setningens tidsreferanse” (Hagen 1998:89-90). ”Førtidige” handlingar vert ikkje tidfesta i nokon absolutt forstand i høve til setninga sitt referansepunkt (Hagen 1998:293).

Sjølv om både Faarlund m.fl og Hagen held preteritum og perfektum frå kvarandre, etterlyser Tenfjord (1997) ei framstilling av perfektum der ein ikkje berre samanliknar denne kategorien med tempuskategorien preteritum. Slike samanlikningar impliserer at kategoriene har eit innhald av ”samme type”, og Tenfjord problematiserer at perfektum blir omtala som ein fortidskategori (1997:106). Slik eg ser det fokuserer Tenfjord meir på dei genuine forskjellane mellom kategoriene preteritum og perfektum enn i andre utgreiingar.

Ifylgje Tenfjord (1997) refererer perfektum til ein konsekvenstilstand som gjeld i ytringsaugneblinken, medan preteritum refererer til tidspunktet då handlinga fann stad. Ho seier vidare at preteritum har anaforisk funksjon i og med at preteritum må referere til eitt eller anna tidspunkt eller ein eller annan tidsperiode i fortida som er introdusert i diskursen, anten språkleg eller kontekstuel, medan perfektum derimot ikkje har denne funksjonen (Tenfjord 1997:98). Tenfjord hevdar at preteritum sin funksjon berre er anaforisk, medan perfektum grammatikaliserer eit sjølvstendig innhald. Innhaldet i perfektum er relatert til fortid på ein anna måte enn preteritum (Tenfjord 1997:217). Denne forskjellen mellom preteritum og perfektum utdjupar Tenfjord nærmare:

Perfektum har med fortid å gjøre, i den forstand at forhold i fortiden har konsekvenser for nåtiden, og det er nettopp konsekvenstilstanden perfektum refererer til, ikke til et ubestemt tidspunkt i fortiden. Preteritum refererer altså til et språklig eller kontekstuel gitt tidspunkt eller tidsintervall da en handling eller tilstand finner sted. Perfektum refererer til konsekvenstilstanden av en fortidig handling, og denne konsekvenstilstanden gjelder i ytringsøyeblikket og blir derfor uttrykt i presens. (Tenfjord 1997:110)

Tenfjord presenterer vidare to forskjellige syn på kva som er den *grunnleggjande* funksjonen til perfektum. Dei to rådande oppfatningane er representerte ved ”current relevance theory” og ”extended now theory” med henholdsvis *resultativt perfektum* eller *universelt perfektum* (dvs. perfektum i vedvarande situasjonar) som den grunnleggjande perfektumstypen. Tenfjord tar utgangspunkt i Moens (1987) når ho hevdar at resultativ perfektum er den grunnleggjande perfektumstypen. Resultativ perfektum har dette som funksjon: ”å skape en overgang fra et predikat av handlingstype til et predikat av tilstandstype” (Tenfjord 1997:218). Perfektum har på

denne måten ein aspektforandrande funksjon, frå handling til tilstand, og Tenfjord hevdar at perfektum sin referanse vert avgrensa til konsekvenstilstanden i ein nukleus (Tenfjord 1997:101-103). Når ein refererer til denne konsekvenstilstanden ved bruk av resultativ perfektum, vert eit sjølvstendig innhald grammatikalisert sidan dette innhaldet ikkje er tilgjengeleg via konteksten. På dette grunnlaget vil eg sjå på perfektum som ein kategori med aspektuelt innhald (ibid).

Sidan det er formelle og innhaldsmessige likskapar mellom engelsk og norsk når det gjeld perfektumsfunksjonen, meiner eg at Comrie (1976) sin teori om "the Perfect" er relevant i skildringa av norsk. I norsk er det som i engelsk "a clear formal distinction between forms with perfect meaning and those with nonperfect meaning." (Comrie 1976:53). Comrie definerer perfektumskategorien slik: "[...] the perfect indicates the continuing present relevance of a past situation." (Comrie 1976:52). Comrie meiner at innhaldet i perfektum skil seg noko frå aspektdefinisjonen som allereie er presentert (jf. 2.2.1.2). Perfektum uttrykkjer ikkje noko om ein situasjon direkte, men relaterer ein tilstand til ein føregåande situasjon (ibid). Han behandlar likevel perfektumskategorien i ei bok om aspekt, men poengterer at det ikkje er semje om korleis perfektum skal behandlast. Comrie gjev eit eksempel på innhaldet i perfektumskategorien ved å samanlikne to setningar, ei med perfektum og ei "non-Perfect"-setning (her: preteritum). Dei to fylgjande setningane på norsk tilsvarer det Comrie tek opp:

- (1) Eg har mista lommeboka mi (perfektum)
- (2) Eg mista lommeboka mi (ikkje-perfektum)  
(mine eksempel)

Ein viktig forskjell mellom desse to setningane er at (1) impliserer at lommeboka framleis er forsvunnen, medan (2) ikkje har ein slik implikasjon. Dette eksemplet illustrerer at perfektum uttrykkjer "the continuing present relevance of a past situation" (Comrie 1976:52). Ein restriksjon som berre eksisterer for perfektumsforma, er at ein ikkje kan bruke perfektumsforma ilag med ein spesifikk tidsreferanse (eks: klokka seks i dag tidleg).

Comrie (1976) deler inn perfektumsinnhaldet i fire typar perfektumskonstruksjonar:

- 1) the perfect of result (eks: John has arrived)
- 2) the experimental perfect (eks: Bill has been to America)
- 3) the perfect of persistent situation (the universal perfect) (eks: We've lived her for ten years)
- 4) the perfect of recent past (the hot news past) (eks: Bill has just (this minute) arrived)

Tenfjord har omsett dei semantisk baserte termene til Comrie på denne måten:

*I resultativt perfektum (1) blir en nåtidig tilstand referert til som et resultat av en fortidig handling, [...] Erfaringsperfektum (2) indikerer at en gitt situasjon har forekommet minst en gang i fortiden, [...] Perfektum i vedvarende situasjoner (3) er beskrivelse av situasjoner som startet en gang i fortiden, og som er vedvarende, Perfektum ved nær fortid (4) kan brukes om situasjoner som er fortidige, men likevel nære i tid. (Tenfjord 1997:104-105)*

Eg vil nytte denne inndelinga fordi eg meiner ho gjev grunnlag for å spesifisere og kategorisere meiningsinnhaldet til perfektumsformer som førekjem i mellomspråket til dei tyrkiske norsksinnlærarane. Inndelinga er også nyttig i samanlikninga av norsk og tyrkisk<sup>29</sup>.

### 3.3.4 Oppsummering

I framstillinga av norsk har vi sett at det berre er obligatorisk å markere distinksjonen fortid/ikkje-fortid. Slik eg vurderer norsk i høve til Bhat sin teori om prominensen som ulike temporale kategoriar kan ha (jf. 2.2.2), vil eg klassifisere norsk som eit 'tempusprominent' språk. Det er mogleg at dette kan forklare at ein i mange utgreiingar om norsk verbsystem har behandla perfektum som ein tempuskategori trass i at kategorien har aspektuelt innhald eller ein 'aspektforandrande funksjon' (jf 3.3.3).

Sidan vi også har sett at perfektum i norsk er behandla på forskjellig måte, og sidan eg har observert usemje om kva som er perfektum sin funksjon, har eg valt å sjå på denne kategorien som ein uklar semantisk og pragmatisk kategori, trass i at eg ikkje har tilstrekkelege kriterier for kva for kategoriar ein kan rekne som "uklære". Eit slikt definisjonsgrunnlag har eg heller ikkje funne hjå Lund (1997) som predikerer at semantisk og pragmatisk uklære kategoriar vil vere vanskelege å tileigne (sjå 2.1.4).

## 3.4 Tyrkisk og norsk

I det føregåande har eg greidd ut om delar av det det tyrkiske og norske verbsystemet. Kategoriar som uttrykkjer fortidsreferanse og perfektumsinnhald har stått sentralt. Vedrørande tyrkisk har eg konsentrert meg om DI-fortid og mİş-fortid, og i

---

<sup>29</sup> Vi vil til dømes sjå at meiningsinnhaldet i perfektumstype 3 (perfektum i vedvarande situasjonar) i tyrkisk vert uttrykt gjennom ei rein notidsform (verb+İyor).

framstillinga av norsk har kategoriane preteritum og presensperfektum stått i fokus. Vi har sett at funksjonane til fortidsformer i tyrkisk har eit meir samansett innhald enn verbformene i norsk, og at både fortidsinnhald, perfektumsinnhald og modalt innhald er grammatikalisert i verbformene i tyrkisk.

Når eg no vil trekkje nokre liner mellom desse to språka, vil eg innleiingsvis ta utgangspunkt i norsk. Utifrå ei norsk verbform vil eg prøve å visualisere hovudresultatet av samanlikninga. Kva verbformer i tyrkisk vil ein bruke i kontekstar der ein på norsk brukar verbforma "gjekk"?

Figur 3 viser desse formene:



**Figur 3 Tyrkiske former i kontekstar der vi på norsk brukar preteritum.**

Figur 3 viser at ein i tyrkisk har mange alternative uttryksmåtar for innhaldet i verbforma "gjekk". Det fyrste alternativet er forma 'gittim' som har både perfektivt innhald og fortidsinnhald. Alternativ 2 er forma 'gidiyordum' som er ei imperfektiv fortidsform<sup>31</sup>. Form nummer 3, 'giderdim', har aorist- og fortidsinnhald<sup>32</sup>, medan form nummer 4, 'gitmişim', er ei form som kan ha fortidig, perfektivt og modalitetsinnhald. Form nummer 5, 'gitmiştim' refererer til fortid og førekjem i kontekstar der ein på norsk ville brukt anten preteritum eller preteritumsperfektum. I tyrkisk kan ein altså bruke fem forskjellige verbformer i kontekstar der ein i norsk ville brukt preteritumsforma "gjekk". Preteritumsforma "gjekk" kan altså omsetjast med 'gittim', 'gidiyordum', 'giderdim' og 'gitmiştim'. I norsk har ein ikkje like mange former som grammatikaliserer fortidsinnhald.

<sup>30</sup> Dei tyrkiske fortidsformene (eks: **git-t-im**) består av verbstamma (**git-**) + tempus/aspekt-endinga (-t-) + personendinga (-im).

<sup>31</sup> Aspektforskjellen mellom imperfektive og perfektive handlingar i tyrkisk kan samanliknast med forskjellen mellom *I went* og *I was going* i engelsk. Det er suffikset **-iyor** i forma *gidiyordum* som skil forma frå *gittim* (jf. Brendemoen 1992)

<sup>32</sup> Aoristformene vert brukte ved gjentekne handlingar.


Neste spørsmål i språksamanlikninga er: Kva verbformer vil ein kunne bruke i tyrkisk i kontekstar der ein på norsk brukar perfektumsforma "har gått"?



Figur 4 Tyrkiske former i kontekstar der vi i norsk brukar perfektum.

Figur 4 viser at det i tyrkisk er det finst tre former som uttrykkjer perfektumsinnhald. I kontekstar der ein på norsk brukar forma "har gått" kan ein i tyrkisk bruke formene 'gittim', 'gidiyorum' og 'gitmişim'.

Den observante lesar har sett at både forma 'gittim' og 'gitmişim' førekjem i begge figurane. Både "gjekk" og "har gått" kan altså omsetjast med desse formene. Den tyrkiske fortidsforma 'gittim', DI- fortid, kan altså svare både til preteritum og perfektum i norsk. Det same kan mİş-forma. Figur 5 viser dette tilhøvet:



Figur 5 To eksempel på "splitting"

Figur 5 viser at dersom ein ser på DI-fortid og mİş-fortid enkeltvis, er ei form i tyrkisk grammatikalisert ved to former i norsk. Også tabell 3 viser forholdet mellom former i tyrkisk og norsk som har fortidsinnhald og perfektumsinnhald (jf. 3.2.3).

Verbformer i tyrkisk	Verbformer i norsk
1	preteritum (jf. eng. "was going")
2	preteritum (jf. den iterative/habituelle funksjonen: "brakte å")
3 (DI-fortid)	<b>preteritum og presensperfektum</b>
4	preteritum og preteritumperfektum
5 (mİş-fortid)	<b>preteritum og presensperfektum</b>

Tabell 2 Samanlikning av grammatiske uttrykk for fortidsreferanse og perfektumsinnhald.

Tabell 2 viser at både preteritum og presensperfektum vert brukt i kontekstar der ein på tyrkisk brukar DI-fortid og mİş-fortid.

For å kunne seie noko om kva for former som er mest parallelle til dei ulike perfektumstypar i norsk (jf. 3.3.3) vil eg presentere tabell 3:

Perfektumstypar	Verbformer i tyrkisk
Resultativ perfektum	<b>DI-fortid + mİş-fortid</b>
Erfaringsperfektum	<b>DI-fortid + mİş-fortid</b>
Perfektum i vedvarende situasjonar	Presens
Perfektum ved nær fortid	<b>DI-fortid og mİş-fortid</b>

Tabell 3 Verbformer i tyrkisk som kan uttrykkje ulikt perfektumsinnhald.

Tabell 3 viser at perfektumsinnhald i tre av Comrie sine perfektumskonstruksjonar vert i tyrkisk uttrykt både ved DI-fortid og mİş-fortid. Unntaket er 'perfektum i vedvarande situasjonar' som vert uttrykt gjennom ei fortidsform i tyrkisk.

Figur 5, tabell 2 og tabell 3 har på forskjellige måtar vist at ulikskapen mellom tyrkisk og norsk er av typen 'splitting'. Dette tyder at funksjonen til ei form i morsmålet vert uttrykt ved to former i målspråket. Vi har sett at eit slikt forhold vert vurdert som den vanskelegaste å lære (sjå 2.4). Sidan fundamentale kategoriar vert uttrykte på svært forskjellige måtar i tyrkisk og norsk, kan eg utifrå teori om andrespråkslæring forvente at dette også vil vise seg i innlæraren sitt mellomspråk (jf. Tenfjord 1997:63). Utifrå den kontrastive samanlikninga av tyrkisk og norsk er det grunnlag for å gå til mellomspråksmaterialet med denne hypotesen (jf. 1.2):

*Norskinnlærararar med tyrkisk som morsmål vil ha ein ikkje-målspråksslik distribusjon av preteritumsformer og presensperfektumsformer. Ein vil finne preteritumsformer i presensperfektumskontekstar og presensperfektumsformer i preteritumskontekstar.*

## 4.0 Metode

### 4.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg presentere informantane, materialet og den metodiske tilnærminga eg har valt. Lightbown (1984) åtværer mot at val av metodisk framgangsmåte vert hangande i "lause lufta" og at empirien berre vert deskriptiv utan tilknytning til det teoretiske fundamentet som er lagt til grunn (Lightbown 1984 i Nistov 1991:21). Metodekapitlet representerer såleis overgangen frå teoretiske til empiriske emne, og den metodiske tilnærminga for denne studien er eit resultat både av den teoretiske ramma og eigenskapar ved materialet.

### 4.2 Presentasjon av informantane og materialet

#### 4.2.1 Informantane

Dei skriftlege tekstane som utgjer mine data har eg fått frå arkivet til Norsk språktest, og sidan eg har fått direkte tilgang til eit samla datasett har eg vorte spart for ein tidkrevjande innsamlingsfase. Mellomspråkstekstane eg har studert er eit utdrag frå eksamenssvaret til 60 informantar som har teke *Språkprøven i norsk for voksne innvandrere*. Målgruppa for *Språkprøven* er:

[...] voksne innvandrere som gjennom undervisning eller på annan måte har tilegnet seg ferdigheter i norsk språk som åpner for deltakelse i vidare opplæring eller aktiv deltakelse i samfunns- og arbeidsliv slik dette er beskrevet i *Opplæringsplanen i norsk med samfunnskunnskap for voksne innvandrere*. (Eksempeltest 2000:1)

Sjølv om alle informantane som går opp til *Språkprøven* er vaksne, kan eg likevel ikkje seie at eg har teke høgde for aldersfaktoren. Det er rom for stor variasjon innan denne vide nemninga<sup>33</sup>. I sitatet ovanfor står det at informantane "på en eller annan måte har tilegnet seg ferdigheter i norsk språk". Denne litt vage formuleringa vil i praksis seie at det kan vere stor variasjon med tanke på norskopplæringsbakgrunnen til informantane.

Om det *skriftlege* språk- og kommunikasjonsnivået som er ynskjeleg før ein går opp til *Språkprøven* les vi at:

---

<sup>33</sup> Felles for alle informantane er i alle fall at dei ikkje har lært norsk som born. Og på eit kognitivt grunnlag kan ein hevde at språklæring skjer på forskjellig måte før og etter puberteten.

Kandidatene skal kunne [...] skrive fortellende tekster om allmenne og personlige emner og formelle tekster som søknader og henvendelser til offentlige instanser. Det skal være god sammenheng, klart meningsinnhold og noe variert språkbruk i tekstene. Kandidatene skal kunne elementær tegnsetting, vanlige regler for ortografi og skal kunne bruke vanlige konvensjoner for tekstopsett. (Eksempeltest 2000:1-2)

Den skriftlege språkbruken til kvar kandidat vert vurdert av to sensorar etter fire vurderingskriterier:

*Svar på oppgaven*

I dette kriteriet inngår vurdering av hvilken grad kandidaten skriver innenfor det oppgitte temaet og om budskapet i teksten kommer fram. For oppgave A, bunden oppgave, vurderes det også om språklig stil og oppsett er avpasset til situasjonen teksten skal fungere i.

*Sammenheng i teksten*

I dette kriteriet inngår vurdering av i hvilken grad det er sammenheng og struktur i teksten slik at den er lett å lese.

*Ordforråd*

Ordforrådet vurderes etter hvor presist og variert det er.

*Grammatikk*

Det vurderes hvor korrekt ordstilling, bøyninger, rettskriving og tegnsetting er og hvor varierte setninger som brukes. (Eksempeltest 2000:2)

Kriteria går både på funksjonalitet og korrektheit, og i sensuren vert dei fire kriteria tillagde lik verdi (Eksempeltest 2000:2). Kandidatane er vurderte av sensorar som er kvalifiserte for denne oppgåva, og det er mogleg å få karakterane ”bestått”, ”godt bestått” og ”ikkje bestått”. Informantane mine har eg delt inn i tre grupper: 1) **TB-gruppa** er tyrkiske informantar som har bestått Språkprøven, 2) **TIB-gruppa** er tyrkiske informantar som ikkje har bestått Språkprøven, og 3) **VB-gruppa** er informantar med vietnamesisk morsmålsbakgrunn som har bestått Språkprøven<sup>34</sup>.

I tabell 4 fylgjer eit oversyn over kva karakter informantane i dei forskjellige gruppene har fått:

<b>TB-gruppa</b>	26 ”bestått”
	5 ”godt bestått” <sup>35</sup>
<b>TIB-gruppa</b>	20 ”ikkje bestått”
<b>VB-gruppa</b> (kontrollgruppa)	9 ”bestått”

**Tabell 4 Karakteroversyn.**

<sup>34</sup> TB-gruppa er nummerert frå 1B-31GB, TIB-gruppa frå 32IB-51IB og VB-gruppa frå A-I.

<sup>35</sup> Fem av informanttekstane i datamaterialet mitt (2GB, 17GB, 18GB, 30GB og 31GB) har fått karakteren ”godt bestått”. Desse informantane har svart på oppgåvene: ”En person som har betydd mye for meg” (2GB), ”Min første jobb” (17GB), ”Norsk kultur” (18GB), ”Gjenbruk” (30GB) og ”Forskjeller i samfunnet før og nå” (31GB).

TB-gruppa utgjør hovudmaterialet, medan VB-gruppa har ein viktig funksjon som kontrollgruppe. Dette vil eg kome tilbake til (sjå 4.4). I tillegg til å samanlikne TB-gruppa med VB-gruppa har eg valt å samanlikne analyseresultata med TIB-gruppa. I datatilfanget har eg 20 informanttekstar som er skrivne av tyrkiske informantar som ikkje har fått vurdert språket sitt til "godt nok norsk" til å bestå Språkprøven. I appendiksen presenterer eg kva for oppgåver alle informantane har svart på, og i analysedelen vil eg undersøke om det er ein forskjell i tempusbruken til tyrkiske informantar som har fått forskjellig karakter etter å ha gått opp til Språkprøven.

#### 4.2.2 Materiale

Frå kvar enkelt informant har eg to skriftlege oppgåver, DEL 1 og DEL 2<sup>36</sup>. I DEL 1 har kandidatane fått i oppgåve å skrive ein jobbsøknad, ei etterlysing av ei tapt lommebok, eit oppslag om ein fest, eit personleg brev eller ei melding til eit forsikringsselskap. Slike tekstar har eit ganske fast tekstoppsett med bestemte komponentar, og obligatoriske innhaldsmoment er presenterte i oppgåveteksten. I tråd med nemningane til Norsk språkttest kallar eg DEL 1 for ei "bunden oppgåve" (jf. Eksempeltest 2000:2)<sup>37</sup>. Eit eksempel på ei oppgåveformulering i den bundne oppgåva er som fylgjer:

**Har noen funnet en lommebok?**

**Informasjon:** Tenk deg at du har mistet lommeboken din. Skriv en lapp som du kan sette opp på en oppslagstavle, på skolen, jobben eller i n romr det.

**Skriv:** - hvordan lommeboken ser ut

- n r du mistet den

- hva den inneholder

- hvordan man kan ta kontakt med deg (Eksempeltest 2000:44, mi understreking)

I analysen vil eg gjere ei kvantitativ delunders king ved   n rlese informantane sine svar p  sp rsm let "n r mistet du den", og unders ke korleis denne obligatoriske fortidskonteksten vert behandla av dei enkelte spr kinnl rarane (sj  avsnitt 5.3.4.1).

Svaret p  DEL 1 skal vere ein forholdsvis kort tekst, og i mitt materiale er den gjennomsnittlege lengda 97 ord per tekst. DEL 2 er derimot ei langsvarsoppg ve med gjennomsnittleg 235 ord per tekst. I DEL 2 har kandidatane valt mellom tre til fire

<sup>36</sup> Det Norsk spr kttest kallar oppg ve A har eg kalla DEL 1, medan oppg ve B er kalla DEL 2.

<sup>37</sup> I denne termen legg eg det same innhaldet som Larsen-Freeman og Long gjer i termen "guided composition" som st r for produksjon av munnlege eller skriftlege komposisjonar som er ein respons p  eit sett med stimuli (Larsen-Freeman og Long 1991:29).

oppgåver, og dei har skrive tekstar som til dømes ”En person som har betydd mye for deg”, ”En hyggelig opplevelse”, ”Alkohol og alkoholvaner” og ”Vennskap”. Tekstane til informantane i den frie skriftlege produksjonen kan på mange måtar minne om den tradisjonelle skolestilen. Vinje (1989) karakteriserer ”skolefortellingen” som tekstslag fyrst og fremst som ein akkumulerande teksttype, men at det han akkumulerer berre i låg grad heng skikkeleg ihop (Vinje 1989:37). Ein kan seie at Vinje her karakteriserer skolestilen ved mangel på struktur snarare enn ved nærværet av struktur og visse element. Eg har valt å kalle DEL 2 ’fri skriftleg produksjon’, og eg brukar denne termen slik Larsen-Freeman og Long (1991) brukar termen *free composition*. Dette er den kanskje minst kontrollerte av alle oppgåvetypar, hevdar dei, og forskaren har her ikkje styrt oppgåva på annan måte enn at ho har eit visst tema (Larsen-Freeman og Long 1991:30). Når eg har valt å gjere mi undersøking med både den bundne og den frie skriftlege produksjonen som datagrunnlag, er det fordi ulike teksttypar på forskjellig måte kan gje tilgang til tempusbruk i mellomspråk.

#### 4.2.2.1 Samanheng mellom oppgåveformulering og tempusbruk

I dette avsnittet vil eg ta opp om ulike oppgåveformuleringar i DEL 2 favoriserer ulike tempusbruk. Slik eg ser det kan det liggje temporale føringar i dei ulike oppgåveformuleringane. I artikkelen ”Vi får hva vi ber om...” diskuterer Sandvik (1989) korleis oppgåveformuleringa sitt tidsperspektiv ofte vert spegla att i tekstar.

Det er klar regelmessighet mellom teksttype og verbform – i fortellende tekster er det overvekt av preteritumsformer, i beskrivende tekster presensformer og i oppfordrende eller instruerende tekster imperativ, samt modale verbformer og presensformer. (Sandvik 1989:29)

Sandvik sitt perspektiv er viktig fordi tekstane eg har til rådvelde er svar på ganske forskjellige oppgåveformuleringar. Somme oppgåver, til dømes oppgåva om ”alkohol og alkoholvaner”, motiverer til å skildre i notid, medan andre oppgåver, til dømes forteljande tekstar om ”en hyggelig opplevelse” motiverer meir til å referere til fortidsinnhald.

Det er mogleg at det er ein ulempe ved datasettet at eg ikkje har hatt kontroll over kva oppgåveformuleringar informantane har svart på. Eg har ikkje hatt moglegheit til å pense informantane inn mot teksttypar der referanse til fortids- og perfektumsinnhald er mest dominerande. Dette problemet vil eg kome tilbake til i analysekapitlet (sjå 5.4.2) og i drøftingskapitlet (sjå kap.6), og i neste avsnitt vil eg gruppere materialet

etter dei tempusforventningane ein kan ha i samband med dei forskjellige oppgaveformuleringane.

Dataa vert her grupperte etter kva for oppgave dei har svart på i den mest omfangsrike delen av eksamenssvaret, DEL 2. Informantane har her svart på i alt 14 forskjellige oppgaveformuleringar som eg har valt å dele inn i tre tekstgrupper. Tekstgruppe 1) er oppgaver med fokus på fortidige tema, tekstgruppe 2) er generelle oppgaver (dvs. ikkje tidsspesifikke) og tekstgruppe 3) er oppgaver med fokus på framtida. Tabell 5 viser korleis dei forskjellige oppgaveformuleringane er klassifiserte utifrå tempusforventningane:

<b>Tekstgruppe 1</b>	Skriv om en person som har betydd mye for deg.
	Skriv en tekst om en hyggelig opplevelse.
	Skriv en tekst om din første jobb.
	Skriv en tekst om forskjeller i samfunnet før og nå.
<b>Tekstgruppe 2</b>	Skriv dine tanker om det å bli gammel.
	Skriv en tekst om en sport du liker.
	Skriv en tekst om norsk kultur.
	Skriv en tekst om alkohol og alkoholvaner.
	Skriv en tekst om en forfatter (norsk eller utenlandsk) og om en bok han/hun har skrevet.
	Skriv en tekst om en interesse du har.
	Skriv en tekst om barneoppdragelse.
	Skriv en tekst om å kjøpe, selge og bruke ting om igjen.
Skriv en tekst om vennskap.	
<b>Tekstgruppe 3</b>	Skriv en tekst om hvordan du ønsker at framtida skal bli.

**Tabell 5 Tre tekstgrupper.**

Eg forventar at tekstar i tekstgruppe 1) vil ha fleire preteritumskontekstar enn tekstane i tekstgruppe 2 og 3. Det vil vere meir fortidsreferanse her fordi oppgaveformuleringa gjev signal om at teksttida bør vere fortidig. I kapittel 5.3.3 drøftar eg om det faktisk eksisterer ein slik samanheng mellom oppgaveformulering og tempusbruk.

#### **4.3 Avgrensing av studien**

Sidan tekstane eg har studert er produserte på *eitt* bestemt tidspunkt, ville eg i utgangspunktet kalle undersøkinga mi for ein tverrsnittsstudie og ikkje ein

longitudinell studie med eit utviklingsperspektiv. Men gjennom analyseprosessen har det vist seg at dataa ikkje høver så godt til ein tverrsnittsstudie fordi tekstane er så ulike og dermed gjev dei ikkje nødvendigvis grunnlag for å seie noko om heile gruppa. Studien er heller ikkje lagt opp som ei reindyrka tverrsnittundersøking med eit 'pseudolongitudinelt' siktemål. I denne typen studiar vil data frå dei minst avanserte språkinnlærarane representere materiale i det første stadiet i ein longitudinell studie, medan data frå dei informantane som har kome lengst vil svare til den siste innsamlinga i ei langtidsundersøking (Færch 1984:297 i Nistov 1991:34-35). I min studie ser eg på i kor stor grad eit visst innhald er grammatikalisert på eitt bestemt tidspunkt, så siktemålet er heller å studere "what it is that the interlanguage demonstrates at a given point in time" (jf. Mc Laughlin 1987:70). Eg har altså hatt problem med å plassere studien min innan ein bestemt kategori, men det er mogleg at omgrepet 'punktstudie'<sup>38</sup> kan vere passande for mitt prosjekt. Med denne termen vil eg halde fram at studieobjektet mitt er det mellomspråket som språkinnlærarar legg for dagen på eitt bestemt tidspunkt, nemleg når dei går opp til Språkprøven.

Utgangspunktet for denne avhandlinga har som nemnt vore ei forventning eller ein hypotese om korleis andrespråket til tyrkiske norskinnlærarar vil sjå ut. Sjølv om eg ikkje vurderer studien i høve til eit strengt popperiansk syn på kva som kan vere forskning, er det likevel mogleg å sjå på denne undersøkinga i høve til eit deduktivt forskingsparadigme.

The *deductive* approach [...] begins with a preconceived notion or expectation about the second language phenomena to be investigated. (Seliger og Shohamy 1989:30)

Seliger og Shohamy meiner at målet med hypotesetestande forskning er "to test hypotheses in order to develop a theory about the phenomena in question" (Seliger og Shohamy 1989:29). Om eg ikkje skal utvikle ny teori, kan eg kanskje medverke til ein vidare diskusjon om morsmålet si rolle i høve til det språklege feltet temporalitet og i høve til ei bestemt innlærargruppe, altså tyrkiske innlærarar. Som kjent har hypotesen morsmålspåverknad som grunnleggjande premiss (jf. 2.3), og hypotesen vil bli testa i tilknytning til tre forskingsspørsmål gjennom datahandsaminga som det vil bli gjort greie for i 5.1 og 5.2.

Når ein går til materialet med ei bestemt problemstilling, ein hypotese eller eit forskingsspørsmål er det essensielt å drøfte om dataa ein legg til grunn kan gje ny

---

<sup>38</sup> ukjend kjelde

innsikt i høve til det ein skal undersøke. Mellom andre framhevar Tenfjord at det er avgjerande å problematisere dataa sin validitet i høve til forskingsspørsmålet ein har (Tenfjord 1998:41). Omgrepet *validitet* refererer til i kor stor grad datainnsamlingsprosessen eller dataa målar det dei skal måle (Seliger og Shohamy 1989:188). Eit viktig spørsmål å diskutere er om ein finn nok belegg for dei språklege eigenskapane ein er på jakt etter. Dette vil eg kome tilbake til i drøftinga av det teksttilfanget eg har hatt tilgang til (sjå 5.4.2).

Det er heilt klart mange faktorar som har innverknad på korleis andrespråklæring skjer. Det å identifisere og undersøke ein enkel faktor eller ei klynge av faktorar som på eitt visst nivå er bestanddelar av eit hovudsystem, kan ifylgje Seliger og Shohamy beskrivast som å ha eit *bestanddelsperspektiv* i motsetnad til eit meir *holistisk* perspektiv (Seliger og Shohamy 1989:27). Larsen-Freeman og Long (1991) nyttar termen "focused description" om det å skildre eit avgrensa område av andrespråklæringa. I utdjupinga av denne termen gjev dei eksempel på avgrensingar som er ganske parallelle til mine egne.

[...] researchers who use a focused descriptive methodology do so because they wish to narrow the scope of their study to a particular set of variables, a particular system of language (e.g. **morphology**) or to explore a particular issue (e.g. **the influence of the native language on SLA**) (Larsen-Freeman og Long 1991:17, mi utheving)

Mitt eige perspektiv er avgrensa gjennom ein hypotese om eit fenomen innan temporalitet (dvs. 'feildistribusjon'), og dette fenomenet forventar eg å finne uttrykk for i mellomspråket. Gjennom den hypotesen og dei forskingsspørsmåla eg vil setje fram (sjå 5.1) har eg avgrensa perspektivet for analysen, men slike avgrensingar kan også ha negative sider: "Limiting the scope of research ignores the fact that SLA is a multi-dimensional phenomenon" (Larsen-Freeman og Long 1991:18). Larsen-Freeman og Long framhevar her at andrespråklæring er eit mangefasettert fenomen, og som ei tilføyning av dette poengterer Tenfjord at morsmålet berre er ein av mange eksterne og interne faktorar som kan påverke andrespråklæring (Tenfjord 1998:39). Hadde ein analysert individuelle faktorar som motivasjon, tidsbruk, sosiale forhold og opplæringstilhøve, ville ein kunne avdekkje at informantane truleg har svært ulik bakgrunn. Kvar enkelt av desse faktorane representerer i seg sjølv egne forskingsområde, men det er vanskeleg å ta høgde for alle faktorar som er involverte i andrespråklæring (jf. Seliger og Shohamy 1989:25). At ikkje alle desse påverknadsfaktorane vert diskuterte utførelg, tyder ikkje at eg meiner dei er

uintressante eller uviktige. Avgrensinga frå slike faktorar er bestemt av dataa, for eg har ikkje hatt tilgang til andre personlege opplysningar enn kva som er morsmålet til innlærarane, og her støttar eg meg på informasjon frå Norsk Språktest.

#### 4.4 Kontrollgruppe

I samband med studier av morsmålet si rolle har Ellis (1994) peikt på eit viktig metodisk problem, nemleg det at ein ikkje kan isolere morsmålsfaktoren frå andre faktorar som har innverknad på andrespråkstileigninga. Sjølv om morsmålet si rolle har ein sentral posisjon hjå Ellis, framhevar han at også andre faktorar påverkar læringa av eit andrespråk (Ellis 1994:335). Som ein av måtane å imøtekome dette problemet, meiner Tenfjord (1998) at ein må samanlikne ulike morsmålsgrupper som lærer same språk for å kunne isolere morsmålspåverknad frå andre faktorar. Ei kontrollgruppe er ei styrking av forskingsdesignet, og etter hennar syn er dette metodiske grepet avgjerande for å kunne støtte eller avkrefte hypotesar om morsmålet si rolle. Dette løyser noko av det problemet Ellis har peikt på, men Tenfjord viser likevel til avgrensingar ved bruken av kontrollgrupper. Heller ikkje denne framgangsmåten kan dekkje alle metodiske behov, for det å påvise forskjellar mellom ulike morsmålsgrupper gjev ikkje i seg sjølv ei forklaring på *korleis* morsmålet påverkar andrespråkstileigninga (Tenfjord 1998:29).

I mitt eige hovudfagsprosjekt har eg valt å ha ei kontrollgruppe med 9 informantar med denne vietnamesisk morsmålsbakgrunn. Det er interessant å undersøke om den tyrkiske gruppa har ein annan distribusjon av preteritums- og perfektumsformer enn den vietnamesiske kontrollgruppa. At eg har valt ei vietnamesisk kontrollgruppe, er for det fyrste fordi vietnamesisk, typologisk sett, er svært forskjellig frå både tyrkisk og norsk. Vietnamesisk er eit isolerande språk som ikkje har bøyning, og tempus er ikkje ein grammatisk kategori i dette språket (Tenfjord 1997:93). I vietnamesisk er det altså ikkje eit obligatorisk krav om å markere grammatisk lokalisering av handlingar eller tilstandar i tid, og eventuell tidsmarkering vert ikkje gjort ved bundne morfem (Tenfjord 1997:82). Tenfjord refererer til det vietnamesiske språksystemet som eit system som tillèt 'tom tempusanafori'. Det problematiske med dette uttrykket er at grammatikalisering av tid krev at tempus har eit språkleg uttrykk, og det vert dermed problematisk å definere noko som ein "tom kategori". Dette konseptuelle problemet løyser Tenfjord ved å gå utifrå ein meir abstrakt grammatisk modell som postulerer

ikkje-grammatiske storleikar, noko som fører til at også tom tempusanafori kan sjåast på som grammatikalisering. I vietnamesisk refererer ein til det temporale utan at det nødvendigvis er noko i setninga som representerer denne tidsreferansen, og i vietnamesisk vert tidsreferansen etablert anten leksikalsk eller kontekstuel, som i norsk (Tenfjord 1997:97).

I tillegg til at vietnamesisk er eit interessant språk reint typologisk, har det vore praktisk mogleg å ha ei vietnamesisk kontrollgruppe av di ein medstudent studerer innlærartekstar med dette morsmålet. Ho har gjeve meg tilgang til deler av hennar materiale. Kva kriterium har eg så nytta for å kunne velje ut tekstar frå hennar teksttilfang? Sidan eg i denne oppgåva drøftar om oppgåveformuleringar har innverknad på tempusbruk (sjå avsnitt 4.2.2.1 og 5.4.2), er det naturleg at dette får konsekvensar for utvalet. Dei ni vietnamesiske informantane er valt ut på grunnlag av kva for oppgåveformuleringar informantane har svart på i DEL 2. Målet har vore at utvalet av tekstar skal samsvare best mogleg med tekstane som dei tyrkiske informantane har svart på. Dette er viktig for at gruppene skal vere mogleg å samanlikne, og i appendiksen (tabell D) har eg lista opp kva for oppgåveformuleringar dei vietnamesiske informantane har svart på.

#### 4.5 Kvantitativ og kvalitativ metode

Materialet mitt har visse kvalitetar som har vore styrande for kva for type studie eg har hatt høve til å gjennomføre. Mellom anna har det teksttilfanget eg har hatt tilgang til gjort at studien ikkje kan vere longitudinell. Når det gjeld kvantitativ og kvalitativ metode, har eg i større grad stått overfor reelle metodeval, for dataa gjev høve til å analysere både kvantitativt og kvalitativt. Ottar Hellevik (2002) gjev denne definisjonen av *kvantitativ metode*:

[...] Med dette menes framgangsmåtene der forskeren først systematisk skaffer seg sammenlignbare opplysninger om flere undersøkelsesobjekter av et visst slag, så uttrykker disse opplysningene i form av tall, og til slutt foretar en analyse av mønsteret i dette tallmaterialet. (Hellevik 2002:13)

*Kvalitativ metode* skildrar Hellevik på denne måten:

En forsker innenfor den *kvalitative* tradisjonen baserer seg på sin evne til å leve seg inn i og oppfatte et mønster i det mangfoldet av sanseintrykk hun mottar, i stedet for å trekke ut et begrenset antall aspekter ved helheten, og så måle og analysere dem ved hjelp av tall. (Hellevik 2002:13)

Nunan (1996) vurderer det som ei forenkling å skilje skarpt mellom kvalitativ og kvantitativ forskning, og meiner altså at det er ein meir glidande overgang mellom dei to arbeidsmåtene. Nunan poengterer at metodeval må takast utifrå det spørsmålet som ein vil ha svar på, ikkje ”by adherence to one research paradigm rather than another” (Nunan 1996:360). Det viktigaste er altså at ein plasserer sitt eige prosjekt og det ein undersøker i høve til dei mest føremålstenlege metodane. Skiljet mellom kvalitativ og kvantitativ forskning kan ein likevel halde på som idealiserte storleikar som ytterpunkt på eit kontinuum (jf. Larsen-Freeman og Long 1991:15).

På kva måte motiverer så mitt eige materiale til ein kombinasjon av desse metodane? Sidan eg har mange informantar, er kvantitative metodar føremålstenlege for å kunne gjere oppteljingar, generalisere og trekkje slutningar på breiare basis enn om eg hadde hatt få informantar. Hellevik framhevar at kvantitative metodar er tenlege når ein vil lage oversiktlege dataoversyn (Hellevik 2002:197). Kvantitative metodar gjev meg mellom anna høve til å samanlikne språkbruken til dei tyrkiske informantane med kontrollgruppa. Ved kvantifisering og statistiske metodar kan eg vurdere om forskjellane i mellomspråket til dei forskjellige morsmålsgruppene er statistisk signifikante og dermed eit resultat av morsmålspåverknad (jf. Tenfjord 1998:43). Men sidan tekstane i så ulik grad gjev grunnlag for å studere preteritum og perfektum høver ikkje dataa etter mi mening til statistiske analyser av dette slaget.

Det problemet eg prøver å nærme meg her, er behandla både av Nistov (1991) og Tenfjord (1998). Nistov meiner at det er problematisk å kvantifisere mellomspråk (Nistov 1991:36). Før ein får laga oversiktlege presentasjonar av dataa, kan ein ha hatt store problem med å segmentere mellomspråket. Nistov poengterer at det ikkje er enkelt å tale om absolutte storleikar når ein undersøker mellomspråk og at statistiske undersøkingar ofte kan skjule den tvetydigheita som finst i mellomspråk, og dei tolkingproblema ein vil støyte på (Nistov 1991:22). I tråd med Nistov får dette konsekvensar for dei tabellariske framstillingane eg legg fram i analysekapitlet. Ein må difor sjå på innhaldet i tabellane som ei synleggjering av dei tolkingane og vala eg har gjort ved segmenteringa og analysen, ikkje som eit uttrykk for absolutte storleikar (Nistov 1991:36).

Eit anna problem med å operere kvantitativt i høve til gruppestorleikar er at denne arbeidsmåten gjer det vanskeleg å fange opp individuelle kvalitetar ved

mellomspråkstekstane. Difor har eg valt å analysere både på gruppenivå og individnivå. For å få meir innblikk i produksjonen til den enkelte språkinnlærer, vil eg gjere ei lita nærlesing av nokre enkeltinformantar. Dette er viktig fordi andrespråkstileigning er ein individuell prosess (Tenfjord 1998:43). Eg vil skildre språkbruken til enkeltinformantar og vise at ein kan finne individuelle trekk i måten dei grammatikaliserer fortidig og perfektivt innhald. Kvalitative individstudiar kan gjere at ein ser den faktiske variasjonen som mest truleg eksisterer mellom innlærarane. Etter å ha sett at Nistov og Tenfjord har ein viss skepsis til kvantitative metodar brukt på mellomspråk, er det kanskje ikkje overraskande at metodeforskarane Seliger og Shohamy ser nt til å meine at det faktisk er kvalitativ metode som oftast har vorte brukt til å beskrive innlæraråtfærd i andrespråksforskning (Seliger og Shohamy 1989:120-121).

Ei avgrensing på den kvalitative delen av analysen er at eg har svært lite tekst frå kvar informant. Hadde eg hatt eit større tekstgrunnlag frå kvar informant, kunne eg til dømes undersøkt om informantane har formuleringar som dei stadig brukar utan at dei er gjennomanalyserte. Eit anna meir generelt problem med kvalitativ metode er ifylgje Hellevik at det er vanskeleg å finne generelle reglar for korleis ein bør gå fram, og at forskaren vert svært avhengig av si eiga evne til å avgjere kva som i einkvar situasjon er eit fornuftig metodeval (Hellevik 2002:14).

#### **4.6 Ei hermeneutisk tilnærming**

Utifrå diskusjonen om kvalitativ og kvantitativ metode motiverer mellomspråksdata på mange måtar til å ha eit hermeneutisk perspektiv (jf. Nistov 1991:22). Denne dimensjonen er viktig fordi det kan oppstå problem med å kategorisere tvetydige og uklare språklege einingar. Då må tolkinga skje i relasjon til det lesararen opplever som sendaren sin intensjon, både på makro- og mikronivå. Den hermenentiske dimensjonen representerer eit 'innanfrå-perspektiv' som må til i tolkingsprosessen. Nistov meiner at ein bør gå inn på tekstprodusenten sine premisser for produksjon, og tolke i høve til språkprodusenten sitt eige språkssystem, ikkje berre utifrå dei normative kriterier som gjeld for målspråket (Nistov 1991:32-35).

Også Tenfjord er inne på at den hermeneutiske dimensjonen må inn i handsaminga av mellomspråksdata (Tenfjord 1997:129). Ho held fram det problematiske med å

behandle mellomspråksdata som "hard-data", for uklåre strukturar kan finnast i mellomspråket sidan mellomspråkssystema fungerer på eigne premissar. Som eksempel viser Tenfjord til at det kan oppstå problem med å kvantifisere former som uttrykkjer fortid. Tolkingane må sannsynleggjerast av di eit språkleg uttrykk som tilsvarer eit preteritumsmorfem i målspråket, ikkje nødvendigvis har noko fortidsinnhald i det heile teke i det aktuelle mellomspråket. Slike problem behandlar ho også meir generelt:

[...] i behandlingen av data vet ikke forskeren i utgangspunktet hvilket innhold en spesiell form uttrykker eller hvilken funksjon en bestemt form har. Forholdet mellom form og funksjon trenger ikke være sammenfallende med forholdet i målspråket. (Tenfjord 1997:129)

I forlenginga av dette meiner Tenfjord at det ikkje er føremålstenleg å ta til med å leite etter visse grammatiske morfem, men at ein heller bør ta utgangspunkt i den språklege funksjonen (her: fortidsreferanse og perfektumsinnhald) og sjå etter korleis denne funksjonen er uttrykt på forskjellig måte i mellomspråket, og ifylgje Tenfjord er dette spørsmåla ein bør stille når ein studerer fortidsreferanse:

Hvor i dialogen blir det referert til hendelser i fortiden? Hva er det som gjør at de temporale forholdene kommer klart fram? Utgangspunktet da blir hva elevene kan uttrykke med sitt språk, eller hvilke funksjoner språket har. I neste omgang ser vi hvordan dette etter hvert etablerer seg som et forhold mellom funksjon og form. (Tenfjord 1997:13)

I analysen vil eg fokusere på temporale kontekstar og undersøke korleis desse er grammatisk markerte. På denne måten held eg på ei funksjonell tilnærming. I ein formfokusert studie ville ein berre gjort oppteljingar av dei tilfella der det faktisk er grammatisk fortidsmarkering. Eg vil altså heller måle kor ofte informantane brukar grammatikaliserde uttrykk i obligatoriske kontekstar. Uttrykket "obligatorisk kontekst", som ifylgje Nistov (1991:24) tyder at dei språklege omgjevnadane krev gjennomføring av ein viss regel i høve til målspråksnorma, er likevel ikkje eit uproblematisk omgrep. Korrekt gjennomføring av målspråksregelen i obligatorisk kontekst tyder ikkje alltid at eleven meistrar målspråksregelen. Den korrekte gjennomføringa kan vere tilfeldig, eller det kan dreie seg om positiv overføring frå morsmålet (Nistov 1991:25). Det er heller ikkje alle obligatoriske kontekstar som er så enkle å identifisere. Dette har med om den bestemte kategorien som skal bli uttrykt *må* vere tilstades, eller om bruken er fullstendig avhengig av den intenderte meninga til språkbrukaren. Det er altså forskjell på kor enkelt det er å identifisere obligatoriske kontekstar, og dette vil særleg bli relevant i mi drøfting av korleis ein skal identifisere

perfektumskontekstar<sup>39</sup>. Larsen-Freeman og Long (1991) aktualiserer problemet med å identifisere obligatoriske kontekstar på fylgjande måte:

Sometimes obligatory contexts are easy to identify. For instance, proficient speakers mark a common count noun preceded by a cardinal number for plurality. The use of such a noun, therefore, establishes an obligatory context for plural morpheme. What however, is the obligatory context for a modal verb? The use of a modal verb is entirely dependent upon a speaker's intended meaning, something that is not always available for a researcher's inspection. (Larsen-Freeman og Long 1991:40)

Slik eg ser det er diskusjonen av kva som må til for å kunne identifisere obligatoriske kontekstar ei svært viktig metodisk utfordring i andrespråksforskning, og eg etterlyser meir refleksjon på dette området, særskilt i høve til kategoriar som er meir relaterte til andrespråksinnlæraren sine intensjonar enn normative reglar i målspråket.

---

<sup>39</sup> I mitt prosjekt er det heilt essensielt å kunne identifisere perfektumskontekstar dersom eg skal kunne undersøke om norsksinnlærarar feildistribuerer preteritumsformer og perfektumsformer (jf. 5.2.6.2).

## 5.0 Analyse

### 5.1 Innleiing

Analysen tar utgangspunkt i fylgjande hypotese:

*Norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål vil ikkje ha ein målspråksslik distribusjon av preteritumsformer og presensperfektumsformer. Ein vil finne preteritumsformer i presensperfektumskontekstar og presensperfektumsformer i preteritumskontekstar.*

I analysen vil eg altså undersøke om tyrkiske norskinnlærarar feildistribuerer preteritums- og perfektumsformer. For å finne ut dette vil eg både ha ei kvantitativ og kvalitativ tilnærming. Mellomspråkstekstane vert undersøkte både på gruppenivå og individnivå.

I tråd med vitskapsteoretikaren Popper (1972) held Dyvik (1980) fram det vitskapelege kravet om at ein empirisk hypotese må vere logisk mogleg å avkrefte. "En hypotese er empirisk bare hvis den er fortolket slik at det er klart hva som skal til for å avkrefte den", seier Dyvik (1980:7). Sjølv om eg strengt tatt ikkje opererer med eksakte krav og målepunkt for kva som skal til for å falsifisere hypotesen, kan eg likevel seie noko om kva for resultat som svekker og støttar hypotesen. Nullførekomst eller berre nokre få eksemplar på feildistribusjon<sup>40</sup> vil vere eit resultat som er stikk i strid med mi forventning. Funn av feildistribusjon, derimot, støttar hypotesen. Den viktigaste grunnen til at hypotesen kan bli styrkt, er dersom dei tyrkiske informantane har meir feildistribusjon enn den vietnamesiske kontrollgruppa<sup>41</sup>. Dette vil eg kome tilbake til i samband med forskingsspørsmål 1.

---

<sup>40</sup> Feildistribusjon vil seie 1) preteritumsformer i perfektumskontekstar og 2) perfektumsformer i preteritumskontekstar.

<sup>41</sup> Ein diskusjon som er relevant i høve til min hypotese, er at denne typen hypotese vanskeleg kan falsifiserast, sidan den eigentleg er eit "eksistensutsagn" av typen "Det finnes tigre i India". Slike hypoteser kan "bevise" ved at ein finn ein observasjon (dvs. eitt eksempel på feildistribusjon av preteritums- og perfektumsformer), medan det er vanskeleg å spesifisere kva som skal til for å avkrefte den. Ifylgje Dyvik kan observasjonar verken "motbevise" eller "bevise" ein teori (Dyvik 1980:7-8). Funn av feildistribusjon støttar likevel min meir generelle prediksjon om at tyrkiske norskinnlærarar vil ha *problem* med preteritums- og perfektumskategorien.

Det er også viktig å poengtere at hypotesen eg har sett fram berre er beskrivande. Hypotesen inneheld ei forventning om kva eg forventar å finne reint empirisk. For at analysen ikkje berre skal vere deskriptiv, vert den kontrastive analysen av temporalitet i tyrkisk og norsk trekt inn i drøftinga. Dersom observasjonane mine og funna mine støyr hypotesen, vil eg trekkje inn samanlikninga av tyrkisk og norsk for å forklare analyseresultata. Slik eg ser det vil hypotesen stå sterkare dersom den både kan verte styrkt gjennom undersøkinga og kan bli forklart ved forhold i morsmålet og mellomspråksteorien. Avhandlinga mi har altså både eit *deskriptivt* og *eksplanatorisk* føremål. Sjølv om eg fyrst og fremst kan undersøke om eg vil finne eit bestemt fenomen i mellomspråket til tyrkiske norskinnlærarar, vil den meir overordna diskusjonen dreie seg om morsmålet kan påverke andrespråklæring (sjå 2.1.2 og 6.3.4).

Grunnlaget for hypotesen er presentert i teorikapitla. Resultatet av analysen av tyrkisk og norsk var observasjonen av det kontrastive forholdet 'splitting'. Denne typen forskjell medfører vanskar for andrespråksinnlærarar. Også etter Lund (1997) sin funksjonelle språklæringsteori vil eit slikt form-funksjonsforhold mellom morsmål og målspråk medføre læringsvanskar, sjølv om ho ikkje spesifiserer forholdet til å kallast "splitting". Lund skil i utgangspunktet berre mellom *kjende* og *ukjende* kategoriar. For å kunne undersøke om morsmålet har innverknad på mellomspråket til tyrkiske norskinnlærarar, er kontrollgruppa svært viktig (jf. 4.3.1.1).

Når eg brukar nemninga *feildistribusjon*, meiner eg "feildistribusjon av preteritumsformer og perfektumsformer i både preteritums- og perfektumskontekstar". Nemninga **Fperf/pret** tyder "tilfelle av perfektumsform i preteritumskontekst", medan nemninga **Fpret/perf** tyder "preteritumsform i perfektumskontekst". Når eg omtalar preteritums- og perfektumskontekstar, kjem eg til å variere mellom å bruke heile nemningane og å forkorte preteritumskontekst(ar) til **Kpret** og perfektumskontekst(ar) til **Kperf**.

I forlenginga av hypotesen om at eg vil finne feildistribusjon vil eg stille fylgjande forskningsspørsmål:

- 1) Å lære bruken av preteritum og perfektum medfører ”splitting” av kategoriar for dei tyrkiske norskinnlærarane, medan det for dei vietnamesiske medfører eit trekk av typen ”nyhende”<sup>42</sup> – *Har TB-gruppa meir feildistribusjon enn VB-gruppa?*
- 2) Perfektum har ein semantisk og pragmatisk uklår funksjon – *Medfører dette at TB-gruppa har mest feildistribusjon av typen Fpret/perf?*
- 3) 31 av mine 51 tyrkiske informantar (TB-gruppa) har bestått Språkprøven, medan 20 (TIB-gruppa) ikkje har bestått. *Har TIB-gruppa meir feildistribusjon enn TB-gruppa?*

Spørsmåla har forskjellig karakter, men essensen i dei er å spesifisere den feildistribusjonen eg forventar å finne i mellomspråket til tyrkiske norskinnlærarar.

Forskingsspørsmål 1 er basert på ei forventning om at norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål vil ha meir feildistribusjon enn den vietnamesiske kontrollgruppa. Utifrå teorien til Stockwell m. fl. (1965) kan ein forvente at andrespråksinnlærarar med vietnamesisk som morsmål vil ha mindre feildistribusjon enn dei tyrkiske informantane på akkurat dette området. Dersom vietnamesiske norskinnlærarar har mindre feildistribusjon, stør dette Stockwell m. fl. sin kontrastive læringsmodell, for å lære tilhøvet mellom preteritum og perfektum er eit trekk av typen ”nyhende” for vietnamesiske norskinnlærarar, medan det for tyrkiske innlærarar medfører splitting av grammatiske kategoriar (jf. tabell 1). Det er viktig at samanlikninga av ulike morsmålsgrupper finn stad for å eventuelt kunne styrke eller svekke det teoretiske grunnlaget eg har lagt til grunn. Dersom den vietnamesiske innlærargruppa har like mykje feildistribusjon som den tyrkiske gruppa har eg ikkje fått nokon indikasjon på at feildistribusjonen har med tyrkisk som morsmål å gjere. Forskingsspørsmål 1 vert svart negativt på dersom dei vietnamesiske innlærarane relativt sett har fleire førekomstar av preteritumsformer i perfektumskontekstar, og perfektumsformer i preteritumskontekstar enn dei tyrkiske innlærarane. Dersom den vietnamesiske innlærargruppa gjer like mange feil på dette området, er det lite sannsynleg at feildistribusjonen har med tyrkisk som morsmål å gjere.

---

<sup>42</sup> Ulikskap mellom morsmål og målspråk av typen ’nyhende’ medfører ifylgje Stockwell m.fl (1965) mindre læringsproblem enn ulikskap av typen ’splitting’ (sjå kapittel 2.1.3).

Forskingsspørsmål 2 står i kontrast til noko av den tidlegare andrespråksforskinga om temporalitet. Det er mest vanleg å forvente at aspekt blir tileigna før tempus (jf. ”aspekthypotesen”), og sidan perfektum i norsk også har eit aspektuelt innhald, kunne ein forventa at perfektum vart grammatikalisert før preteritum, i alle fall perfektum sin mest grunnleggjande funksjon (dvs. resultativ perfektum). I tillegg er det framsett teori (jf. 2.1.4) som seier at kategoriar med *kommunikativ tyngde* vert lært før kategoriar med redundant innhald. I staden for å leggje mest vekt på aspekthypotesen, og teorien om kommunikativ tyngde, har eg fokusert meir på den kontrastive analysen av tyrkisk og norsk. På basis av mi utgreiing av temporalitet i tyrkisk og norsk, har eg kome fram til at perfektum er ein pragmatisk og semantisk uklår kategori (jf. Lund 1997), og difor vil det sannsynlegvis vere vanskelegare å bruke denne kategorien i høve til den meir transparente preteritumskategorien. Eg spør altså om innlærarane vil ha meir Fpret/perf enn Fperf/pret. Forskingsspørsmål 2 vert svart negativt på dersom eg observerer meir feildistribusjon i preteritumskontekstar enn i perfektumskontekstar.

Forskingsspørsmål 3 er sett fram utifrå ein generell idè om at innlærarar som ikkje har bestått Språkprøven vil ha meir feildistribusjon enn informantar som har bestått Språkprøven. I drøftingsdelen vil eg vise til studier som ser samsvar mellom generell språkkompetanse og meistring av uttrykk for temporalitet. Det er interessant å undersøke om eg finn ut at tyrkiske innlærarar som ikkje har bestått Språkprøven feildistribuerer meir eller mindre enn dei informantane som har bestått Språkprøven. Forskingsspørsmål 3 vert svart negativt på dersom TB-gruppa har meir feildistribusjon eun TIB-gruppa.

## 5.2 Analysegang

### 5.2.1 Transkripsjon

Transkripsjonen av materialet gjekk i å skrive av dei handskrivne tekstane og overføre desse til wordformat. Transkriberinga medførte ingen store tolkingsproblem, sidan handskriftene var klare og tydelege. Ein medstudent ved nordisk institutt las korrektur på avskriftene mine for å sikre at eg ikkje hadde gjort endringar i tekstane. Neste trin

var å tilpasse datamaterialet til excel-format for å leggje til rette for ei oversiktleg datahandsaming.

### 5.2.2 Anonymisering

Parallelt med transkripsjonen anonymiserte eg all personleg informasjon som fanst i tekstane. Å anonymisere er eit pålegg frå Norsk språktest i tråd med Datatilsynet sine forskrifter på dette området. Føremålet med anonymisering generelt er at det skal vere uråd å spore opp og identifisere personane som har produsert tekstane. All sensitiv informasjon (t.d. namn, alder, heimstad osv.) som kan knyte mellomspråkstekstane til enkeltpersonar, vart fjerna frå teksten. Personnamn er erstatta med "(namn)", medan stadnamn i Norge eller Tyrkia er erstatta med "(stad)". Eg har heller ikkje gjeve informasjon om kva tid språkprøvene er samla inn.

### 5.2.3 Rekonstruksjon

Alle ytringar i materialet som bryt med grammatiske reglar og tekstkrav i norsk har vorte omformulerte, medan målspråkslike mellomspråksytringar ikkje har vorte gjort noko med. Rekonstruksjonen er altså mi innfødde utgåve av mellomspråksteksten, og i denne har eg prøvd å gje att det semantiske innhaldet eg meiner ligg bak informantane sine ytringar (jf. Randen 1999:71). Dette har eg kalla *rekonstruksjon*, eit omgrep som vart introdusert av Corder (Berggren og Tenfjord 1999:52)<sup>43</sup>. Eit viktig prinsipp i rekonstruksjonen har vore å endre mellomspråksteksten minst mogleg.

Her fylgjer eit eksempel på korleis eg har rekonstruert ei av mellomspråksytringane i materialet.

- Tidligere **bruker** vi brev for å kommunisere. (Informant 27B, setning 2046)
- Tidligere brukte vi brev for å kommunisere. (Min rekonstruksjon)<sup>44</sup>

Sidan verbforma "bruker" ikkje korefererer med tidsadverbialet "tidligere", må eg endre dette i rekonstruksjonen.

<sup>43</sup> Hans term er "native reconstruction".

<sup>44</sup> Når eg presenterer informantteksten, brukar eg symbolet "•", og når eg presenterer min rekonstruksjon, vil eg frå no av bruke symbolet "○". Korrekte verbformer vil bli både utheva og sett i kursiv, medan ukorrekte verbformer berre vil vere utheva.

Ved somme høve er rekonstruksjonen problematisk, og då må det større grad av tolking til. Eitt av avsnitta som har vore vanskeleg å tolke er dette:

- Jeg har en Lommeboken. Jeg skriver noen veninne min adresse og tlf.nummer også. Besjeke noen ganger viktig møte eller time plan. Første side. Skrever jeg adresse og tlf. min. Når blir jeg mister tenkte den Lommebøkene venter jeg telefon kanskje omn persjon finner og kan kontak med meg, [...] (Informant 43IB, setning 647-655)

Her er det vanskeleg å rekonstruere teksten til ei målspråkslik utgåve fordi teksten er oppstykket og har eit lite klårt innhald. Sjølv om eg utifrå kjennskap til oppgåveteksten veit at dette er ei etterlysing av ei lommebok, og sjølv om eg ser kva for enkeltord informanten har nytta, kan ein ikkje umiddelbart vite kva informanten har meint. Akkurat denne DEL 1- teksten frå informant 43IB er det einaste avsnittet i materialet som eg har utelate på grunn av tolkingsproblem.

#### 5.2.4 Analyseeining

For at studieobjektet (dvs. mellomspråkstekstane) skulle verte enklare å handtere og kategorisere, har eg delt materialet inn i mindre einingar. Den minste analyseeininga i studien er *setninga*. Hagen definerer setninga slik: "En setning er en maksimal verbfrase med et finitt verb som kjerneledd" (Hagen 2002:241). Det er formålstenleg å ha setninga som analyseeining fordi temporalitet vert grammatisk markert i det finitte verbet. Dette gjer at eg kan kvantifisere førekomstar av korrekt og nkorrekt markerte temporale kontekstar.

I eksemplet nedanfor viser eg skilja mellom analyseeiningane i ein tekst. Den vertikale streken (" | ") markerer grensene mellom kvar analyseeining (dvs. skilja mellom kvar setning som ideelt sett inneheld ei finitt verbform).

- En dag var vi på besøke i freteks fabrikk | og så jeg | at de brukte alt | vi hadde kastet. (Informant 30GB, setning 2295-2298)

I Excel-skjemaet har eg skilt mellom analyseeiningane på denne måten:

2295	30-GB-2	En dag var vi på besøke i freteks fabrikk
2296	30-GB-2	og så jeg
2297	30-GB-2	at de brukte alt
2298	30-GB-2	vi hadde kastet.
2299	30-GB-2	De klærne som ikke kan brukes
2300	30-GB-2	blir brukt der.

Mellomspråkssetningane i materialet oppfyller oftast kriteriet om finitt verbal, men somme tider manglar kjerneleddet. Det er viktig å halde fram at eg markerer skilja mellom analyseiningane utifrå min rekonstruksjon av mellomspråksytringane, og i eksemplet nedanfor kan ein sjå at fråvær av finitt verbal er merkt med symbolet "Ø".

- [...] selv om livet Ø veldig kort. | Det jeg ønsker Ø å leve som mennesker. (Informant 7B, setning 521-526)

At kopulaverbet "er" er utelate i teksten, gjer at det oppstår eit brot med den norske setningskonstruksjonen. Andre gongar har informantar plassert to finitte verb innanfor rammene av ei setning/analyseining, som her:

- Vi **ønsker** alle ansette **er** velkommen med deres en gjest. (Informant 24B, setning 1788)

Setningar som 1) "selv om livet Ø veldig kort" og 2) "vi ønsker alle ansette er velkommen" er tatt med i analysen. Setning 1) er rekna som ein temporal kontekst med feiltypen Ø/pres, medan den temporale konteksten i setning 2) har blitt rekna som ein korrekt markert presenskontekst.

### 5.2.5 Koding av temporale kontekstar

Dei mest sentrale temporale kontekstane i denne oppgåva er preteritumskontekstar og perfektumskontekstar (sjå 3.3.2 og 3.3.3). Å kunne kode desse og andre typar temporale kontekstar er viktig for å kunne undersøke tempusbruken til informantane. I tabell 6 presenterer eg alle kategoriane eg har tilført materialet, og i tabellen har eg forkorta dei temporale kontekstane på denne måten:

Preteritumskontekstar: **Kpret**

Preteritumperfektumskontekstar: **Kpretperf**

Presenskontekstar: **Kpres**<sup>45</sup>

Presensperfektumskontekstar<sup>46</sup>: **Kperf**

---

<sup>45</sup> I høve til kategorien "presenskontekstar" har eg gjort eit metodisk grep. Denne kategorien vert operasjonalisert som ein samlekategori for fleire typar notidsreferanse. Både setninga "Jeg sitter og skriver", og setninga "Jeg skal reise i morgen", vert klassifisert som presenskontekstar, sjølv om verbforma "skal reise" eigentleg er ei modal verbform og eit uttrykk for presens futurum (dvs. framtid). Det må også nemnast at eg har trekt ut alle analyseiningar der eg har identifisert obligatoriske kontekstar for imperativt innhald, sidan slike former uttrykkjer ein type modalt innhald som ikkje står sentralt i mi oppgåve.

<sup>46</sup> Presensperfektumskontekstar vil frå no av bli omtala som **Kperf** eller *perfektumskontekstar*.

Tabell 6 er eit oversyn over alle kategoriane eg har operert med i analysen.

Kpret	GM	pret
	UM	UM/pret
		Ø/pret
	FM	pres/pret
		<b>Fperf/pret</b>
pretperf/pret		
Kpretperf	GM	pretperf
	UM	UM/pretperf
		Ø/pretperf
	FM	pres/pretperf
		presperf/pretperf
		pret/pretperf
Kpres	GM	pres
	UM	UM/pres
		Ø/pres
	FM	pret/pres
		presperf/pres
		pretperf/pres
Kperf	GM	presperf
	UM	UM/presperf
		Ø/presperf
	FM	pres/presperf
		<b>Fpret/presperf</b>
	pretperf/presperf	

Tabell 6 Kategoriar for ukorrekt og korrekt markerte temporale kontekstar.

Tabell 6 viser kategoriar både for ukorrekt og korrekt markerte temporale kontekstar. Tabellen er delt opp i 3 kolonner. I kolonne 1 vert den aktuelle temporale konteksten presentert. Kolonne 2 viser at den temporale konteksten kan vere korrekt markert eller ukorrekt markert. GM er nemninga for korrekt grammatisk markering, medan nemningane UM og FM begge står for at preteritumskonteksten ikkje er markert grammatisk i tråd med målspråksnorma. I neste avsnitt vil eg vise kva som er forskjellane mellom UM og FM. Kolonna heilt til høgre spesifiserer på kva måtar den aktuelle temporale konteksten kan vere grammatisk markert, umarkert eller feilmarkert.

Kategoriane UM og FM fangar altså opp temporale kontekstar som ikkje er markerte i tråd med målspråksnorma. UM står for 1) at verbforma i den temporale konteksten er identisk med oppslagsforma for leksemet (eks: Det **være** gøy i går!<sup>47</sup>), eller 2) at det

<sup>47</sup> Denne setninga har eg konstruert, og her er det brukt ei oppslagsform i staden for ei preteritumsform. Slike tilfelle markerer eg på denne måten: "UM/pret".

er fråvær av verbform i den temporale konteksten (eks: "det Ø bare tull!")<sup>48</sup>.

Feilmarkerte temporale kontekstar (FM) er den andre typen avvikskategori. At ein temporal kontekst er feilmarkert tyder at informanten har feildistribuert verbformer i ulike typar temporale kontekstar (eks: feildistribusjon av preteritumsformer og perfektumsformer).

Som eksempel på korleis temporale kontekstar kan vere feilmarkerte ser vi i tabell 7 at Kpret kan vere feilmarkert på tre måtar: 1) pres/pret, 2) **Fperf/pret** og 3) pretperf/pret. 1) står for presensform i preteritumkontekst, 2) står for perfektumsform i preteritumkontekst og 3) står for preteritumperfektumsform i preteritumkontekst. Ved slike tilfelle samsvarer ikkje verbforma med den temporale konteksten som er identifisert. Her er eit eksempel:

- Første dagen når jeg **har vært** på jobben det var ganske vanskelig å sitte i kasse [...]. (Informant 13B, setning 881-882)

I dette eksemplet korefererer ikkje verbforma "har vært" med den temporale konteksten eg har observert. Konteksten er feilmarkert og eit eksempel på avvikstypen **Fperf/pret**. Feiltypen **Fpret/perf** står for at det er brukt ei preteritumsform i ein perfektumkontekst. Dei to sistnemte typane feilmarkerte kontekstar vedkjem hypotesen direkte sidan eg skal undersøke om informantane feildistribuerer preteritumsformer og presensperfektumsformer. Observasjonar av feiltypane Fperf/pret og Fpret/perf er difor særleg viktige i analysen.

I umarkerte og feilmarkerte kontekstar kan informantar ha prøvd å markere konteksten grammatisk, men berre nesten fått det til (eks: "Når lakssolt var ca 25 gr, da **invitert\_** vi en vaksinasjons team fra (sted)" (Informant 24B, setning 1806)). Dette eksemplet har eg ikkje rekna som verken ein umarkert eller ein feilmarkert preteritumkontekst. Informantar kan ha markert den temporale konteksten "tilstrekkeleg", sjølv om fortidsforma manglar ei e-ending. Former som "invitert\_" i staden for "inviterte" i ein mellomspråkstekst, har blitt kategorisert som ei preteritumsform. Ifylgje mine operasjoniseringar er dette altså eit eksempel på *korrekt* grammatisk markering av fortid. Gjennom dette eksemplet vil eg signalisere at eg ikkje er ute etter å tillegge informantane feil, men heller ta høgde for at språkelevar kan ha markert ein temporal kontekst sjølv om dei ikkje meistarar det formelle til fulle.

---

<sup>48</sup> Denne typen feil, som er dominert av fråvær av kopulaverb, markerer eg på denne måten: "Ø/pret".

Når Karrer (1999) drøftar korleis ho har telt opp ukorrekte og korrekte tempusformer i si mellomspråksanalyse, skriv ho at ”det var mange som hadde valgt riktig tempus, men formen de hadde brukt var ukorrekt. Eksempler på dette er *bruket* for *brukte*, *selget* og *salgte* for *solgte* [...]” (Karrer 1999:78). Som vi har sett fylgjer eg det same prinsippet som Karrer i kodinga.

### 5.2.6 Identifisering av preteritums- og perfektumskontekstar

Ved å identifisere temporale kontekstar signaliserer eg at analysen har eit funksjonelt perspektiv. Analysen legg til rette for ein funksjon-form analyse ved at eg ser etter korleis innlærarane uttrykkjer bestemte temporale relasjonar (sjå teoridelen, avsnitt 3.1.4).

#### 5.2.6.1 Identifisering av preteritumskontekstar

Slik operasjonaliserer eg omgrepet *preteritumskontekst*. Ein preteritumskontekst er ein temporal kontekst der det ifylgje målspråksnorma skal vere grammatisk markering av fortid<sup>49</sup>. Tenfjord (1997) drøftar på kva grunnlag ein kan tolke ein temporal kontekst som fortidig i mellomspråksproduksjon:

Tolkningen kan vere basert på direkte språklige uttrykk som tempusmarkering og adverbialer i ytringen. Tolkningen kan imidlertid også vere basert på språklige eller ikke-språklige kontekstuelle forhold, og da finnes den nødvendige informasjonen for tolkningen utenfor ytringen, altså i konteksten. [...] (Tenfjord 1997:150)

Både orda og setningane før og etter den setninga som vert studert spesielt (dvs. ”direkte språklege uttrykk”/den tekstlege konteksten) og den ikkje-språklege samanhengen som ein tekst også førekjem i (dvs. ikkje-språklege kontekstuelle forhold/deu situasjonelle konteksten), kan ha relevans for tolkinga av referansetida<sup>50</sup> (jf. Tenfjord 1997:152).

Når fortidskontekstar vert identifiserte er det på grunnlag av implisitt eller eksplisitt leksikalsk referanse. Alle fortidskontekstar har fått nemningane A, B eller C,

---

<sup>49</sup> Definisjonen er mi eiga formulering, men er basert på Tenfjord si utgreiing om identifisering av fortidsreferanse (Tenfjord 1997:150)

<sup>50</sup> Ein *tekstleg kontekst* er den språklege omgjevnaden ei setning førekjem i. Konkret sett er desse orda og setningane både før og etter den setninga som vert studert spesielt. *Situasjonell kontekst* er den ikkje-språklege samanhengen som ein tekst også førekjem i, og som kan ha betydning for tolkinga. Utanomspåklig informasjon kan vere eit grunnlag for å gjere referansetida eintydig (Tenfjord 1993c i Tenfjord 1997:152).

avhengig av om fortidskonteksten er etablert (og identifisert av analysatoren) utifrå (A) eit fortidsuttrykk i same setning, (B) eit fortidsuttrykk i same tekst eller (C) eit underforstått fortidsuttrykk (jf. kapittel 3.3.2). Eit utdrag frå min rekonstruksjon av informant 13B sin tekst kan illustrere korleis eg har spesifisert kva for type fortidskontekst som er identifisert. I dette utdraget kan ein sjå at informant 13B (setning 870-884) har preteritum i både A-, B- og C-kontekstar.

Da jeg søkte (C) jobb i Norge, kunne (A) jeg ikke snakke bra norsk. Jeg søkte (B) på en jobb som kassadame. Først måtte (B) jeg ha intervju sammen med sjefen i butikken. Den dagen jeg hadde (B) intervju var (A) jeg litt nervøs. Jeg skjønnte (B) bare halvparten av det hun sa (B), så jeg tenkte (B): "Det blir vanskelig siden jeg ikke forstår så mye norsk. Første dagen jeg var (C) på jobben, var (A) det ganske vanskelig å sitte i kassen, så jeg tenkte (B): "Jeg kommer aldri til å klare denne jobben. (Informant 13B, setning 870-884)

Den innleiande setninga "Da jeg *søkte* jobb i Norge" er eksempel på ein C-preteritumskontekst. Ein må slutte utifrå samanhengen at dette har skjedd i fortida, sjølv om teksten ikkje inneheld eit spesifikt tidsuttrykk som tidfestar hendinga. Verbet "kunne" i neste setning ("*kunne* jeg ikke snakke bra norsk") står i forhold til setninga før (dvs. "Da jeg *søkte* jobb i Norge") som for verbforma "kunne" fungerer som eit tidsuttrykk i *same setning*. Når neste setning inneheld preteritumsforma "søkte" er dette målspråkslik preteritumsbruk fordi verbet korefererer med fortidsuttrykk i *same tekst*.

Når språkinnlæraren har markert fortidskonteksten på ein målspråkslik måte, altså både leksikalsk og grammatisk som til dømes i setninga "I går *gjekk* eg på ski", er det ikkje så vanskeleg å identifisere fortidskonteksten. Heller ikkje når fortidskonteksten berre er markert leksikalsk treng det å vere så vanskeleg å identifisere fortidskonteksten (eks: "Jeg **kommer** til Norge i 1993"<sup>51</sup>). I denne setninga korefererer ikkje verbforma "kommer" med det leksikalske fortidsuttrykket "1993". Heller ikkje slike fortidskontekstar er særskilt vanskelege å identifisere, sidan det ikkje er preteritumsformene, men tidsuttrykka som primært er tidfestande i norsk (sjå avsnitt 3.3.2). Det kan derimot vere ganske komplekst å identifisere fortidskontekstar der det verken er observert fortidsuttrykk eller grammatiske fortidsformer. Då kan det vere teksttypen eller oppgåveformuleringa som gjer at ein meiner at teksten burde hatt meir markering av fortid. Problem med å identifisere temporale kontekstar har sjølvstapt samband med problem som kan oppstå når ein skal rekonstruere

---

<sup>51</sup> mitt eksempel

mellomspråksytringar. Eit utdrag som allereie er kommentert i den samanhengen (sjå avsnitt 5.2.2), kan også illustrere problem med identifisering av fortidskontekstar:

- Jeg har en Lommeboken. Jeg skriver noen veninne min adresse og tlf. nummer også. Besjoke noen ganger viktig møte eller time plan. Første side. Skrever jeg adrese og tlf min. Når blir jeg mister tenkte dene Lommebøkene venter jeg telefon kanskje omn persjon finner og kan kontak med meg [...]. (Informant 43 IB, setning 647)

Føremålet med teksten ovanfor er å etterlyse ei tapt lommebok, men tidfestande uttrykk glimrar med sitt fråvær. Ein kunne forventta at det vart referert til tidspunktet lommeboka forsvann, men i staden står dette og andre verb i teksten i presens. Informanten gjev få eller ingen signal om kva som er intendert tempusbruk.

#### 5.2.6.2 Identifisering av "perfektumskontekstar"

Fordi perfektum er ein kompleks kategori, er det særskilt viktig å drøfte den metodiske utfordringa det er å identifisere perfektumskontekstar. Tenfjord (1997) har drøfta problemet med å identifisere kontekstar som krev referanse til perfektumsinnhald.

Å identifisere uttrykk som har samme funksjon som målspråkets perfektum, er mer problematisk enn å identifisere kontekstar der målspråkets regler krev preteritum. Preteritumskontekstar kan i prinsippet identifiseres uten at de er grammatisk markert, fordi bruk av preteritumsformen krev at det er etablert en referansetid i diskursuniverset som preteritums morfemet kan koreferere til. At det er ulik mulighet for forskeren til å identifisere obligatoriske kontekstar for henholdsvis perfektum og preteritum, skyldes at de to kategoriene har ulik primær betydning. (Tenfjord 1997:158)

Identifiseringa av perfektumskontekstar skil seg altså frå identifiseringa av fortidskontekstar fordi kategoriene har ulikt innhald. Preteritum har ein anaforisk funksjon, medan perfektum har eit sjølvstendig innhald (jf. kap. 3.3.3). Preteritumsformer vert brukte fordi det er eit grammatisk krav i den aktuelle temporale konteksten. Det eksisterer med andre ord *obligatoriske* fortidskontekstar. Bruken av preteritum er kontekstavhengig på den måten at det er eit grammatisk krav at til dømes leksikalsk uttrykt fortidsreferanse krev preteritumsform av verbet. Denne typen grammatisk krav har ein ikkje om å uttrykke perfektumsinnhald. Identifisering av perfektumskontekstar har difor ein annan karakter og må basere seg meir på den pragmatiske tolkinga av kvar ein bør grammatikalisere perfektumsinnhald. Ein må ta utgangspunkt i si eiga internaliserte kjensle for kva som er grammatisk og ikkje. Ein må også tolke utifrå teksten som heilskap og forventningar til ulike tekstslag kvar det er *rimeleg å anta* at ein målspråksbrukar ville uttrykt eit perfektumsinnhald. Å identifisere perfektumskontekstar kan altså ikkje gjerast på grunnlag av eksplisitte

grammatiske reglar. Unntaket er her 'perfektum i vedvarande situasjonar' (eks: "Hun **har bodd** i Norge i fem år").

I somme tilfelle er det heilt tydeleg at informantar ikkje har markert i tråd med den pragmatiske konteksten, men i eksemplet nedanfor har ein informant feilmarkert ein perfektumskontekst ved å bruke preteritum.

- Jeg jobber mye å lære norsk språk. Jeg håper dere kan høre som jeg **klarte**. (Informant 10B, setning 697-700)
- Jeg jobber mye med å lære meg norsk. Jeg håper dere kan se at jeg **har klart** det. (Min rekonstruksjon)

I tillegg til å identifisere i kva for kontekstar det er rimeleg å anta at innlærarane burde brukt perfektumsformer, har eg også ynskt å klassifisere både korrekt og ukorrekt markerte perfektumskontekstar etter Comrie si inndeling i fire typar perfektumskonstruksjonar (jf. kap. 3.4.2.2). Her kjem eitt eksempel frå kvar av perfektumskonstruksjonstypane<sup>52</sup>:

Resultativ perfektum:

Jeg **har lært** norsk på (sted) voksenopplæringscenter. (Informant 1B, setning 13)

Erfaringsperfektum:

**Har** du noensinne **følt** deg lykkelig? (Informant 2GB, setning 135)

Perfektum i vedvarende situasjonar:

Jeg **har vært** i Norge i 3 år. (Informant 27B, setning 2017)

Perfektum ved nær fortid:

Nå som du **har lest** alt, (vet du at hun er [...]) (Informant 2GB, setning 211)

Gjennom analyseprosessen har det vist seg at det kan vere svært vanskeleg å operasjonalisere definisjonane til Comrie. Det ser ut til at dei ulike perfektumstypane av og til kan overlappse kvarandre. Skiljet mellom resultativ perfektum og erfaringsperfektum er til dømes ikkje alltid like klart. Dette vil eg kome tilbake til i kapittel 5.3.6.

### 5.2.7 Reliabilitetskontroll

I avsnitt 5.2.5 har eg peika på nokre av problema som er knytt til identifisering av preteritumskontekstar og perfektumskontekstar. Gjennom desse eksempla har eg peikt på at det ikkje er uproblematisk å analysere mellomspråk. Ein mellomspråksanalyse

---

<sup>52</sup> Disse eksempla er identiske med formuleringane til informantane, dei er altså ikkje rekonstruert.

dreier seg om tolking på alle nivå. Analyseresultat vil vere eit produkt av kodingane eg har tilført tekstmaterialet og difor er det nødvendig å reliabilitetsteste dataa. Seliger og Shohamy (1989) refererer til slike kvalitetssikringsprosedyrer:

[...] the researcher applied measures of reliability in order to verify and confirm that the scheme had been applied accurately to the data without being influenced by possible biases of his own. (Seliger og Shohamy 1989:206)

Reint praktisk har eg gjennomført reliabilitetstestinga på to måtar. For det fyrste har ein Randi Høyland sett over alle kodingane mine, og i tillegg har Ann Kristin Helland utført ein reliabilitetstest på eit tilfeldig utval på 10 % av heile materialet.

Analyseeiningane som skulle kodast på nytt vart trekte ut ved hjelp av ei liste med tilfeldige tal (1986:297). Testinga vart gjennomført med dei same prosedyrene som ved den opprinnelege kodinga og kategoriseringa. Samsvaret har vist seg å vere på 94 %. Dette viser høg reliabilitet i kodinga av dataa.

### 5.3 Analyseresultat på gruppenivå

Her vil eg presentere kvantitative og kvalitative tendensar frå analysen av materialet. Det styrande for disposisjonen er hypotesen og dei tre forskingsspørsmåla som vart presenterte i kapittel 5.1. Her er desse spørsmåla konkretisert ytterlegare:

- Korleis er temporale kontekstar fordelte kvantitativt?
- I kva grad er dei temporale kontekstane korrekt grammatisk markerte?
- Er tempusbruken styrt av oppgåvetype?
- Kor stor feildistribusjon har TB-gruppa (kor mykje Fperf/pret og Fpret/perf)?
- Har TB-gruppa meir feildistribusjon i perfektumskontekstar enn i preteritumskontekstar (dvs. meir av Fpret/perf)?
- Har dei tyrkiske informantane meir feildistribusjon enn dei vietnamesiske?
- Har TIB-gruppa meir feildistribusjon enn TB-gruppa?

#### 5.3.1 Fordeling av temporale kontekstar hjå TB-gruppa

Sidan alle kodingane er sette inn i reknearket Excel, har eg hatt høve til å gjere oppteljingar både på gruppenivå og individnivå. Tabell 7 viser korleis dei temporale kontekstane er fordelte kvantitativt på gruppenivå<sup>53</sup>:

---

<sup>53</sup> Her er talet på temporale kontekstar både i DEL 1 og DEL 2 slått saman.

Temporale kontekstar	førekomst	%
<b>Kpret</b>	<b>444</b>	<b>26 %</b>
Kpretperf	19	1 %
Kpres	1150	67 %
<b>Kperf</b>	<b>95</b>	<b>6 %</b>
Sum	1708	

**Tabell 7 Fordeling av temporale kontekstar i TB-gruppa.**

Tabell 7 viser at Kpres er den mest frekvente konteksttypen. Kpretperf er derimot svært sjeldan. Tabellen viser også at Kpret utgjør ein større del av analyseeininingane enn Kperf gjer (26 % mot 6 %) <sup>54</sup>. Utifrå tala i tabell 7 kan ein rekne ut at kvar fjerde temporale kontekst i materialet er ein preteritumskontekst ( $1708/444 = 4$ ), medan berre kvar attande temporale kontekst er ein perfektumskontekst ( $1708/95 = 18$ ).

### 5.3.2 Forholdet mellom korrekt og ukorrekt markering

Tabell 8 viser kor stor prosent av dei temporale kontekstane som er korrekt grammatisk markert.

	GM		UM		FM		Sum
	abs.	%	abs.	%	abs.	%	
Kpret	380	<b>86 %</b>	6	1 %	58	13 %	444
Kpretperf	4	21 %	2	11 %	13	68 %	19
Kpres	1103	96 %	31	3 %	16	1 %	1150
Kperf	53	<b>56 %</b>	5	5 %	37	39 %	95
<b>SUM TEMPORALE KONTEKSTAR</b>							1708

**Tabell 8 Grammatisk markerte, umarkerte og feilmarkerte temporale kontekstar i TB-gruppa.**

Tabell 8 viser at innlærarane har markert størst andel av Kpres og minst andel av Kpretperf. 86 % av alle Kpret er korrekt grammatisk markert og 56 % av Kperf. Ein ser at det er forholdsvis stor forskjell på kor stor andel av Kpret og Kperf som er korrekt grammatisk markert (30 prosentpoeng).

### 5.3.3 Feildistribusjon

Etter å ha sett på fordelinga av temporale kontekstar og om desse er korrekt grammatisk markerte, er neste skritt å vise om det faktisk er slik at informantar med tyrkisk som morsmål har feildistribuert preteritumsformer og perfektumsformer i

<sup>54</sup> I kapittel 5.3.5 vil vi sjå at den vietnamesiske kontrollgruppa har omlag like stor prosent av dei forskjellige typene temporale kontekstar (uavhengig av kor mykje feil som er observert i desse kontekstane). Dette kan tyde på at gruppene er mogleg å samanlikne.

Kpret og Kperf. I dette avsnittet skal eg altså presentere resultatene på gruppenivå. Tabell 9 viser alle førekomstene av korrekt og ukorrekt grammatisk markering i dei ulike temporale kontekstane.

		Temporal kontekst	Avvikstype	Førekomst
Temporale kontekstar som er korrekt markerte	GM (1540)	Kpret		380
		Kpretperf		4
		Kpres		1103
		Kperf		53
Temporale kontekstar som er ukorrekt markerte (168)	UM (44)	Kpret	UM/pret	2
			Ø/pret	4
		Kpretperf	UM/pretperf	0
			Ø/pretperf	2
		Kpres	UM/pres	12
			Ø/pres	19
		Kperf	UM/presperf	2
			Ø/presperf	3
	FM (124)	Kpret.	pres/pret	29
			<b>Fperf/pret</b>	<b>29</b>
			pretperf/pret	0
		Kpretperf	pres/pretperf	3
			pret/pretperf	8
			presperf/pretperf	2
		Kpres	pret/pres	14
			presperf/pres	1
			pretperf/pres	0
		Kperf	pres/presperf	5
			<b>Fpret/perf</b>	<b>32</b>
pretperf/presperf	0			
Feilkjelde				
SUM TEMPORALE KONTEKSTAR (korrekt og ukorrekt markerte)				1708

Tabell 9 Førekomstene av grammatisk markerte, umarkerte og feilmarkerte temporale kontekstar.

Tabell 9 viser at feiltypane Fperf/pret og Fpret/perf er ganske framtrædande: 29 Fperf/pret og 32 Fpret/perf.

Her vil eg gje eksempel på desse to avvikstypene:

Fperf/pret:

- Etter at jeg har **begynt** (Fperf/pret) på job og på (navn) skole **følte** (Fpret/perf) jeg meg bedre. (Informant 19B, setning 1429-1430)

Ifylgje mi tolking er verbforma ”har begynt” eit eksempel på bruk av ei perfektumsform i ein preteritumskontest, medan verbforma ”følte” er eksempel på at ein informant har brukt ei preteritumsform i ein perfektumskontekst. Dette er rekonstruksjonen eg har kome fram til:

Fpret/perf:

- Etter at jeg *begynte* på jobb og på (stedsnavn) skole *har* jeg *følt* meg bedre.

Tabell 10 og 11 presenterer viktige analyseresultat i min analyse, nemleg feilkvoten av feildistribusjon. Hypotesen om at dei tyrkiske innlærarane vil feildistribuere preteritums- og perfektumsformer krev at eg konsentrerer meg om feilkvoten, og eg legg til grunn Brautaset (1996) sin definisjon av dette omgrepet: ”Feilkvoten er det tallet en får når antallet faktiske feil av en bestemt type divideres på antallet muligheter for feil av denne typen” (Brautaset 1996:77). Ei feilkvote på 0 % tyder at målspråksregelen er fylgd overalt, medan ein feilkvote på 100 % tyder det motsette, nemleg at regelen aldri er fylgd eller at eg ikkje har identifisert kontekstar for bruk av ein bestemt kategori.

talet på moglege avvik av typen Fperf/pret	444
talet på faktiske avvik	29
<b>feilkvote for Fperf/pret</b>	<b>7 %</b>
talet på moglege avvik av typen Fpret/perf	95
talet på faktiske avvik	32
<b>feilkvote for Fpret/perf</b>	<b>34 %</b>

**Tabell 10 Feilkvote for Fperf/pret og Fpret/perf.**

Tabell 10 viser at det relativt sett er meir feildistribusjon av preteritumsformer og perfektumsformer i Kperf enn i Kpret. Feilkvoten for Fpret/perf er 27 prosentpoeng større enn for Fperf/pret. Dette viser at dei tyrkiske innlærarane har meir feildistribusjon i perfektumskontekstar enn i preteritumskontekstar. Resultatet vert drøfta i kapittel 6.

Tabell 11 viser den kollektive feilkvoten i prosent:

talet på moglege avvik (dvs. sum Kpret og Kperf)	539
talet på avvik av typen Fperf/pret og Fpret/perf	61
<b>feilkvote</b>	<b>11 %</b>

**Tabell 11 Kollektiv feilkvote.**

Tabell 11 viser at TB-gruppa har ein feilkvote på 11 %. Dette stør forventninga mi om at innl rara har feildistribuert preteritumsformer og perfektumsformer. For   kunne seie noko om feildistribusjonen kan ha med morsm let   gjere, vil eg samanlikne feilkvoten i TB-gruppa med feilkvoten i den vietnamesiske kontrollgruppa.

#### 5.3.4 Samanlikning av TB-gruppa og VB-gruppa

Forskingssp rsm l 2 om at TB-gruppa har meir feildistribusjon enn VB-gruppa st r sentralt dersom ein skal kunne seie noko om morsm let sin eventuelle p verknad. Dersom det er like mykje feildistribusjon hj  den vietnamesiske kontrollgruppa svekker dette morsm let som forklaringsfaktor. Men dersom VB-gruppa ikkje feildistribuerer preteritumsformer og perfektumsformer i like stor grad som TB-gruppa, har teorien om at feildistribusjon kan ha med morsm let   gjere vorte styrkt.

Samanlikninga med kontrollgruppa vert presentert i tre seksjonar. For det fyrste vil eg illustrere forskjellar mellom TB-gruppa og VB-gruppa ved   vise korleis *ein* obligatorisk preteritumskontekst er markert. For det andre vil eg presentere analyseresultat som kan vise den meir generelle tendensen i TB-gruppa og VB-gruppa. For det tredje vil eg samanlikne 2 tyrkiske og 2 vietnamesiske informantar som har svart p  identiske oppg ver om eit fortidstema. Desse tre m tane   samanlikne dei tyrkiske og vietnamesiske informantane vert gjort for   f  eit best mogleg bilete av funna.

##### 5.3.4.1 Ein illustrasjon

Som fyrste del av samanlikninga av TB-gruppa og VB-gruppa vil eg gjere ei delanalyse som er konsentrert ikring eit utsnitt av materialet. Denne kan fungere som ein illustrasjon p  samanlikninga av TB-gruppa og VB-gruppa. 8 tyrkiske og 3 vietnamesiske informantar har som DEL1 i Spr kpr ven skrive ei etterlysing av ei tapt lommebok. Dette er eit eksempel p  ei slik etterlysing:

**Kan du hjelpe meg?**

**Jeg mistet min lommabok i mitt kontor fredag kveld. (setning 587)**

Det er en sv rt og stor lommebok og 100 kr., 2 kredittkort, f rerkort inne.

Hvis finner du, kan du ta kontakt med meg. V r s  snill. [...]

OBS: Du kan ringe meg 24 timer i dagen.

(Informant 9B, setning 585-597)

For alle informantane som har skrive denne etterlysinga, er det obligatorisk å svare på spørsmålet "kva tid mista du lommeboka?" (sjå 4.2.2). I denne temporale konteksten *må* innlærarane bruke ei preteritumsform i kombinasjon med eit fortidig tidsuttrykk. Difor eignar denne oppgåva seg godt for å undersøke om og i kva grad dei tyrkiske og vietnamesiske informantane har førekomst av den eine feildistribusjonsvarianten, ei perfektumsform i ein preteritumskontekst. I teksten til informant 9B i eksemplet ovanfor, setning 587, ser vi at informant 9B har svart målspråkslikt. Men kor mange informantar har så markert den obligatoriske preteritumskonteksten med ei perfektumsform, og er det forskjell på korleis tyrkiske og vietnamesiske informantar behandlar den obligatoriske fortidskonteksten? Nedanfor fylgjer dei tyrkiske informantane sine svar:

Informant 5B: "Jeg **har mistet** i går kveld."

Informant 6B: "Jeg **har miste** den (tid) tirsdag på (kjøpesenter), klokken mellom 19.00-20.00

Informant 7B: "Jeg **er mistet** lommeboken 07.05.00"

Informant 8B: "Jeg **har mistet** den i Sentrum, 20.05.00"

Informant 9B: "Jeg *mistet* min lommabok i mitt kontor fredag kveld."

Informant 10B: "Jeg *mistet* Lommeboken min i foran Sagasenter i går kveld."

Informant 11B: "Jeg **har mistet** lommeboka min for 2 dager siden i (namn) butikk."

Informant 12B: "Den lommeboken **har** jeg **mistet** i går."

Faktisk er det berre informant 9B og 10B som har eit målspråkslikt svar på spørsmålet om kva tid lommeboka vart mista. Berre desse to informantane har brukt ei preteritumsform som korefererer med det fortidige tidsuttrykket. Dei 6 andre har altså ei perfektumsform i ein preteritumskontekst. Neste skritt er å undersøke om denne typen feildistribusjon også førekjem i mellomspråkstekstane til dei vietnamesiske informantane. Tre av dei i alt ni informantane i kontrollgruppa har svart på same oppgåva:

Informant B: "Jeg har på skolen i dag og tror at jeg *mistet* der." (setning 69-71)

Informant C: "På mandag (dato) kl. ca (tid) Jeg var på Nationaltheater etter jobben, og var jeg på Nasrensen men lommeboken *var* det *mistet*." (setning 112-114)

Informant D: "I går kveld ca.kl. (tid) oppfattet jeg at jeg **mistet** lommeboka mi." (setning 180-181)

Både informant B, C og D har brukt ei preteritumsform i den obligatoriske preteritumskonteksten, men i informanttekst B og D er det etablert ein temporal kontekst som heller krev ei preteritumperfektumsform. Det mest iaugefallande er likevel at eg ikkje har observert Fperf/pret hjå nokon av dei vietnamesiske informantane. Ingen av dei vietnamesiske informantane eg har hatt tilgang til har brukt ei perfektumsform der ein kunne forvente ei preteritumsform. Dette kan tyde på

at vietnamesiske informantar ikkje har like mykje feildistribusjon som eg finn i tekstane av tyrkiske informantar.

#### 5.3.4.2 Kvantitativ samanlikning

I tekstane til VB-gruppa har eg telt opp 515 analyseiningar, medan eg har telt opp 1708 analyseiningar hjå TB-gruppa. Sjølv om kontrollgruppa er av eit mykje mindre omfang enn TB-gruppa, viser tabell 12 at det er eit godt samsvar mellom fordelinga av temporale kontekstar i TB-gruppa og VB-gruppa.

	TB-gruppa	VB-gruppa
Kpret	26 %	25 %
Kpretperf	1 %	1 %
Kpres	67 %	69 %
Kperf	6 %	5 %

Tabell 12 Prosentvis fordeling av temporale kontekstar i TB-gruppa og VB-gruppa.

At den prosentvise fordelinga av temporale kontekstar er forholdsvis lik i dei to gruppene, talar for at dei er samanliknbare sjølv om det er fleire informantar i TB-gruppa. Eg vil tru at den jamne fordelinga av temporale kontekstar har med det å gjere at dei tyrkiske og vietnamesiske informantane har svart på same type oppgåveformuleringar (sjå tabell A i appendiksen).

Neste trinn er å vise kor stor prosent av dei temporale kontekstane som er grammatisk markerte, umarkerte og feilmarkerte hjå kontrollgruppa.

	GM		UM		FM		Sum
	abs.	%	abs.	%	abs.	%	
Kpret	115	91 %	2	2 %	10	8 %	127
Kpretperf	1	25 %	0	0 %	3	75 %	4
Kpres	338	95 %	8	2 %	11	3 %	357
Kperf	22	82 %	0	0 %	5	19 %	27
SUM TEMPORALE KONTEKSTAR							515

Tabell 13 Grammatisk markerte, umarkerte og feilmarkerte temporale kontekstar hjå VB-gruppa.

Tabell 13 viser at VB-gruppa har markert 91 % av Kpret (mot 86 % GM hjå TB-gruppa) og 82 % av Kperf (mot 56 % i TB-gruppa)<sup>55</sup>. VB-gruppa har altså meir

<sup>55</sup> jamfør tabell 9.

korrekt grammatisk markering i både Kpret og Kperf i høve til det eg har observert i TB-gruppa. Ved å samanlikne resultatane som er vist i tabell 8 med resultatane i tabell 13 finn eg at feildistribusjonen er meir frekvent hjå TB-gruppa enn hjå VB-gruppa. Feilfrekvensen seier likevel berre kor frekvent avvika eg studerer er innanfor materialet (jf. Brautaset 1996:77).

Tabell 14 viser feilkvoten for Fperf/pret og Fpret/perf i TB-gruppa og VB-gruppa.

	TB	VB
talet på moglege avvik (dvs. talet på Kpret)	444	115
talet på faktiske avvik	29	2
<b>feilkvote for Fperf/pret i</b>	<b>7 %</b>	<b>2 %</b>
talet på moglege avvik (dvs. talet på Kperf)	95	22
talet på faktiske avvik	32	3
<b>feilkvote for Fpret/perf</b>	<b>34 %</b>	<b>3 %</b>

Tabell 14 Feilkvoten for Fperf/pret og Fpret/perf i TB-gruppa og VB-gruppa.

I tråd med mine forventningar viser tabell 14 at det er mindre feildistribusjon i VB-gruppa enn i TB-gruppa. Dette gjeld både feiltypane Fperf/pret og Fpret/perf, og resultatet vert drøfta i kapittel 6.

Tabell 15 viser den samla feilkvoten av preteritumsformer og perfektumsformer hjå TB-gruppa og VB-gruppa.

	TB	VB
talet på moglege avvik	539	154
talet på faktiske avvik av typen Fperf/pret og Fpret/perf	61	5
feilkvote	<b>11 %</b>	<b>3 %</b>

Tabell 15 Kollektiv feilkvote hjå TB- og VB-gruppa.

Tabell 15 viser at feilkvoten hjå VB-gruppa er mindre enn hjå TB-gruppa.

Tabell 16 viser kor stor del av den samla avviksmengda feiltypane Fperf/pret og Fpret/perf utgjer i TB-gruppa og VB-gruppa:

Feiltypar i Kpret og Kperf	TB-gruppa		VB-gruppa	
	abs.	%	abs.	%
UM/pret	2	3 %	1	9 %
Ø/pret	4	6 %	1	9 %
Pres/pret	29	45 %	7	64 %
pretperf/pret	0	0 %	0	0 %
<b>Fperf/pret</b>	29	<b>45 %</b>	2	<b>18 %</b>
Sum feil i Kpret	64		11	
UM/presperf	2	5 %	0	0 %
Ø/presperf	3	7 %	0	0 %
pres/presperf	5	12 %	2	40 %
pretperf/presperf	0	0 %	0	0 %
<b>Fpret/perf</b>	32	<b>76 %</b>	3	<b>60 %</b>
Sum feil i Kperf	42		5	

**Tabell 16 Feiltypar i Kpret og Kperf hjå TB-gruppa og VB-gruppa.**

For det fyrste viser tabell 16 at feiltypen Fperf/pret er meir meir frekvent hjå TB-gruppa enn hjå VB-gruppa (45 % mot 18 %). For det andre viser den at feiltypen Fpret/perf er mest dominerande hjå TB-gruppa (76 % mot 60 %). For det tredje viser tabellen at VB-gruppa har eit meir utstrakt problem med forholdet mellom preteritum og presens, og mellom perfektum og presens i høve til TB-gruppa.

#### 5.3.4.3 Ei kvantitativ delundersøking

Som ein tredje innfallsvinkel til samanlikninga av TB-gruppa og kontrollgruppa, vil eg sjå på analyseresultata i eit utval på to tekstar frå begge gruppene. Utvalet vart gjort etter to kriterium: 1) Tekstane skulle handle om eit fortidstema og 2) tekstane skulle parvis svare på den same oppgåveformuleringa. Eg har valt ut tekstane til 1B og 21B frå TB-gruppa og tekstane frå informant A og F frå kontrollgruppa.

Informantane 1B og informant A har skrive om ein person som har betydd mykje for dei, medan informant 21B og informant F har skrive om ei hyggeleg oppleving (sjå tabell A og D i appendiksen). På denne måten får eg testa om analyseresultata for eit mindre utval viser den same tendensen som på gruppenivå.

Tabell 17 viser kor stor del av Kpret og Kperf som er grammatisk markert i TB-utvalet og VB-utvalet:

	TB-utval		VB-utval	
	abs.	%	abs.	%
Kpret	65/70	<b>93 %</b>	61/66	<b>92 %</b>
Kperf	2/4	<b>50 %</b>	1/1	<b>100 %</b>

**Tabell 17 Grammatisk markering av Kpret og Kperf.**

Tabell 17 viser at over 90 % av preteritumskontekstane er korrekt grammatisk markerte både i TB- og VB-utvalet, og det at Kpret er meir korrekt grammatisk markert hjå TB-utvalet skil seg frå tidlegare analyseresultat (jf. tabell 8 og tabell 13). Tabellen viser også at 50 % av Kperf er korrekt grammatisk markert, medan 100 % Kperf er grammatisk markert hjå VB-utvalet, men eg er merksam på at dei absolute tala her er svært låge. Analyseresultatet i TB- og VB-utvalet forsterkar likevel den allereie observerte tendensen som har vist at dei tyrkiske informantane har problem med perfektumsbruken (jf. tabell 14 og 16).

Neste trinn i presentasjonen av analyseresultata er å vise kor stor feildistribusjon TB- og VB-utvalet har samla sett.

	TB-utval	VB-utval
talet på moglege avvik	74	67
talet på faktiske avvik av typen Fperf/pret og Fpret/perf	6	1
feilkvote	<b>8 %</b>	<b>1 %</b>

**Tabell 18 Feilkvote i TB-utval og VB-utval.**

Tabell 18 viser at feilkvotene hjå TB-utvalet er 7 prosentpoeng høgare enn hjå VB-utvalet. Feilkvoten for begge gruppene er mindre enn feilkvotane som er observerte på gruppenivå (jf. tabell 15). Men resultatata frå analysen av TB- og VB-utvalet viser ein tendens til at utvalet av tyrkiske informantar har meir feildistribusjon enn utvalet av vietnamesiske informantar. Tyrkiske informantar feildistribuerer preteritumsformer og perfektumsformer i større grad enn vietnamesiske informantar. Vi har også sett at vietnamesiske har større problem med tilhøvet mellom presens og preteritum, og mellom presens og perfektum (jf. tabell 16). Analyseresultata som gjeld samauklinga av TB-gruppa og VB-gruppa vil bli drøfta i kapittel 6.3.1.

### 5.3.5 Samanlikning av TB-gruppa og TIB-gruppa

Forskingsspørsmål 3 spør om ein finn meir feildistribusjon hjå TIB-gruppa enn hjå TB-gruppa. Som grunnlag for å svare på dette vil eg i tabell 19 vise kor stor del av Kpret og Kperf som er korrekt grammatisk markert hjå TIB-gruppa samanlikna med TB-gruppa.

	TB-gruppa	TIB-gruppa
GM i Kpret	380/443	174/243
%	<b>86 %</b>	<b>72 %</b>
GM i Kperf	55/98	25/58
%	<b>56 %</b>	<b>43 %</b>

**Tabell 19 Grammatisk markering av Kpret og Kperf i TB-gruppa og TIB-gruppa.**

Tabell 19 viser at ein mindre del av Kpret og Kperf er grammatisk markert i TIB-gruppa enn i TB-gruppa. Tendensen til at tyrkiske informantar har problem med å grammatikalisere fortidsreferanse og perfektumsinnhald ser altså ut til å vere tydelegare hjå informantar som ikkje har bestått Språkprøven.

	TB-gruppa	TIB-gruppa
talet på moglege avvik (dvs. sum Kpret og Kperf)	541	300
talet på faktiske avvik	60	39
feilkvote	<b>11 %</b>	<b>13 %</b>

**Tabell 20 Feilkvote i TB-gruppa og TIB-gruppa.**

Tabell 20 viser at TIB-gruppa feildistribuerer preteritums- og perfektumsformer i større grad enn TB-gruppa, men at forskjellen mellom gruppene likevel ikkje er så stor. Dette resultatet vil bli drøfta i kapittel 6.1.3.

### 5.3.6 Temporale kontekstar som medfører problem for TB-gruppa

Som nemnt i 5.2.6.1 er alle preteritumskontekstar i materialet kategorisert etter Hagen si inndeling av preteritum. I 5.2.6.2 har eg skrive om kategoriseringa etter Comrie si inndeling av ulike typar perfektumsinnhald. Hagen si inndeling av ulike typar preteritum har kanskje fyrst og fremst vore metodisk klargjerande i identifiseringa av preteritumskontekstar fordi den på ein systematisk måte viser kva tid norske reglar

krev grammatisk markering av fortid. Comrie si inndeling er annleis ved at den systemiserer ulike typar perfektumsinnhald som vert grammatikalisererte gjennom perfektumskategorien.

Fyrst vil eg ta for meg feildistribusjonen i preteritumskontekstar. Tabell 21 viser ei samanlikning av feilkvoten for Fperf/pret i A-kontekstar, B-kontekstar og C-kontekstar:

Kpret-typar	føre-komst	tal på Fperf/pret	feilkvote
A-kont.	67	9	13 %
B-kont.	328	12	4 %
C-kont.	49	8	16 %
Sum	444	29	

Tabell 21 Feilkvoten for Fperf/pret i dei tre typane preteritumskontekstar.

Tabell 21 viser at dei tyrkiske norsksinnlærarane har mest feildistribusjon i C-kontekstar og minst i B-kontekstar. Tendensen er altså at preteritumskontekstar der fortidsreferansen er underforstått medfører mest vanskar for dei tyrkiske norsksinnlærarane. Resultatet vert drøfta i kapittel 6.

Her vil eg gje eit eksempel på feildistribusjon i kvar av dei tre typane preteritumskontekstar:

Fperf/pret i A-kontekst:

Den lommeboken **har** jeg **mistet** (/mistet) igår. (Informant 12B, setning 781)

Fperf/pret i B-kontekst

Deretter begynte jeg (bedrift) kurs på grunn av å finne mediejobb. Vi hadde 2 dager å søke praksisplass i (bedrift) kurs. Alle kamerater mine **har funnet** (/fant) praksis plass men ikke jeg. (Informant 9B, setning 610-612)

Fperf/pret i C-kontekst:

Jeg liker også å treffe med mennesker i klubber. Jeg **har gjort** (/gjorde) den i Tyrkia. (Informant 5B, setning 393-394)

I tillegg til å kategorisere preteritumskontekstaue har eg prøvd å kategorisere perfektumskontekstane utifrå om det burde vore brukt 'resultativ perfektum', 'erfaringsperfektum', 'perfektum i vedvarande situasjonar' eller 'nær fortid-perfektum' i den aktuelle temporale konteksten. Randeu (1999) drøftar i si hovudfagsavhandling om det er mogleg å klassifisere perfektumskonstruksjonane på denne måten. Ho har konkludert med at Comrie sine kategoriar kan gje rom for ulike tolkingar. Randen

peikar på at denne problemstillinga i særleg grad gjeld for setningane som er klassifiserte under resultativ perfektum og erfaringsperfektum. I begge desse kategoriane handlar det om eit notidig resultat av ei fortidig handling, og i den forstand er begge kategoriane resultative. Randen konkluderer med at resultativ perfektum vil vere resultat av ei fortidig *handling*, medan erfaringsperfektum vil typisk vere eit resultat av ein fortidig *tilstand* (Randen 1999:73). Sidan eg i denne samanheng har hatt dei same kategoriseringsproblema som Randen, har eg valt å ikkje oppretthalde distinksjonen mellom resultativ perfektum og erfaringsperfektum. Nedanfor presenterer eg eksempel på feildistribusjon av dei tre typane Kperf som eg står att med:

Fpret/perf i ein kontekst for resultativ perfektum og erfaringsperfektum

Jeg **jobbet** (/har jobbet) ca 15 måned på (bedrift) i (sted). (Informant 27B, setning 2023)

Fpret/perf i kontekst for perfektum i vedvarande situasjonar

Jeg **jobbet** (/har jobbet) på et selskap med data i 2 år. (Informant 26B, setning 1939)

Fpret/perf i nær-fortidsperfektumskontekst

I de siste dagene **hadde** (/har hatt) jeg veldig travelt. (Informant 17GB, setning 1184)

Tabell 22 viser ei samanlikning av feilkvoten for Fpret/perf i perfektumskontekstar for resultativ perfektum/erfaringsperfektum, perfektum i vedvarande situasjonar og nær-fortid-perfektum:

Kperf-typar	førekomst	tal på Fpret/perf	feilkvote
resultativ/erf.perf.	68	26	<b>38</b>
perf. i vedv. sit.	19	3	<b>16</b>
nær-fortid-perf	8	3	<b>38</b>
	95	32	


**Tabell 22 Feilkvoten for Fpret/perf i kontekstar med ulikt perfektumsinnhald.**

Tabell 22 viser at feilkvoten er minst i kontekstar der ein kan forvente referause til perfektumsinnhaldet ”perfektum i vedvarande situasjonar”. Dersom ein samanliknar tabell 21 og 22 ser vi at den generelle tendensen er at feilkvoten er høgare når det gjeld grammatikalisering av perfektumsinnhald enn av fortidsinnhald.

## 5.4 Analyseresultat på individnivå

### 5.4.1 Fordeling av temporale kontekstar på individnivå


For å gje eit oversyn over datamengda på individnivå tek eg til med ein presentasjon av korleis Kpret og Kperf er fordelt i informanttekstane. Tidlegare har vi sett at til saman 444 Kpret og 95 Kperf er identifisert (sjå tabell 8). Informantane har gjennomsnittleg 14 Kpret (444/31) og 3 Kperf (95/31). Men figur 6 viser eit anna resultat:



Figur 6 Fordeling av preteritums- og perfektumskontekstar på individnivå.

Figur 6 viser ei spreining frå 0 til 55 Kpret og frå 0 til 10 Kperf i dei ulike informanttekstane. Det er altså stor individuell variasjon i talet på Kpret og Kperf.

Figur 7 viser kor stor prosent av Kpret og Kperf som er korrekt grammatisk markert:



Figur 7 Grammatisk markering av Kpret og Kperf på individnivå.

Figur 7 viser at det er stor individuell variasjon i grammatisk markering av Kpret. Av di det er forskjell både i fordeling og grammatisk markering av temporale kontekstar, vil eg prøve å kaste lys over kva som kan vere grunnen til denne variasjonen ved å sjå nærmare på samanhengen mellom oppgåveformulering og tempusbruk.

#### 5.4.2 Samanheng mellom oppgåveformulering og tempusbruk

Tekstane i materialet er svar på ulike oppgåveformuleringar, og i metodekapitlet har eg argumentert for at dette vil motivere til ulik tempusbruk (sjå 4.3.2.2).

Informanttekstane er difor delte inn etter ”tempusforventningar”, og hovudforventninga er at det vil vere fleire Kpret og Kperf i tekstar om fortidige tema (dvs. innan tekstgruppe 1) enn i tekstar om generelle tema og om framtida (dvs. innan tekstgruppe 2 og 3). Det viktige med å peike på om ein finn fortidsreferanse og grammatikalisering av perfektumsinnhald i alle tekstgruppene, er å vise om oppgåveformuleringane styrer tempusbruken.

#### 5.4.2.1 Tempusbruk i tekstgruppe 1

Tabell 23 viser kor mange Kpret og Kperf som er grammatisk markerte i kvar informanttekst i tekstgruppe 1<sup>56</sup>. Tabellen viser GM i absolutte tal.

<b>TEKSTGRUPPE 1</b>			
<b>Informant</b>	<b>Oppgaveformulering (DEL 2)</b>	<b>Tal på GM av Kpret</b>	<b>Tal på GM av Kperf</b>
1B	En person som har betydd mye for deg	41/45	1/3
2GB	"	1/1	7/7
3B	"	20/20	3/3
4B	"	19/24	0/0
5B	En hyggelig opplevelse	3/7	0/0
13B	Min første jobb	23/28	0/1
17GB	"	33/37	1/3
21B	En hyggelig opplevelse	24/25	1/1
23B	"	53/55	2/2
24B	"	40/45	0/0
27B	Forskjeller i samfunnet før og nå	1/5	0/0
31GB	"	11/11	0/1

Tabell 23 Talet på grammatisk markerte Kpret og Kperf hjå informantane i tekstgruppe 1.

Tabell 23 viser at hovudtendensen i tekstgruppe 1 er at oppgåver om fortidige tema motiverer til preteritumsbruk, men ikkje uødvendigvis perfektumsbruk. Somme tekstar skil seg likevel ut frå denne hovudtendensen. Informant 5B har til dømes ikkje fokusert på ei bestemt fortidig hending slik ein kunne forvente utifrå oppgaveformuleringa. I staden er teksten dominert av referanse til notida og har såleis ein meir generell karakter enn forventa:

- Hyggelig å treffe med mennesker. Jeg liker traffe med anneledes mennesker. Jeg vil at alle mennesker ble sånn. Jeg liker å treffe andre mennesker på kaffe. Jeg liker også å treffe i ute. (Informant 5B, setning 373-380)

<sup>56</sup> "41/45" tyder at 41 av 45 preteritumskontekstar er grammatisk markerte.

#### 5.4.2.2 Tempusbruk i tekstgruppe 2

Spørsmålet i høve til tekstgruppe 2 er om informanttekstane her har lite grammatikalisering av fortidsreferanse og perfektumsinnhald sidan oppgåveformuleringane her er av ein meir generell art?

<b>TEKSTGRUPPE 2</b>			
<b>Informant</b>	<b>Oppgåveformulering (DEL 2)</b>	<b>Andel GM av pret.-kontekstar</b>	<b>Andel GM av perfektumskontekstar</b>
14B	Å bli gammel	3/6	0/0
15B	"	0/0	1/1
16B	Sport	7/9	3/5
18GB	Norsk kultur	5/11	0/0
19B	Vennskap	<b>10/11</b>	1/5
20B	Alkohol og alkoholvaner	0/0	0/0
22B	En bok	0/0	0/0
25B	En interesse	0/0	0/0
26B	Barneoppdragelse	1/1	1/2
28B	"	0/0	0/1
29B	"	0/0	0/0
30GB	Gjenbruk	<b>14/16</b>	0/0

Tabell 24 Talet på grammatisk markerte Kpret og Kperf hjå informantane i tekstgruppe 2.

Tabell 24 viser at halvparten av tekstane i tekstgruppe 2 ikkje har preteritumskontekstar, og fire av tekstane har korkje preteritumskontekstar eller perfektumskontekstar.

#### 5.4.2.3 Tempusbruk i tekstgruppe 3

<b>TEKSTGRUPPE 3</b>			
<b>Informant</b>	<b>Oppgåveformulering (DEL 2)</b>	<b>Andel GM av pret.-kontekstar</b>	<b>Andel GM av perfektumskontekstar</b>
6B	Framtiden	1/1	0/0
7B	"	0/0	0/1
8B	"	0/0	0/1
9B	"	<b>9/10</b>	0/3
10B	"	2/2	1/5
11B	"	0/0	0/0
12B	"	0/0	4/4

Tabell 25 Talet på grammatisk markerte Kpret og Kperf hjå informantane i tekstgruppe 3.

Tabell 25 viser at over halvparten av tekstane har nullførekomst av Kpret. Tabellen viser også at førekomsten av Kperf er låg som i dei to andre tekstgruppene.

Informanttekst 9B skil seg ut frå hovudtendensen i denne gruppa ved å ha meir referanse til fortidsinnhald enn dei andre tekstane i denne gruppa, jamfør her:

- Jeg kom til Norge i (tid). Jeg arbeidet mediejobb i Tyrkia. Jeg trodde at jeg kunne finne samme jobb i Norge. Men det er umulig. (Informant 9B, setning 601-605)

Fyrst mot slutten av teksten refererer informanten til framtida:

- Nå kan jeg ikke tenke veldig positivt å finne mediejobb i Norge [...]. Så ønsker jeg at framtida å arbeide på (sted) og så gå på noen kurs for fritiden f.eks, syv kurs, tre kurs, andre språk kurs. (Informant 9B, setning 615 og 624)

Tabell 26 oppsummerer resultatene frå analysen av samanhengen mellom oppgåveformulering og tempusbruk, og denne tabellen viser frekvensen av Kpret og Kperf i dei tre tekstgruppene.

	Kpret		Kperf	
	abs.	gj.sn.	abs.	gj.sn.
Tekstgruppe 1 (12 inf.)	303	25	21	2
Tekstgruppe 2 (12 inf.)	54	5	12	1
Tekstgruppe 3 (7 inf.)	13	2	14	2

**Tabell 26 Gjennomsnittleg førekomst av Kpret og Kperf i dei tre tekstgruppene.**

Tabell 26 viser at informantane i tekstgruppe 1 gjennomsnittleg har fleire preteritumskontekstar enn i tekstgruppe 2 og 3. Dette tyder på at preteritumsbruken er styrt av oppgåveformuleringane. Tabellen viser også at det ikkje er så stor variasjon når det gjeld referanse til perfektumsinnhald. Dette kan tyde på at perfektumsbruken ikkje er styrt av oppgåveformuleringane i same grad som preteritumsbruken er.


Tidlegare i oppgåva har eg poengtert det avgjerande med å problematisere dataa siu validitet i høve til forskingsspørsmåla (sjå 4.3). Når ein finn feilkvoten for feildistribusjon vil tekstar som har mange førekomstar av Kpret og Kperf få ein låg feilkvote, medan tekstar med låg førekomst av Kpret og Kperf vil få ein høg feilkvote. Feilkvoten reflekterer altså lite av kor mykje informanten har feildistribuert

preteritumsformer og perfektumsformer. Ikkje alle tekstane er ideelle som materiale i mitt prosjekt. Dersom eg hadde gjort utvalet på eiga hand, kunne eg samla inn meir homogene tekstar med omsyn til teksttype og oppgåveformulering. Men det er likevel mogleg at variasjon i oppgåveformuleringar vil gje innsikt som eg ikkje hadde funne dersom utvalet var meir homogent med omsyn til oppgåvetype. Dette vil eg kome tilbake til i drøftinga av analyseresultata. Sjølv om eg her stiller spørsmål ved om mitt datagrunnlag er godt eigna for dei spørsmåla eg har stilt, vil eg likevel gå vidare med analysen på individnivå.

#### 5.4.3 Feildistribusjon på individnivå

Sjølv om eg har vist at forskjellige oppgåveformuleringar har stor innverknad på tempusbruk, har eg som nemnt valt å halde fram med analysen med heile materialet som observasjonsgrunnlag. I analysen av samanhengen mellom oppgåveformulering og tempusbruk, såg eg berre på langsvaret (DEL 2). Men når eg vidare studerer feilkvoten på individnivå er DEL 1 også teken med. Eg meiner at det er ein styrke ved datamengda at eg kan undersøke både DEL 1 og DEL 2. På grunn av dette vil nokre av forskjellane med omsyn til førekomstar av Kpret og Kperf verte jamna ut.

Tidlegare har vi sett at informantane på gruppenivå har 61 tilfelle av feildistribusjon, og informantane har gjennomsnittleg 2 tilfelle av feildistribusjon. 29 av dei 61 førekomstane er av typen Fperf/pret medan 32 tilfelle er av typen Fpret/perf. Men korleis samsvarar desse resultata med det eg har funne på individnivå? Figur 8 viser kor mange gongar kvar enkelt informant har feildistribuert preteritumsformer og perfektumsformer:



Figur 8 Talet på Fperf/pret og Fpret/perf på individnivå.

Feildistribusjonen er eit ganske utbreidd fenomen i mellomspråket til norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål. 24 av 31 informantar har den eine eller begge typane feildistribusjon, medan 7 informantar ikkje har nokon av feiltypane. Figur 8 viser vidare at 9 informantar har minst 4 tilfelle av feildistribusjon. Dette er altså dei informantane som samsvarar best med forventninga eg hadde om at ein ville finne preteritumsformer i perfektumskontekstar og perfektumsformer i preteritumskontekstar.

Tabell 27 viser til liks med figur 8 førekosten av Fperf/pret og Fpret/perf hjå kvar informant, men den viser også feilkvoten i absolutte tal og i prosent.

1	2	3	4	5	6	7
inf.	gr.	talet på Fperf/pret	talet på Fpret/perf	sum avvik	feilkvote i abs. tal	feilkvote
1B	1	1	3	4	4/52	8 %
2GB	1	0	1	1	1/14	7 %
3B	1	1	0	1	1/28	4 %
4B	1	2	0	2	2/27	7 %
5B	1	3	1	4	4/12	33 %
13B	1	2	2	4	4/32	13 %
17GB	1	1	3	4	4/46	9 %
21B	1	1	1	2	2/27	7 %
23B	1	0	0	0	0/57	0 %
24B	1	5	0	5	5/46	11 %
27B	1	0	5	5	5/12	42 %
31B	1	0	3	3	3/14	21 %
14B	2	1	0	1	1/12	8 %
15B	2	0	0	0	0/2	0 %
16B	2	2	1	3	3/15	20 %
18GB	2	0	0	0	0/30	0 %
19B	2	2	3	5	5/28	18 %
20B	2	0	0	0	0/0	0 %
22B	2	0	0	0	0/0	0 %
25B	2	0	0	0	0/1	0 %
26B	2	0	1	1	1/5	20 %
28B	2	0	1	1	½	50 %
29B	2	0	0	0	0/3	0 %
30GB	2	3	1	4	4/24	17 %
6B	3	1	0	1	1/3	33 %
7B	3	1	0	1	1/5	20 %
8B	3	1	0	1	¼	25 %
9B	3	1	1	2	2/15	13 %
10B	3	0	4	4	4/11	36 %
11B	3	1	0	1	¼	25 %
12B	3	1	0	1	1/8	13 %

**Tabell 27 Oversyn over individuelle feilkvotar.**

Tabell 27 viser at informantane i tekstgruppe 1 har mindre feildistribusjon (dvs. lågare feilkvotar) enn informantane i tekstgruppe 2 og 3<sup>57</sup>. Tabell 27 viser at i tekstgruppe 3 der det er identifisert færrest Kpret, er feilkvoten låg.

<sup>57</sup> I tabell 27 er både DEL 1 og DEL 2 teke med i motsetnad til i tabell 23, 24 og 25.

To av informantane i tekstgruppe 2 som har ein feilkvote på 0 % (informant 20B og 22B) har ikkje ein einaste Kpret eller Kperf. Tabell 27 viser også at av dei 7 informantane som har nullførekomst av Fperf/pret og Fpret/perf høyrer 6 heime i tekstgruppe 2. Desse har skrive om eit generelt tema og har referert mest til notid.

Tabell 28 viser gjennomsnittleg feilkvote for kvar av tekstgruppene:

	talet på avvik	talet på inf.	Gj.sn. feilkvote
Tekstgruppe 1	162	12	14
Tekstgruppe 2	133	12	11
Tekstgruppe 3	157	7	24

Tabell 28 Gjennomsnittleg feilkvote for dei tre tekstgruppene.

Tabell 28 viser at feilkvoten gjennomsnittleg er minst for informanttekstane i tekstgruppe 2 og størst for informanttekstane i tekstgruppe 3. Tendensen eg har funne er altså at dei tekstane som handlar om generelle tema, relativt sett har mindre feildistribusjon enn tekstar om fortida og framtida.

#### 5.4.4 Nærlesing

I dette avsnittet vil eg gjere ei nærlesing av eit utsnitt av materialet. Eg har valt å nærlese fire tekstar for å kaste lys over den variasjonen eg har funne på individnivå. Tekstane kan også gje eit bilete av det mangfoldet som finst i materialet. Eg har valt ut tekstane til informant 2GB, 19B, 24B og 27B, og utanom teksten til 19B er desse tekstane skrivne om eit fortidstema.

##### 5.4.4.1 Nærlesing av informanttekst 2GB

Teksten til informant 2GB har ein viktig funksjon som objekt for nærlesing fordi den kan illustrere korleis ein tekst kan sjå ut når han han *ikkje* er dominert av feildistribusjonen som eg har forventa å finne i materialet. I DEL 2 har informant 2GB skrive om eit fortidstema, meir bestemt om ein person som har betydd mykje for han. For at lesaren skal få eit heilskapsinntrykk av språkbruken vi her finn har eg valt å presentere heile teksten:

### Den eneste ene

**Har du noensinne følt deg lykkelig? Virkelig lykkelig? Du har kanskje ikke, men, det har jeg opplevd. Jeg har opplevd å være den lykkeligste i hele verden.** Ingen tvil at du som leser den teksten, vet akkurat hva jeg mener. La meg forklare det med en setning: Jeg er gift med en som du leter etter for å skaffe deg lykkeligheten. Ja, den som jeg elsker! Ærlig sagt er hun ikke den peneste i univers, men hun er min pene jente. Hun er ikke den snilleste som finnes, men hun er min snille kone. I tillegg er hun den eneste ene jeg trenger.

Bare du kunne se det jeg ser når jeg ser på øynene hennes. Du har nok ikke peiling på hva jeg sier men, det gjør jeg absolutt. Går du vill noen ganger akkurat som jeg gjør hver eneste gang jeg får sett det lyset inn i de lyseblå øynene. Det er ikke bare det. Hva med håret hennes? Det lyse gule, myke, skinnende håret! Av og til tror jeg at jeg blir helt gal! Gal etter henne som ikke er Cindy Crawford men, min eneste ene.

Nå, tenk hvor snill hun er. Det er umulig for meg å fortelle, beskrive hvordan hun er. Men, jeg kan vel prøve likevel. Det er hun som vasker overalt og forstår hvorfor jeg ikke har gjort. Det er igjen hun som lager mat ferdig hver gang jeg kommer hjem. Igjen er det hun som smiler hele tiden selv om jeg er sur. Det er igjen hun som får meg til å smile og glemme alle vonde ting. Tror du at jeg kunne ha funnet noen som er snillere? Det tror jeg ikke.

Spør du mange, får du svaret at det er bare å gifte seg. Men det er helt annerledes for meg. Jeg sier poenget er å finne den rette personen. Er du ikke enig? **Jeg har levd den beste delen av mitt hele liv med den personen siden jeg møtte henne. Hun har blitt alt jeg trenger og alt jeg vil. Nå spør jeg deg: Trenger jeg å si hvor mye hun har betydd for meg. Nåsom du har lest alt, vet du at hun er en udødelig, skinnende rose fullt av den eneste følelsen som ikke dør. Kjærlighet.**

I informantteksten har eg utheva innleiinga og avslutninga sidan det er i desse avsnitta ein finn referanse til perfektumsinnhald. Perfektumsbruken er konsentrert i to bolkar , og ei skildring av ein person er ramma inn gjennom raffinert perfektumsbruk. Måten denne informanten refererer til temporale forhold overtyder lesaren. Teksten til informant 2GB kan også beskrivast ved at den demonstrerer god temporal flyt, og i denne teksten har eg ikkje funne eit einaste 'umotivert tempusskifte' (jf. Danbolt 2001:21). Vidare er den grammatiske markeringa av perfektumsinnhald fordelt på sju forskjellige leksem (har jobbet, har følt, har opplevd, har gjort, har levd, har blitt, har lest). Teksten demonstrerer på denne måten stor leksikalsk spreiding. Vidare er det fleire typar perfektumskonstruksjonar som er brukte. Ein finn mellom anna bruk av både erfaringsperfektum ("**Har** du noensinne **følt** deg lykkelig?"), og perfektum ved nær fortid ("Nåsom du **har lest** alt"). Lesaren vert overbevist om at dette er ein språkbrukar som har kontroll over tempusbruken. Han brukar jamvel tempusformer stilistisk. At informanten har referert så lite til fortid i ei oppgåve om ein person som *har betydd* mykje for han kan vere eit medvite val. Informanten skriv om ein person som har betydd og *fortsatt* betyr mykje. Informanten fokuserer slik sett på perfektumsinnhaldet "current relevance". Storparten av teksten har eit notidsperspektiv og gjennom uotidsreferanse vert det skapt nærleik til det fortalte.

#### 5.4.4.2 Nærlesing av informanttekst 19B

Informanttekst 19B er den teksten i materialet som har flest tilfelle av feildistribusjon. Det er observert to tilfelle av Fperf/pret og 4 tilfelle av Fpret/perf og feilkvoten utgjør samla sett 18 %. Dette er eit utdrag frå teksten til informant 19B:

##### Vennskap

[...] Solfølgelig jeg er gift men det er ikke det samme som venner. Du kan ikke snakke alt hva du vil med kona di. Hun **følte** (/har følt) den så **prøvde**(har prøvd) hun å skaffe noen venner men det **hjulpet** (/har hjulpet) ikke.

Jeg **har vært** her i (sted) nesten 18 måneder. Jeg har bare 2 norske venner. Vi jobbet sammen nesten 15 måneder så ble vi kjent hverandre. Jeg kjente mange tyrker her i (sted).

Vi besøker hverandre går på ski sammen. Nå føler jeg meg bedre. Jeg vet hvor mye viktig å ha venner. Man kan ikke vite den hvis man ikke vært utlandet alene. Etter at jeg **har begynt** på job og på (sted) skole **følte** jeg meg bedre. Jeg tror ikke noen kan leve lenge uten venner.

Venner er som medisiner. Du føler bedre når du får dem.

I det avsnittet eg har sitert ovanfor har eg identifisert 5 perfektumskontekstar, men berre ein som er korrekt grammatisk markert (sjå understreking). Den einaste korrekte perfektumskonstruksjonen er av typen ”perfektum i vedvarande situasjonar”, eit innhald som ein i tyrkisk gjev uttrykk for gjennom ei presensform. Elles i teksten har informanten feildistribuert preteritums- og perfektumperfektumskontekstar ganske konsekvent. Sidan informant 19B faktisk vekslar mellom dei to formene utan eit særskilt system, kan ein slutte at han/ho har forstått at ein her har med to separate kategoriar, men at forholdet mellom kategoriane ikkje er funksjonstilordna. Eit form-funksjonsforhold er ikkje tilordna før det er etablert eit fast forhold mellom språkleg form og innhald (Berggren og Tenfjord 1999:376).

#### 5.4.4.3 Nærlesing av informanttekst 24B

Informanttekst 24 B er interessant fordi denne informanten har ganske konsekvent brukt perfektumsformer i preteritumskontekstar. Av totalt 29 tilfelle av Fperf/pret i heile materialet, førekjem 5 av desse tilfella hjå informant 24B. I tekstutdraget nedanfor finn ein fire av desse feilførekomstane:

##### Min historie

[...] Jeg kunne ikke glemme han. Jeg **har bestemt** (Fperf/pret) meg reise til (land) og lære engelsk språk og få kontakt med han. Det var 1995, da reiste jeg til (land). Jeg bodde der for 1,5 år. Jeg arbeidet som au pair og servitør. Imidlertid studerte jeg engelsk i en språkcenter. Når jeg følte meg at jeg kan klar med engelsk, ville jeg finne hennes adresse. Jeg viste han sin selskapsnavn. Jeg **har besøkt** (Fperf/pret) et international fiskerblad i (sted). Jeg **har funnet** (Fperf/pret) gamle dagereblader i arkivet. Jeg bruk ca. en dag for å finne en reklame fra han sin selskapt. Det var så spent. Jeg **har ringt** (Fperf/pret) han. Det var storoverrølske for han. Han husket meg. Vi ringt flereganger hverandre. Det var 1997. Han inviterte meg før jul ti Norge. Nå vi er i 2001. Vi er gift med hverandre. Og vi har verdens fineste jente som er 2 år

I teksten til informant 24B har både preteritums- og perfektumsformer blitt brukt i preteritumskontekstar. Denne informanten er eit tydeleg eksempel på den tendensen eg har funne i materialet, nemleg at dei tyrkiske innlærarane feildistribuerer preteritums- og perfektumsformer. Informanten brukar altså *både* perfektumsformer og preteritumsformer i preteritumskontekstar.

#### 5.4.4.4 Nærlesing av informant 27B

Informant 27B er eksempel på ein informant som har mest feildistribusjon i perfektumskontekstar, altså av typen Fpret/perf:

##### SØKNAD OM STILLINGEN SOM MEDARBEIDER SENTRALBORD I RESEPSJON

Jeg viser at til anonsen jeg så (/har sett) på (avis).  
Jeg er gift, og har ett barn som 18 måneder.  
Jeg har vært i Norge i 3 år, og gikk (/har gått) ca 900 timer på norskkurs.  
Jeg gikk (/har gått) i universitetet i kjemi faget i Tyrkia [...]

I teksten ovanfor har eg identifisert tre perfektumskontekstar som ikkje er korrekt grammatisk markerte av innlæraren, og eg meiner dette er den mest sannsynlege rekonstruksjonen:

o Jeg viser til en annonse jeg har sett i (avis). Jeg er gift og har ett barn som er 18 måneder.  
Jeg har vært i Norge i 3 år, og har gått ca 900 timer på norskkurs. Jeg har gått på universitetet i Tyrkia og der tok jeg kjemi.

Slik eg ser det er søknad ein teksttype som krev referanse til perfektumsinnhald. For når ein skriv ein søknad er føremålet med teksten å presentere kompetansen ein har på eit visst felt. For å prøve å forklare kva for resonnement som kan ligge til grunn for dei feila informant 27B har gjort i teksten over, vil eg trekkje inn tyrkisk som ei mogleg forklaring. Dersom ein skal seie "Eg vart cand.mag i 1997" på tyrkisk, vil ein måtte bruke DI-fortid (sjå 3.2.3.1). MIş-forma ville ikkje bli brukt i ein slik kontekst der det er viktig å poengtere at noko verkeleg har skjedd, og at det har skjedd på eit bestemt tidspunkt. Dessutan vert mİş-forma sjeldan brukt i 1. person. Det er også mogleg at informant 27B tenkjer på innhaldet i perfektum som ein parallell til mİş-forma sin funksjon. Difor brukar han kanskje preteritumsformer for å markere at noko verkeleg har skjedd og at det ikkje er noko usikkert knytt til det som har skjedd. Dette kan forklare bruken av preteritumsformer i perfektumskontekstar. At han grammatikaliserer perfektumsinnhaldet i verbforma "har vært" i setninga "Jeg har vært i Norge i tre år", er eit ganske vanleg fenomen i dei tekstane eg har studert. På gruppenivå såg vi at det var dette perfektumsinnhaldet ('perfektum i vedvarande

situasjonar') som i størst grad er grammatikalisert. Som nemnt vert perfektumsinnhald av denne typen uttrykt gjennom ei presensform i tyrkisk.

## 6.0 Oppsummering og drøfting av analysen

### 6.1 Innleiing

I drøftinga vil eg oppsummere analyseresultata og drøfte funna i høve til den teoretiske ramma og tidlegare studiar. Drøftinga tek utgangspunkt i hypotesen og forskingsspørsmåla som vart presenterte i 5.1. Vidare vil eg drøfte om mine resultat kan kaste lys over ein sentral idè innan andrespråksforskning, nemleg spørsmålet om morsmålet si rolle.

### 6.2 Oppsummering og drøfting av hypotesen og forskingsspørsmål 1

Hypotesen og forskingsspørsmål 1 vert drøfta parallelt som ein konsekvens av den nære relasjonen mellom desse problemstillingane. Dette er hypotesen eg har undersøkt: *Norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål vil ikkje ha ein målspråklik distribusjon av preteritums- og perfektumsformer. Ein vil finne preteritumsformer i perfektumskontekstar og perfektumsformer i preteritumskontekstar.* Gjennom hypotesen har eg lagt til rette for ei empirisk testing av utsegna til Brendemoen om at forholdet mellom preteritum og perfektum er svært uklart for tyrkiske norskinnlærarar. Forskingsspørsmål 1 er stilt for å kunne samanlikne analyseresultata med ei vietnamesisk kontrollgruppe, og dette er ordlyden: Å lære bruken av preteritum og perfektum medfører 'splitting' av kategoriar for dei tyrkiske norskinnlærarane, medan det for dei vietnamesiske medfører at dei må lære eit trekk av typen 'nyhende' – *Har TB-gruppa meir feildistribusjon enn VB-gruppa?* Gjennom forskingsspørsmål 1 får eg høve til å undersøke om dei teoretiske implikasjonane frå vanskehierarkiet til Stockwell m. fl. (1965) vert spegla att i analyseresultata. Hypotesen er undersøkt både på gruppe- og individnivå, medan forskingsspørsmålet berre er undersøkt på gruppenivå.

#### 6.2.1 Funn på gruppe- og individnivå

På gruppenivå har analysen ført fram til fylgjande resultat: Hjå TB-gruppa har eg funne 61 belegg på feildistribusjon av preteritums- og perfektumsformer. Av desse er 29 tilfelle av typen Fperf/pret, medan 32 tilfelle er av typen Fpret/perf. Dei 61 førekomstane av feildistribusjon utgjer samla sett ein feilkvote på 11 %. Dette talet viser berre at feildistribusjonen av preteritums- og perfektumsformer er observert,

men eit meir interessant resultat på gruppenivå er at TB-gruppa har ein høgare feilkvote enn VB-gruppa. Hjå den vietnamesiske informantgruppa er feildistribusjon observert i 3 % av alle temporale kontekstar der denne feildistribusjonen kan forekomme. Feilkvoten hjå VB-gruppa er 8 prosentpoeng lågare enn hjå VB-gruppa.

Kva har så analysen vist på individnivå? Vi har sett at 24 av 31 tyrkiske informantar har feildistribuert preteritums- og perfektumsformer. 7 informantar har derimot ikkje denne feiltypen. Eg meiner likevel det er problematisk å seie at hypotesen vert falsifisert hjå desse informantane. Slik eg ser det har ikkje materialet gjort det mogleg å teste hypotesen i høve til alle informantane. Seks av sju informantar som ikkje har feildistribuert preteritums- og perfektumsformer har skrive ein tekst om eit generelt tema der preteritumsbruk ikkje nødvendigvis vert motivert utifrå oppgåveteksten. Dette gjer at eg ikkje har grunnlag for å seie at 7 av 31 informantar ikkje har problem på dette området.

Eit anna viktig resultat på individnivå er at eg har observert stor individuell variasjon hjå dei informantane som faktisk har den feiltypen eg har studert. Nærlesinga har vist at somme informantar har feildistribusjon i både preteritums- og perfektumskontekstar (eks: 19B). I andre tekstar har eg observert lite eller ingen feildistribusjon (eks: 2GB). Vidare har vi sett at somme informantar ganske gjennomført har feildistribusjon i preteritumskontekstar (eks: 27B), medan andre berre har feildistribusjon i perfektumskontekstar (eks: 24B). Vi har også sett at feilkvotane varierer frå 0 % til 50 %, men denne variasjonen kjem i fyrste rekkje av at informantane har svart på svært forskjellige oppgåveformuleringar. Dei ulike oppgåveformuleringane er truleg avgjerande for at det er stor forskjell på kor mange preteritums- og perfektumskontekstar som er identifiserte på individnivå. Feilkvotane eignar seg av denne grunn dårleg til å trekkje konklusjonar om kor dominerande feildistribusjonen er. Vi har mellom anna sett at 6 av dei 7 informantane som ikkje har feildistribusjon i det heile har skrive ei oppgåve om eit generelt tema. Hjå to av desse har eg korkje observert preteritums- eller perfektumskontekstar.

Funn av feildistribusjon har gjeve støtte til hypotesen om at tyrkiske norskinnlærarar vil feildistribuere preteritum- og perfektumsformer. At TB-gruppa har meir feildistribusjon enn VB-gruppa kan vere ein indikasjon på at fenomenet feildistribusjon av desse formene er eit resultat av morsmålspåverknad. Men det har

også vore nødvendig å peike på grunnleggjande begrensingar ved materialet mitt. Eg kan mellom anna ikkje generalisere analyseresultata utover den populasjonen eg har undersøkt. Analysen har i alle fall ikkje talt for at feildistribusjon *ikkje* er eit problem for norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål.

### 6.2.2 Teoretiske implikasjonar

I materialet mitt har vi sett at TB-gruppa har meir feildistribusjon enn VB-gruppa. Tidlegare i avhandlinga har eg vist at tyrkisk har ein svært kompleks verbmorfologi i motsetnad til vietnamesisk som ikkje har bøyning og der tempus ikkje er ein grammatisk kategori. Tyrkiske innlærarar er van med å grammatikalisere både tempus, aspekt og modalitet, medan dei vietnamesiske innlærarane ikkje har grammatiske uttrykk for distinksjonen fortid/ikkje-fortid i sitt morsmål. For akkurat den feiltypen eg har studert, har det vist seg at det er den vietnamesiske morsmålsbakgrunnen som gjev minst avvik, i alle fall hjå dei informantane eg har studert. Sjølv om ein i tyrkisk grammatikaliserer både preteritums- og perfektumsinnhald, har altså tyrkiske innlærarar meir problem enn innlærarar der grammatikalisering av tempus er eit heilt nytt fenomen. Mine funn kan dermed gje støtte til teorien til Stockwell m. fl. om at det er enklare å lære eit trekk dersom det er heilt nytt enn dersom eit form-funksjonsforhold i morsmålet må splittast i læringa av andrespråket. For dei tyrkiske innlærarane må både DI-forma og mİş-forma splittast. Splittinga eksisterer i høve til begge desse formene, og innhald som i tyrkisk er uttrykt gjennom enkeltformer vert uttrykt gjennom to separate former i norsk. I norsk kan ein ikkje uttrykkje både fortidsreferanse og perfektumsinnhald i ei og same form slik ein gjer i tyrkisk. Stockwell, Bowen og Martin rangerer denne typen forhold mellom morsmål og målspråk som meir kompliserande enn ulikskapen som eksisterer mellom norsk og vietnamesisk. Vanskehierarkiet kan altså tene som forklaring på kvifor TB-gruppa har meir feildistribusjon enn VB-gruppa. Det er mogleg å sjå den ikkje-målspråkslike distribusjonen av preteritums- og perfektumsformer i TB-gruppa som ein naturleg konsekvens av ulikskapane mellom morsmål og målspråk, altså mellom tyrkisk og norsk. Vanskehierarkiet er styrkt gjennom min studie på to måtar. For det fyrste har prediksjonane denne andrespråksmodellen gjev slått til ved at eg har funne tilfelle av feildistribusjon. For det andre har eg funne støtte for rangeringa av kva for form-funksjonsforhold som gjev mest læringsvanskar. Kontrollgruppa har mindre

feildistribusjon i mellomspråkstekstane fordi læringa av uttrykk for fortidsreferanse og perfektumsinnhald ikkje medfører splitting for dei vietnamesiske innlærarane.

### 6.3 Oppsummering og drøfting av forskingsspørsmål 2

Forskingsspørsmål 2 er som fylgjer: Perfektum har ein semantisk og pragmatisk uklar funksjon - *Har TB-gruppa mest feildistribusjon av typen Fpret/presperf?*

Ein viktig føresetnad for forskingsspørsmål 2 er at ein ser på perfektum som ein kategori med ein 'pragmatisk og semantisk uklar funksjon' og at slike kategoriar er vanskelege å tileigne. Eg ser på perfektum på denne måten fordi 1) perfektum grammatikaliserer fleire typar innhald, 2) det ikkje er semje om kva som er det mest grunnleggjande innhaldet i kategorien og 3) den ofte har vorte behandla som ein tempuskategori sjølv om innhaldet er meir av aspektuell art. Preteritum har derimot ein klar semantisk og pragmatisk funksjon. Den grammatikaliserer tempus, og berre det. I tråd med Lund (1997) sin funksjonelle andrespråksmodell spør eg om det er meir feildistribusjon i perfektumskontekstar enn i preteritumskontekstar. Dette spørsmålet har berre blitt undersøkt på gruppenivå.

#### 6.3.1 Funn på gruppenivå

Analysen har vist at det er observert 29 tilfelle av Fperf/pret og 32 tilfelle av Fpret/perf. Dei absolutte tala seier likevel lite om kva for type feildistribusjon som er mest utbreidd. TB-gruppa har ein kollektiv feilkvote på 7 % i preteritumskontekstar og 34 % i perfektumskontekstar. Feilkvoten er altså 27 prosentpoeng høgare i perfektumskontekstar enn i preteritumskontekstar, og dei tyrkiske innlærarane i mitt materiale har slik sett mest feildistribusjon av typen Fpret/perf. På ein breiare basis har vi sett at berre 56 % av perfektumskontekstane i materialet var korrekt grammatisk markert mot 86 % av preteritumskontekstane. Desse analyseresultata kan vere ein indikasjon på at perfektumsinnhald er vanskelegare å grammatikalisere enn fortidsreferanse.

#### 6.3.2 Teoretiske implikasjonar

Slik eg tolkar analyseresultata i høve til forskingsspørsmål 2 meiner eg å ha funne støtte for Lund sin teori om at pragmatisk og semantisk uklare funksjonar er vanskelegast å lære. Men utifrå den innsikta eg har fått om verbsystemet i tyrkisk,

meiner eg at vanskane med å uttrykkje perfektumsinnhald ikkje berre kan forklarast utifrå kompleksiteten i den kategorien i målspråket som dei skal lære. Også form-funksjonstilhøve i morsmålet til innlærarane kan vere ei mogleg forklaring på kvifor innlærarane har mest feildistribusjon i perfektumskontekstar. I teorikapitlet kombinerte eg Lund (1997) og Stockwell m. fl. (1965). Dette har eg gjort fordi det etter mitt syn ser ut til å vere føremålstenleg å illustrere samspelet av faktorar i andrespråklæring. Rangeringa av ulikskapar frå 'korrespondanse' til 'splitting' i vanskehierarkiet (jf. 2.1.3) illustrerer meir av det komplekse i samanlikninga av morsmål og målspråk enn distinksjonen til Lund mellom 'kjente' og 'ukjente' kategoriar. Den omarbeidde modellen kan kanskje visualisere at funksjonell kompleksitet i både i morsmål og målspråk er medverkande faktorar for kva som vert vanskeleg for andrespråksinnlærarane å tileigne seg.

Det at andrespråksinnlærarar i mi undersøking ser ut til å ha meir problem med perfektumskategorien enn med preteritumskategorien kan kaste nytt lys over tidlegare forskning ikring "aspekt før tempus"-hypotesen. Mellom andre har Tenfjord (1997) sett fram ein hypotese som står i kontrast til den hypotesen eg sjølv har testa. Tenfjord har undersøkt om perfektum etablerer seg som grammatisk kategori tidlegare enn preteritum i mellomspråket til vietnamesiske språkinnlærarar. Sjølv om min og hennar studie på mange måtar ikkje er samanliknbare, oppsummerer Tenfjord med at ho har funne at perfektum er betre etablert enn preteritum hjå dei fleste informantane i materialet hennar (Tenfjord 1997:203). Likevel peikar ho også på at andre har kome fram til andre konklusjonar i høve til "aspekt før tempus"-hypotesen, mellom andre Kumpf (1984). Tenfjord meiner at perfektum vert tileigna før preteritum fordi grammatikalisering er avhengig av kommunikativ funksjon, og ein viktig del av grunnlaget for hypotesen hennar er at perfektum grammatikaliserer eit sjølvstendig innhald, medan preteritum sin funksjon kun er anaforisk. Men ho avgrensar prediksjonen av grammatikalisering av perfektum til berre å gjelde for perfektum sin grunnleggjande funksjon, som ho meiner er resultativ perfektum interessant i høve til analyseresultata som viser at innlærarane har grammatikalisert fortidsreferanse i større grad enn perfektumsinnhald. Dette resultatet er ikkje i tråd med all tidlegare forskning på dette området. den tydi samanlikninga av tyrkisk og norsk har vi sett at både resultativt perfektum, erfaringsperfektum og nær fortid-perfektum vert brukt i kontekstar der ein brukar både mİş-forma og DI-forma.

## 6.4 Oppsummering av forskingsspørsmål 3

Forskingsspørsmål 3 vart stilt fordi eg har hatt tilgang til både tyrkiske informantar som har bestått og informantar som ikkje har bestått Språkprøven. Dette spørsmålet er som følger: 31 av mine 51 tyrkiske informantar (TB-gruppa) har bestått Språkprøven, medan 20 (TIB-gruppa) ikkje har bestått. *Har TIB-gruppa meir feildistribusjon enn TB-gruppa?* Spørsmålet vart også stilt fordi det gjev meg høve til å diskutere om skiljet mellom "bestått" og "ikkje bestått" har nokon samanheng med eventuell feildistribusjon av preteritums- og perfektumsformer. Tidlegare hovudfagsavhandlingar har studert samanhengen mellom generell språkferdighet og meistring av morfologi. Det er såleis interessant om eg kjem fram til dei same konklusjonane.

### 6.4.1 Funn på gruppenivå

Framstillinga av analyseresultata har vist at TB-gruppa har feildistribuert preteritums- og perfektumsformer i 11 % av alle temporale kontekstar der det er mogleg. TIB-gruppa har ein feilkvote på 13 %. Feilkvoten hjå TIB-gruppa er altså 2 prosentpoeng større enn feilkvoten i TB-gruppa. Denne forskjellen er likevel mindre enn forskjellen på 7 prosentpoeng mellom feilkvote til TB-gruppa og VB-gruppa (7 prosentpoeng (jf. Forskingsspørsmål 1). Analyseresultatet på forskingsspørsmål 3 viser altså at tyrkiske informantar som ikkje har bestått Språkprøven har meir feildistribusjon enn informantar som har bestått, men utan å ha gjort greie for kva som er stor forskjell, meiner eg at forskjellen i feilkvote var mindre enn ein kunne forvente.

Eit anna resultat som kan vere interessant i samband med forskingsspørsmål 3 er at TIB-gruppa har grammatikalisert 72 % av preteritumskontekstane mot 86 % GM hjå TB-gruppa, og TIB-gruppa har vidare grammatikalisert 43 % av perfektumskontekstane (mot 56 % GM hjå TB-gruppa). Om forskjellane i feilkvote var liten når det galdt feildistribusjon tyder ikkje det at informantane som ikkje har bestått Språkprøven nødvendigvis meistrar tempusbruken elles. Dette resultatet kontekstualiserer hovudresultatet. Eg har til dømes observert 45 tilfelle av presensformer i preteritumskontekstar ("pres/pret") og 31 tilfelle av umarkerte presenskontekstar ("UM/pres"). TIB-gruppa har altså i større grad enn TB-gruppa problem med distinksjonen fortid/ikkje-fortid og det å grammatikalisere presenskontekstar.

Eli Moe har tidlegare sagt at "jo fleire inversjonsfeil, jo høgare nivå!". Slik sett har ho altså peikt på at det eksisterer ein samanhang mellom meistring av eit språktrekk og generell språkferdighet. Vikøy (2004) har funne den same tendensen. Det finst ein samanhang mellom inversjonsfeil og nivåplassering, meiner ho. Og det å meistra inversjonsregelen betyr noko for korleis språkinnlærarane vert vurderte på Språkprøven. Også i min studie har vi sett at dei som ikkje har bestått har meir feil enn dei som har bestått Språkprøven. Eg kan likevel ikkje sjå at denne samanhengen er så tydeleg at eg vil gjere eit stort poeng ut av dette. Det er i alle fall svært interessant dersom der ikkje var ein slik samanhang som Moe og Vikøy peiker på i høve til meistring av inversjon. Det er mogleg at skiljet bestått/ikkje-bestått ikkje er like utslagsgivande for tempusbruk som det er for andre fenomen. Dette kan eg tenkje meg å sjå vidare på ved eit seinare høve.

### **6.5 Ei drøfting av morsmålet si rolle**

Det underliggjande aksiomet for hypotesen og forskingsspørsmåla i denne studien er at morsmålet spelar ei rolle for andrespråklæring. Etter å ha studert verbsystemet og særskilt tempus-, aspekt- og modalitetssystemet i tyrkisk, har eg forventa at visse trekk vil påverke mellomspråket til tyrkiske innlærarar når det gjeld bruken av preteritum og perfektum. Meir spesifikt har eg forventa at eg vil finne feildistribusjon av preteritumsformer og perfektumsformer. Ifylgje Odlin (2003) er det naturleg at likskapar og forskjellar mellom språk har ført til at lærarar og forskarar har sett opp prediksjonar om både positiv og negativ morsmåloverføring (Odlin 2003:441). Dette har også eg gjort, men har kome til andre konklusjonar enn andre hovudfagsavhandlingar har gjort med tanke på ei styrking eller svekking av morsmålet som påverknadsfaktor i andrespråklæring. Wågønes (1999) som har skrive om samanhengen mellom meistring av morfologi og generell språkmeistring seier i sin konklusjon at "Kandidatenes morsmål har i denne undersøkelsen og for disse kandidatene ikke betydning for grad av morfologisk beherskelse" (Wågønes 1999:78). Dette er ein ganske sterk påstand, men i tråd med dette seier Leikvoll (1997), som studerer meistring av fortidssystemet i norsk, at ho ikkje har funne belegg på at morsmålet spelar ei rolle når det gjeld fortidsreferanse. Etter å ha undersøkt om vietnamesiske informantar gjer andre typar feil enn tyrkiske informantar konkluderer ho med at ho ikkje har funne belegg på dette. Denne konklusjonen står i kontrast til

det eg har observert i mitt materiale. Eg har mellom anna funne at VB-gruppa har meir problem med distinksjonen fortid/ikkje-fortid enn TB-gruppa. VB-gruppa gjer såleis "andre typer feil" enn dei tyrkiske. Også feildistribusjon av preteritums- og perfektumsformer, som eg har predikert utifrå studiet av tyrkisk, har vist seg å vere meir framtrekande hjå den tyrkiske informantgruppa enn hjå den vietnamesiske kontrollgruppa. Mine resultatet viser altså heilt andre tendensar enn det Wågønes (1999) og Leikvoll (1997) har funne i sitt materiale.

Det er mogleg at dei forskjellige resultata kan forklarast med at ein har brukt ulike tilnærmingar til morsmålet til norskinnlærarane. Når eg studerer Leikvoll si skildring av tyrkisk fortidssystem vert eg tvilande til om analysen hennar av tyrkisk er godt nok gjeunomarbeidd. For det fyrste er eg kritisk til at ho forstår tyrkisk som eit agglutinerande språk der "hver endelse bare har èn funksjon" (Leikvoll 1997:45). At dette ikkje er tilfelle har analysen av tyrkisk vist. Sjølv om bøyinga av orda skjer ved at endingar vert føygd til verbstamma tyder ikkje dette nødvendigvis at kvar ending berre har èin funksjon. Den komplekse mİş-forma grammatikaliserer som vist både tempus, aspekt og modalitet. For det andre er eg kritisk til noko av måten ho (indirekte) refererer til Brendemoen (1992). Det ser ut til at ho har henta dette frå hans kontrastive grammatikk (jf. mitt sitat av Brendemoen, kap. 1):

Tyrkisk "imperfektum" svarer alltid til norsk preteritum, men tyrkisk "perfektum" kan både tilsvare den sammensatte og den usammensatte fortiden på norsk. Dermed skulle en tro at det var et problem, både for lærere å forklare bruken, og for tyrkiske språkinnlærere å forstå når de skal bruke henholdsvis preteritum og perfektum, slik som i mitt testmateriale. (Leikvoll 1997:45)

Leikvoll viser her at ho er merksam på at det kan vere vanskeleg for tyrkiske innlærarar å tileigne seg preteritum og perfektum, men ho har altså ikkje forfulgt denne problematikken slik eg har gjort i min studie. Vidare ser det ut til at ho har oversett at det i tyrkisk ikkje berre er èi, men faktisk to former som har både fortids- og perfektumsinnhald. Slik eg ser det vil både det komplekse innhaldet både i DI- og i mİş-forma gjere at ein kan forvente feildistribusjon av preteritumsformer og perfektumsformer i mellomspråket til tyrkiske norskinnlærarar. Det er mogleg at Leikvoll har lagt litt for mykje vekt på dette sitatet av Hovdhaugen (1980): "Bøyningen av verbet i norsk er svært enkel, mens det tyrkiske verbet er svært formrikt. Men dette har liten betydning for tyrkere som skal lære norsk, og det er nokså få feil i tyrkeres bruk av norske verbalformer som kan forklares ut fra tyrkisk" (Hovdhaugen 1980:71 i Leikvoll 1997:46). Slik eg ser det kan ein med utgangspunkt i

ein grundig studie av tyrkisk påpeike at feildistribusjon av preteritums- og perfektumsformer kan forklarast med morsmålet.

Odlin (2003) viser til ei positiv metodisk utvikling innan andrespråksforskning når det gjeld forskning om tverrspråkleg påverknad, og ein av metodane som har gjeve framgang er studier som "relies on a comparison of how learners with two (or more) native languages do with regard to a target language structure present in one NL but absent in the other" (Odlin 2003:445). Det er ein fordel å ha tilgang til mellomspråksdata frå to eller fleire grupper av innlærarar som har forskjellig morsmålsbakgrunn, men med andre variablar felles. Dette forsterkar moglegheita til å kunne samanlikne korleis bestemte mønster i morsmålet kan føre til språkbruk som reflekterer morsmålspåverknad (Odlin 2003:445-446). I tråd med Odlin si forståing av styrken ved å bruke kontrollgruppe, vil eg hevde at denne type metodisk tilnærming til spørsmålet om morsmålet si rolle i andrespråkslæring er svært viktig. Å ha ei kontrollgruppe kan gje betre og andre resultat enn om ein berre studerer ei innlærarargruppe åleine.

## 7.0 Avslutning

Hovudføremålet med denne avhandlinga har vore å undersøke korleis temporalitet er grammatikalisert i morsmål, målspråk og mellomspråk. Etter å ha analysert mellomspråksmaterialet er dette mine hovudkonklusjonar:

- Den tyrkiske informantgruppa eg har studert har feildistribuert preteritums- og perfektumsformer i både preteritumskontekstar og perfektumskontekstar.
- Den tyrkiske informantgruppa i mitt materiale har relativt sett meir feildistribusjon enn den vietnamesiske kontrollgruppa.
- Den tyrkiske innlærargruppa eg har undersøkt har meir feildistribusjon i perfektumskontekstar enn i preteritumskontekstar.
- Norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål som ikkje har bestått Språkprøven har meir feildistribusjon enn innlærarar som har bestått Språkprøven.

Det mest sentrale analyseresultatet er at den tyrkiske informantgruppa har meir feildistribusjon enn den vietnamesiske kontrollgruppa. I mitt materiale gjer tyrkiske innlærarar andre typar feil enn dei vietnamesiske innlærarane. Dei ovannevnte resultatane kan tyde på at morsmålet kan påverke andrespråkslæring. Odlin (2003) har peikt på at bruken av kontrollgruppe styrkar det metodiske designet til eit prosjekt som fokuserer på morsmålet si rolle. Eg må likevel gjere merksam på at funna primært gjeld for det materialet eg har hatt til rådvelde og at eg ikkje trekkjer generelle konklusjonar om alle tyrkiska norskinnlærarar utifrå denne undersøkinga. Vidare har vi sett at datagrunnlaget ikkje eignar seg så godt som ein kunne ynskje til testinga av hypotesen eg har sett fram. På grunn av ulike oppgåveformuleringar er ikkje dataa samanliknbare, for ikkje alle tekstane motiverer til tempusbruk der feildistribusjon kan verte observert. Kanskje kunne andre tilnæringsmåtar til feildistribusjon i større grad kome fram til tydelege resultat på om og i kva grad tyrkiske språkinnlærarar har problem på dette området. Eg kunne mellom anna tenkt meg å gjere ei undersøking med ei kontrollgruppe med norskinnfødde informantar.

Fokuset på den tyrkiske morsmålsbakgrunnen har likevel vore av stor verdi for min eigen del. Arbeidet med tyrkisk har vore svært spennande, og på mange måtar har eg merka at det er i samanlikninga av språk mi verkelege interesse ligg. I tillegg meiner

eg det er svært viktig å analysere morsmålsbakgrunnen til innlærarane så grundig som mogleg for å kunne finne fram til dei mest interessante hypotesene om læringa av norsk som andrespråk.

*"Jeg håper dere kan høre som jeg klarte..."*

## Litteraturliste

- Aksu-Koç, Ayhan. 1986. "The acquisition of past reference in Turkish" i *Studies in Turkish Linguistics*. John Benjamins, Amsterdam.
- Aksu-Koç, Ayhan. 1988. *The acquisition of aspect and modality. The case of past reference in Turkish*. Cambridge university press, Cambridge.
- Bardovi-Harlig, Kathleen. 2000. *Tense and Aspect in Second Language Acquisition: Form, Meaning, and Use*. Blackwell Publishers, Michigan.
- Berggren, Harald og Kari Tenfjord. 1999. *Andrespråklæring*. Ad Notam Gyldendal, Oslo.
- Bhat, D.N.S. 1999. *The prominence of Tense, Aspect and Mood*. John Benjamins Publishing Company, Amsterdam/Philadelphia.
- Brautaset, Anne. 1996. *Inversjon i norsk mellomspråk. En undersøkelse av inversjon i stiler skrevet av innlærere med norsk som andrespråk*. Novus forlag, Oslo.
- Brendemoen, Bernt. 1990. "Tyrkisk-norsk kontrastiv grammatikk" (side 155-191) i Hvenekilde, Anne (red.) *Med to språk. Fem kontrastive språkstudier for lærere*. J.W. Cappelen's Forlag A/S, Oslo.
- Brendemoen, Bernt og Even Hovdhaugen. 1992. *Tyrkisk grammatikk*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Comrie, Bernard. 1985. *Tense*. Cambridge University Press. Cambridge.
- Comrie, Bernard. 1976. *Aspect*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Croft, William. 1990. *Typology and Universals*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Danbolt, Anne Marit Vesteraas. 2001. "Tekstbinding i minoritetselevens tekster" (s.15-50) i *NOA* 2001/23.
- Dik, 1997. i van Schaiik, Gerjan. 2001. "Periphrastic tense/aspect/mood" i Taylan, Eser Erguvanli. *The Verb in Turkish* (red). John Benjamins Publishing Company. Amsterdam/Philadelphia.
- Dyvik, Helge Julius Jakhelln. 1980. *Grammatikk og empiri – En syntaktisk modell og dens forutsetninger*. Universitetet i Bergen.
- Eckman, Fred R. "The Competence-Performance Issue in Second-Language Acquisition Theory: A debate." (side 3-16) i ) i Tarone, Elaine E., Susan Gass og Andrew D Cohen (red.) *Research Methodology in Second-Language Acquisition*. Lawrence Erlbaum Associates. Hillsdale, New Jersey.
- Eksempelhefte 2002. *Språkprøven i norsk for voksne innvandrere*. Folkeuniversitetet/Norsk språktest, Universitetet i Bergen.

- Ellis, Rod. 1994. *The study of Second Language Acquisition*. Oxford University Press, Oxford.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Færch, Claus, Kirsten Haastrup og Robert Phillipson. 1984. *Learner Language and Language learning*. Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag A.S. Copenhagen.
- Gass, Susan M. 1994. "The Reliability of Second-Langugae Grammaticality Judgments" (side 303-322) i Tarone, Elaine E., Susan Gass og Andrew D Cohen (red.) *Research Methodology in Second-Language Acquisition*. Lawrence Erlbaum Associates. Hillsdale, New Jersey.
- Hagen, Jon Erik. 2002. *Norsk grammatikk for andrespråklærere*. Ad Notam Gyldendal Norsk Forlag AS, Bergen.
- Hellevik, Ottar 2002. *Forskingsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Karrer, Irene Undheim. *Falske venner? En studie av preteritums- og perfektumsformene i tyske språkinnlæreres norsk mellomspråk*. Hovudfagsoppgåve ved Nordisk Institutt, Universitetet i Bergen.
- Lado, Robert. 1957. *Linguistics across cultures*. Applied Linguistics for Language Teachers. The University of Michican Press.
- Larsen-Freeman, Diane og Michael H. Long. 1991. *An introduction to second language acquisition research*. Longman, New York.
- Leather, Jonathan og Allan James. 1996. "Second Language Speech" (side 269-300) i Ritchie, William C. og Tej K. Bhatia. 1996. *Handbook of second language aqcuisition*. Academic Press, California.
- Leikvoll, Ruth Steinberg. 1997. *Voksne fremmedspråklige informanternes mestring av det norske fortidssystemet. En longitudinell undersøkelse*. Universitetet i Oslo.
- Lie, Svein. 1993. *Kontrastiv grammatikk - med norsk i sentrum*. Novus forlag, Oslo.
- Lund, Karen. 1997. *Lærer alle dansk på samme måte? En længdeundersøgelse af voksnes tilgegnelse av dansk som andetsprog*. Special-pædagogisk forlag, København.
- Lyons, J. 1977. *Semantics 2*. University Press, Cambridge.
- McLaughlin, Barry. 1987. *Theories of second language learning*. Arnold, London.
- Moens, M. 1987. *Tense, aspect and temporal reference*. PhD-thesis, University of Edinburgh.

- Nistov, Ingvild. 1991. *Mellomspråk og morsmål. Ei longitudinell undersøkning av trekk i norske mellomspråkstekstar skrivne av fire tyrkiske elevar.* i NOA nr.13 1991. Institutt for lingvistik og filosofi. Avdeling for norsk som fremmedspråk. Universitetet i Oslo.
- Nunan, David. 1996. "Research Methodology and applications" (side 349-371) i Ritchie, William C. og Tej K. Bhatia. 1996. *Handbook of second language acquisition.* Academic Press, California.
- Odlin, Terence. 2003. "Cross-Linguistic Influence" (s.437-486) i Doughty, Catherine J. og Michael H. Long *The handbook of Second Language Acquisition.* Blackwell Publishing.
- Pollard, Asuman Çelen og David Pollard. 1996. *Turkish – A complete course for beginners.* Contemporary Books, Illinois.
- Preston, Dennis. 1996 "Variationist Linguistics and Second Language Acquisition" (side 229-263) i Ritchie, William C. og Tej K. Bhatia. 1996. *Handbook of second language acquisition.* Academic Press, California.
- Randen, Gunhild Tveit. 1999. *Aspektualitet – En sammenlignende studie av norsk, russisk og russiske informanternes norske mellomspråk.* Nordisk institutt. Bergen.
- Ritchie, William C. og Tej K. Bhatia. 1996. "Second Language Acquisition: Introduction, Foundations, and Overview" (side 1-42) i Ritchie, William C. og Tej K. Bhatia. 1996. *Handbook of second language acquisition.* Academic Press, California.
- Sandvik, Margareth. 1989. "Vi får hva vi ber om...Om forholdet mellom oppgavelyd og tekststrategi" (s. 29-46) i NOA nr.10, Universitetet i Oslo.
- Schachter, Jacquelyn.1974. "An error in error analysis" (s.205-214) i *Language Learning*, vol.24, NOZ.
- Seliger, Herbert W. og Elana Shohamy. 1989. *Second Language Research Methods.* Oxford University Press.
- Sorace, Antonella. 1996. "The role of Acceptability Judgements in Second Language Acquisition Research" (side 375-405) i Ritchie, William C. og Tej K. Bhatia. 1996. *Handbook of second language acquisition.* Academic Press, California.
- Stockwell, Robert P., J. Donald Bowen og John W. Martin. 1965. *The grammatical structures of English and Spanish.* The University of Chicago Press.
- Tenfjord, Kari. 1997. *Å ha en fortid på vietnamesisk. En kasusstudie av fire vietnamesiske språkinnlæreres utvikling av grammatisk fortidsreferanse og perfektum.* HF, Universitetet i Bergen.
- Tenfjord, Kari. 1998. "Metodiske problemer i studiet av morsmålspåvirkning i

andrespråkstilegnelse.” i *Nordica Bergensia* nr.19 (s.27-49). Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

van Schaiik, Gerhan. 2001. ”Periphrastic tense/aspect/mood” i Eser Erguvanli Taylan *The Verb in Turkish* (red). John Benjamins Publishing Company, Amsterdam/Philadelphia.

Vikøy, Aasne. 2004. *Med italiensk som morsmål og norsk som målspråk. Ein typologisk basert studie av italienske informantar sitt tileigningsmønster av norsk subjektstvang og inversjon*. Hovudfagsoppgåve ved Nordisk Institutt, Universitetet i Bergen.

Vinje, Eiliv. 1989. *Forteljing og skriveopplæring*. Landslaget for norskundervisning / Cappelen. Oslo.

Woods, Authony, Paul Fletcher og Arthur Hughes. 1986. *Statistics in language studies*. Cambridge Textbooks in Linguistics, Cambridge.

Wågønes, Anne Sofie. 1999. *Riktig form = godt språk? Om sammenhengen mellom bøyingsmorfologi og generell språkferdighet*. Universitetet i Oslo.

## Appendiks



**Tabell A - Oversyn over oppgaveformuleringar**

	Prøvetids- punkt 1	Prøvetids- punkt 2	Prøvetids- punkt 3	Prøvetids-punkt 4	Prøvetids- punkt 5	Prøvetids-punkt 6
DEL 1	Jobbsøknad	Lapp om tapt lommebok	Personlig brev	Melding til forsikrings-selskap	Oppslag om fest	Jobbsøknad
DEL 2	Skriv en tekst om flytting	Skriv en tekst om nyheter	Skriv en tekst om din første jobb	Skriv en tekst om vennskap	Skriv en tekst om en forfatter (norsk eller utenlandsk) og om en bok han/hun har skrevet	Skriv en tekst om å kjøpe, selge og bruke ting om igjen
	Skriv en tekst om en person som har betydd mye for deg	Skriv en tekst om å treffe andre mennesker	Skriv en tekst om en sport du liker	Skriv en tekst om ditt møte med norsk kultur	Skriv en tekst om viktige verdier i livet	Skriv en tekst om barneopdragelse
	Skriv en tekst om et yrke	Skriv en tekst om hvordan du ønsker at framtida skal bli	Skriv dine tanker om det å bli gammel	Skriv en tekst om alkohol og alkoholvaner	Skriv en tekst om enn hyggelig opplevelse du har hatt	Skriv en tekst om forskjeller i samfunnet før og nå
					Skriv en tekst om en interesse du har	

**Tabell B - Kva for oppgaver har dei tyrkiske informantane svart på (TB-gruppa)?**

Informant	DEL 1	DEL 2
1B	Søknad	En person som har betydd mye for deg
2GB	"	"
3B	"	"
4B	"	"
5B	Lapp om tapt lommebok	En hyggelig opplevelse
6B	"	Framtiden
7B	"	"
8B	"	"
9B	"	"
10B	"	"
11B	"	"
12B	"	"
13B	Personleg brev	Min første jobb
14B	"	Å bli gammel
15B	"	"
16B	"	Sport
17GB	"	Min første jobb
18GB	Melding til forsikringsselskap	Norsk kultur
19B	"	Vennskap
20B	"	Alkohol og alkoholvane
21B	Oppslag om fest	En hyggelig opplevelse
22B	"	En bok
23B	"	En hyggelig opplevelse
24B	"	"
25B	"	En interesse
26B	Søknad	Barneoppdragelse
27B	"	Før og nå
28B	"	Barneoppdragelse
29B	"	"
30GB	"	Gjenbruk
31GB	"	Forskjeller før og nå

**Tabell C - Kva for oppgåver har dei tyrkiske informantane som ikkje har bestått svart på (TIB-gruppa)?**

Informant	DEL 1	DEL 2
32IB	Søknad	Et yrke
33IB	Ubesvart	Et yrke
34IB	Søknad	Å flytte
35IB	Søknad	Et yrke
36IB	Søknad	Å flytte
37IB	Søknad	Min store kjærlyghet
38IB	Søknad	Et yrke
39IB	Søknad	Å flytte
40IB	Søknad	En person som har betydd mye for meg
41IB	Lommebok	Å treffe andre mennesker
42IB	Lommebok	Nyheter
43IB	Lommebok	?
44IB	Lommebok	Fritid
45IB	Personlig brev	Å bli gammel
46IB	Personlig brev	Min første jobb
47IB	Oppslag om fest	En hyggelig opplevelse
48IB	Oppslag om fest	Norsk språk, jobb og Norge
49IB	Ubesvart	En hyggelig opplevelse
50IB	Søknad	Samfunnet før og nå
51IB	Søknad	Barneoppdragelse

**Tabell D – Kva for oppgåver har dei vietnamesiske informantane svart på (VB-gruppa)?**

Informant	DEL 1	DEL 2
A	Søknad om jobb	Vennskap
B	Etterlysing av tapt lommebok	Framtiden
C	"	Norsk kultur
D	"	Framtiden
E	Personleg brev	Min første jobb
F	Oppslag om fest	En hyggelig opplevelse
G	"	"
H	Søknad om jobb	Barneoppdragelse
I	"	En bok





Kandidatnr	Mellomspråkstekst	Verb	Adverbial	x-kontekst	Kon-tekst	For-tid	Presperf	Prät-perf	Notid/fra mtid	Gramm-mark	Perf-type				Avvikstype	Formfåll	Innholdsfell	
											M	U						den ideelle
1813	24-B-2	Jeg kunne veldig litt tysk.	kunne		x										B			
1814	24-B-2	Det hjalp ikke så mye.	hjalp		x										B			
1815	24-B-2	Vi brukte ofte finger språk eller tegne.	brukt		x										B		pretform	
1816	24-B-2	De var nok å bli venner.	var		x										B			
1817	24-B-2	Vi har brukt våre fridager i Istanbul.	har brukt		x								y		B	presperf/pret		
1818	24-B-2	Vi hadde det veldig fint.	hadde		x										B			
1819	24-B-2	Da var han sin oppgaver ferdig i Tyrkia.	var	da	x										B			
1820	24-B-2	kam han tilbake til Norge.	kam		x										B		pretinnhold	
1821	24-B-2																	
1822	24-B-2	Jeg har aldri tenkt å få hennes adressen eller telefonnummeret.	har tenkt					x			FM						presperf/pretperf	
1823	24-B-2	Fordi jeg kunne ikke skrive et engelsk brev eller ringe og snakke engelsk.	kunne skrive eller ringe		x										B			
1824	24-B-2	Jeg kunne ikke glemme han.	kunne glemme		x										B			
1825	24-B-2	Jeg har bestemt meg reise til England og lære engelsk språk og få kontakt med han.	har bestemt		x						FM		y		B	presperf/pret		
1826	24-B-2	Det var 1995.	var		x										A			
1827	24-B-2	da reiste jeg til England.	reiste	1995, da	x										A			
1828	24-B-2	Jeg bodde der for 1,5 år.	bodde	for 1,5 år	x										B			
1829	24-B-2	Jeg arbeidet som au pair og servitor.	arbeidet		x										B			
1830	24-B-2	Imidlertid studerte jeg engelsk i en språkcenter.	studerte	imidlertid	x										B			
1831	24-B-2	Når jeg følte meg	følte	når	x										B			
1832	24-B-2	at jeg kan klar med engelsk.	kan		x						FM				B	pres/pret		
1833	24-B-2	ville jeg finne hennes adresse.	ville finne		x										B			
1834	24-B-2	Jeg viste han sin selskapsnavn.	viste		x										B		pretform	
1835	24-B-2	Jeg har besøkt et internationalt fiskeblad i London.	har besøkt		x						FM		y		B	presperf/pret		
1836	24-B-2	Jeg har funnet gamle dagensblader i arkivet.	har funnet		x						FM		y		B	presperf/pret		
1837	24-B-2	Jeg brukte ca en dag for å finne en reklame fra han sin selskapsnavn.	brukte	ca en dag	x										B			
1838	24-B-2	Det var så spent.	var		x										B			
1839	24-B-2	Jeg har ringt han.	har ringt		x								y		B	presperf/pret		
1840	24-B-2	Det var stor overraskelse for han.	var		x										B			
1841	24-B-2	Han husket meg.	husket		x										B			
1842	24-B-2	Vi ringte flere ganger hverandre.	ringte	flere ganger	x										B		pretform	
1843	24-B-2	Det var 1997.	var/Ø	før jul	x										A			
1844	24-B-2	Han inviterte meg for jul til Norge.	inviterte		x										B			
1845	24-B-2	Nå vi er i 2001.	er	nå, i 2001				x			pres							
1846	24-B-2	Vi er gift med hverandre.	er gift					x			pres							
1847	24-B-2	Og vi har verdens fineste jente	har					x			pres							
1848	24-B-2	som er 2 år	er	2 år				x			pres							
2005	27-B-1	Tekst 253=27																
2006	27-B-1																	
2007	27-B-1	Del 1:																
2008	27-B-1																	
2009	27-B-1																	
2010	27-B-1	SØKNAD OM STILLINGEN SOM MEDARBEIDER SENTRALBORD I RESEPSJON																
2011	27-B-1																	
2012	27-B-1	Jeg viser at til anonsen	viser					x			pres							
2013	27-B-1	Jeg så på (avis).	så	Ø/adverbial		x					FM		2			pret/presperf	presinnhold	
2014	27-B-1	Jeg er gift.	er gift					x			pres							
2015	27-B-1	og har ett barn	har					x			pres							
2016	27-B-1	som 18 måneder	Ø					x			UM					Ø/pres		
2017	27-B-1	Jeg har vært i Norge i 3 år.	har vært	i 3 år		x					presperf		3	x				ACC?
2018	27-B-1	og gikk ca 900 timer på norsk kurs	gikk	ca 900 timer		x					FM			1		pret/presperf		ACC?
2019	27-B-1	Jeg gikk i universitetet i kjemi faget i Tyrkia.	gikk			x					FM			1		pret/presperf		
2020	27-B-1	og jeg har fått to diplomer som kjemiker og som kjemilærer.	har fått			x					presperf			2				

Kandidatnr	Mellomspråkstekst	Verbet	Adverbial	x-kontekst	Kon-tekst	For-tid	Presperf	Pre- perf	Notid/fra- mtid	Gram.mark	Perftype	M	U	Avvikstype	Formtel	Innholdsfelt	den ideelle		
2021	27-B-1	Jeg jobbet som resepsjonist på hotell i (sted) i Tyrkia om sommerferien	jobbet	om sommerferien			x			FM			1						
2022	27-B-1	(sted) er det mest kjendist turist sted i Tyrkia.	er gift						x	pres									
2023	27-B-1	Jeg jobbet ca 15 måned på (bedrift) i (sted).	jobbet	ca 15 måned			x			FM			1					ACTZUM	
2024	27-B-1	De finnes opplysninger om meg selv på CV.	finnes						x	pres									
2025	27-B-1	Jeg håper	håper						x	pres									
2026	27-B-1	at jeg skal få positiv svar.	skal få						x	pres								presinnhold	
2027	27-B-1																		
2028	27-B-1	Vennlig hilsen																	
2029	27-B-1																		
2030	27-B-1	Vedlegg: Attester, vitnemål og CV																	
2031																			
2032	27-B-2	Del 2.																	
2033	27-B-2																		
2034	27-B-2	Oppgave 3																	
2035	27-B-2	FØR OG NÅ																	
2036	27-B-2	TEKNOLOGI OG VI																	
2037	27-B-2	Samfunnet blir skiftet med tid.	blir skiftet						x	pres								presinnhold	
2038	27-B-2	Fordi vi må sette inn tida roten oss	må sette						x	pres								presinnhold	
2039	27-B-2	Alla ting skiftes.	skiftes						x	pres								presform, fin	
2040	27-B-2	For ca 50 år siden oppfinnes den ikke TV	oppfinnes	for ca 50 år siden				x		FM								pres/pretperf	
2041	27-B-2	Menneskene vet ikke	vet		x					FM				B				pres/pret	
2042	27-B-2	hva som skjer i verden.	skjer		x					FM				B				pres/pret	
2043	27-B-2	men i dag vet det alle ting	vet						x	pres									
2044	27-B-2	Hver dag oppfinnes den nye tinget i verden.	oppfinnes	Hver dag					x	pres								presinnhold	
2045	27-B-2																		
2046	27-B-2	Tidligere bruker vi brev for å kommunisere.	bruker	Tidligere	x					FM				A				pres/pret	
2047	27-B-2	I dag bruker vi mobiltelefon.	bruker	I dag					x	pres									
2048	27-B-2	Det er veldig nyttelig.	er						x	pres									
2049	27-B-2	For eksempel, vi reiser til hytta på fjell	reiser						x	pres									
2050	27-B-2	og den ødelegges bilen vår.	ødelegges						x	pres									
2051	27-B-2	Hva skal vi gjøre?	skal gjøre						x	pres								presinnhold	
2052	27-B-2	Hvordan finner vi å hjelpe?	finner						x	pres									
2053	27-B-2																		
2054	27-B-2	I dag har mye mennesker data hjemme	har	I dag					x	pres									
2055	27-B-2	Vi betaler nesten alle kvitering på internett med data	betaler						x	pres									
2056	27-B-2	og tjener tid.	tjener						x	pres									
2057	27-B-2																		
2058	27-B-2	Teknologi opp... de er billigste.	er						x	pres									
2059	27-B-2	For 50 år siden var mobiltelefon stor og veldig dyrt.	var	For 50 år siden	x					pret					A				
2060	27-B-2	mens den er liten og billig i dag.	er	I dag					x	pres									
2061	27-B-2																		
2062	27-B-2	Nye ting oppfinnes.	oppfinnes						x	pres									presinnhold
2063	27-B-2	livet er lettere.	er						x	pres									presinnhold
2064	27-B-2	Den skiftes ikke bare teknologi.	skiftes						x	pres									presinnhold
2065	27-B-2	og samfunnet blir skiftet.	blir skiftet						x	pres									presinnhold
2066	27-B-2	og vi skifter å trenge.	vi skifter						x	pres									presinnhold
2067	27-B-2																		
2068	27-B-2	Tidligere lever mennesker bare for å leve.	lever	Tidligere	x					FM				A				pres/pret	
2069	27-B-2	men vi lever luks for å leve i dag	lever	I dag					x	pres									presinnhold
2070	27-B-2	Livet er veldig fint.	er						x	pres									
2071	27-B-2	Hvorfor vanskelig å gjøre vi?	vanskelig						x	pres									presform, fin
2072	27-B-2																		
2073	27-B-2	I dag skiftes maten	skiftes	I dag					x	pres									presinnhold
2074	27-B-2	De nye "fast food" butikken åpnes i verden.	åpnes						x	pres									presinnhold
2075	27-B-2	Tida er veldig virkelig.	er						x	pres									
2076	27-B-2	Noe tida vi har ikke spise mat hjemme eller på restaurant nok tid.	har????	noe tida /nå for tiden					x	pres									
2077	27-B-2	Vi forbruker å klare moten	forbruker						x	pres									presform, fin presinnhold







# Samandrag

Hovudfagsavhandling

Nordisk institutt

Universitetet i Bergen

November 2004

Namn: Maria Elisabeth Moskvil

Rettleiar: Kari Tenfjord

Siderettleiar: Ingvild Nistov

Tittel: Temporalitet i morsmål, målspråk og mellomspråk

Hovudføremålet med denne avhandlinga har vore å undersøke korleis temporalitet er grammatikalisert i tyrkisk, norsk og mellomspråket til norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål. Som teoretisk ramme for undersøkinga har eg presentert mellomspråksteori, teori om temporalitet og ei samanlikning av tyrkisk og norsk. At morsmålet spelar ei rolle for andrespråklæring er eit grunnleggjande aksiom for denne avhandlinga. I presentasjonen av mellomspråksteori har eg lagt særleg vekt på to andrespråksmodellar som på forskjellig måte predikerer kva som medfører læringsvanskar for andrespråksinnlærarar. I teorien om temporalitet har eg gjort greie for kategoriane tempus, aspekt og modalitet og vidare presentert ein språktypologi som fokuserer på prominensen som ein av desse kategoriane kan ha i eit språk. Denne språktypologien brukar eg seinare for å klassifisere tyrkisk og norsk, og når eg skildrar dei to språka fokuserer eg på korleis fortidsreferanse og perfektumsinnhald er grammatikalisert.

På basis av samanlikninga av tyrkisk og norsk har eg sett fram fylgjande hypotese:

*Norskinnlærarar med tyrkisk som morsmål vil ikkje ha ein målspråkslik distribusjon av preteritumsformer og perfektumsformer. Ein vil finne preteritumsformer i perfektumskontekstar og perfektumsformer i preteritumskontekstar.* Denne hypotesen har eg testa ut på eit skriftleg mellomspråksmateriale som eg har fått tilgang til frå arkivet til Norsk språkstest. Hypotesen er testa ut ved å identifisere temporale kontekstar og sjå korleis desse er korrekt eller ukorrekt grammatisk markert ifylgje målspråksnorma.

Det har vist seg at dataa har visse svakheiter, men hovudresultatet er likevel at feildistribusjon av preteritums- og perfektumsformer finst i mellomspråket til dei tyrkiske norskinnlærarane eg har undersøkt. Vidare har analysen vist at feildistribusjon førekjem i større grad hjå dei tyrkiske informantane enn hjå den vietnamesiske kontrollgruppa.